

Bergensk i Bergenhus

- ei sosiolingvistisk oppfølgingsgransking av talemålet i Bergenhus bydel

Marianne Valeberg Nornes



Masteroppgåve i nordisk språk
Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske fag
Universitetet i Bergen

Mai 2011

TAKK

Ragnhild, du har vore ei god støtte gjennom heile arbeidsprosessen. Takk for grundig og strukturert rettleiing, og for at du alltid er tilgjengeleg for spørsmål. Takk til Helge, som stilte som tilleggsrettleiar i innspurten.

Utan informantane mine, kunne eg ikkje ha gjennomført dette prosjektet. Tusen takk til alle som velvillig stilte opp til intervju. Takk til rektor og avdelingsleiar på Rothaugen skule for god hjelp med ungdomsinformantane.

Takk til prosjektet *Dialektendringsprosessar* med Helge Sandøy i spissen, for økonomisk stønad, mange lærerike ekskursjonar og innhaldsrike tysdagsmøte. Ei spesiell takk går til Bente Selback, som alltid har full kontroll når det går litt rundt for oss andre. Takk til Edit Bugge for signifikanstesting.

Ei stor takk til Rosa Doublet, som har gjennomført dei aller fleste intervjua i det nye materialet mitt. Takk også til Tone Sandøy, som gjorde det siste intervjuet for meg.

Paul Meurer og Øystein Reigem, takk for at de har vore tilgjengelege både på telefon og e-post i kvardag, helg og ferie.

Marie, du har vore uunnverleg i innspurten. Takk for at du har delt nyttige erfaringar og fagleg kunnskap, for engasjementet og ikkje minst det gode humøret ditt.

Takk til Trond for korrekturlesing og Elianne for hjelp med omsetjing.

Takk til alle i sofakroken. De har gjort kvardagen på lesesalen triveleg og morosam, og er ein stor grunn til at eg kan sjå tilbake på masterstudiet som ei positiv oppleving. Ei spesiell takk til Hæge, korleis hadde vel påsken vore utan deg?

Til mamma og pappa – takk for at de har støtta meg i arbeidet, sjølv om dei i utgangspunktet ikkje var heilt einige i at det var lurt å slutta i fast jobb for å studera meir...

Nils-Petter, du redda masteroppgåva mi frå å forsvinna i eit stort datamaskinkrasj.

Takk til alle vennene mine utanfor lesesalen, som har lytta tolmodig, og forstått at masterinnspurten til tider kan vera altoppslukande.

Kristine. Det har vore godt å ha nokon å dela både oppturar og nedturar saman med. Takk for harde treningsøkter når det var nødvendig, og takk for at du har passa på væskeinntaket mitt det siste året.

Til slutt ei stor takk til Ole-Mathias, for at du alltid har hatt trua på både meg og prosjektet mitt, for at du alltid er utelukkande positiv, og for at du er den du er.

Bergen, 16. mai 2011
Marianne Valeberg Nornes

INNHALDSLISTE

TAKK.....	I
INNHALDSLISTE.....	II
OVERSIKT OVER KART, FIGURAR OG TABELLAR	VI
OVERSIKT OVER VEDLEGG	VIII
1 INNLEIING	1
1.1 Om prosjektet	1
1.1.1 Dialektendringsprosessar	1
1.1.2 Dette prosjektet	1
1.2. Problemstilling	2
1.3 Sosiolingvistikk.....	2
1.4 Relevant tidlegare forskning	4
1.4.1 Amund B. Larsen og Gerhard Stoltz: Bergens Bymål, 1912.....	4
1.4.2 Talemål hos ungdom i Bergen, TUB, 1978/79.	5
1.4.3 Agnete Nesse – Kollektiv og individuell variasjon i Bergensdialekten, 1994.....	5
1.5 Kapitteloversyn	6
2 BYEN OG SPRÅKET	7
2.1 By og bydel	7
2.1.1 Bergen	7
2.1.2 Bergenhus.....	7
2.1.3 Geografisk avgrensing.....	8
2.1.4 Demografi.....	8
2.1.5 Mobilitet.....	10
2.1.6 Bumønster og sosial struktur.....	11
2.1.7 Næringsliv og sysselsetjing	12
2.1.8 Skular	16
2.1.9 Kultur- og organisasjonsliv	16
2.2 Talemålet.....	17
2.2.1 Målføra i Hordaland	17
2.2.2 Bergensdialekten	17
2.2.2.A Indre forskjellar	18
2.2.3 Gramatikksskisse for bergensdialekten i Bergenhus bydel	19
2.2.3.A Fonologi.....	20
2.2.3.B Morfologi.....	22
2.3 Dei språklege variablane	26
2.3.1 Fonologiske variablar	27
2.3.2 Morfologisk variabel	29
2.3.3 Leksikalske variablar.....	29
2.3.4 To aksar	31
3 TEORI.....	32
3.1. Innleiing	32
3.2. Språkleg variasjon	32
3.2.1 Kva er variasjon?.....	32
3.2.1.A Lokalitet.....	32
3.2.1.B Alder	32

3.2.1.C Kjønn	33
3.2.1.D Sosial gruppe	33
3.2.2 Identitet.....	35
3.2.2.A Akkomodasjon.....	36
3.2.3 Nivellering.....	37
3.2.4 Indre faktorar for språkending	37
3.2.5 Ytre faktorar for språkending.....	39
3.3 Språk i endring	42
3.3.1 Innleiing	42
3.3.2 Språkending og spreining	43
3.3.2.A Frå innovasjon til endring.....	43
3.3.2.B Spreining.....	44
3.4 Språksamfunn.....	45
3.4.1 Diffuse og fokuserte språksamfunn.....	46
3.4.2 Normer og haldningar i språksamfunnet.....	47
3.4.3 Kva slags språksamfunn er Bergenhus?.....	49
3.5 Hypotesar	50
4 METODE	52
4.1 Longitudinelle studiar	52
4.1.1 Tilsynelatande eller verkeleg tid?.....	52
4.1.2 Trend- og panelstudiar.....	53
4.1.2.A Trendstudiar.....	54
4.1.2.B Panelstudiar	54
4.1.3 Denne undersøkinga	54
4.2 Kvantitativ eller kvalitativ?.....	55
4.2.1 Generelt	55
4.2.2 Denne undersøkinga	57
4.3 Informantane	57
4.3.1 Tilfeldig eller ikkje tilfeldig utval?	57
4.3.2 Utvalskriteria	58
4.3.3 Utveljinga av informantar	60
4.4 Data	63
4.4.1 Generelt	63
4.4.2 Denne undersøkinga	64
4.4.2.A Intervjusituasjonen	64
4.4.2.B Samtaledelen.....	65
4.4.2.C Paroppgåver/språkoppfatningar	67
4.4.2.D Bilettest.....	68
4.5. Handsaming av materialet.....	68
4.5.1 Transkripsjon.....	68
4.5.2 Lytting og merking.....	69
4.5.3 Utrekning.....	69
4.6 Diskusjon av ulike sider med den valde metoden	69
4.7 Reliabilitet og validitet	71
5 RESULTAT	73
5.1 Innleiing	73
5.2 Språk og opptaksår	74
5.2.1 Variabel 01: <kj>-lyden	74

5.2.2 Variabel 02: <sj>-lyden.....	75
5.2.3 Samanfall.....	75
5.2.4 Variabel 03: Lang æ/e framfor r.....	76
5.2.5 Variabel 04: Trykklett er-/ar i utlyd i substantiv fleirtal og verb presens.....	77
5.2.6 Variabel 05: Dei personlege pronomena 1. person eintal objektsform, 2. person eintal objektsform og det refleksive pronomenet.....	77
5.2.7 Variabel 06: Det personlege pronomenet i 1. person eintal subjektsform.....	77
5.2.7.A V06a. Trykksvak posisjon.....	78
5.2.7.B V06b. Trykksterk posisjon.....	78
5.2.8 Variabel 07: Nektingsadverbet.....	78
5.2.9 Variabel 08: Determinativen.....	79
5.2.10 Akse 1 - høgstatusformer eller lågstatusformer?.....	79
5.2.11 Resultat i høve til hypotese 1.....	80
5.3 Språk og livsfase.....	80
5.3.1 Innleiing.....	80
5.3.2 Variabel 01: <kj>-lyden.....	81
5.3.3 Variabel 02: <sj>lyden.....	82
5.3.4 Variabel 03: Lang æ/e framfor r.....	83
5.3.5 Variabel 04: Trykklett er-/ar i utlyd i substantiv fleirtal og verb presens.....	84
5.3.6 Variabel 05: Dei personlege pronomena 1. person eintal objektsform, 2. person eintal objektsform og det refleksive pronomenet.....	85
5.3.7 Variabel 06: Det personlege pronomenet i 1. person eintal subjektsform.....	86
5.3.7.A V06a. Trykksvak posisjon.....	86
5.3.7.B V06b. Trykksterk posisjon.....	87
5.3.8 Variabel 07: Nektingsadverbet.....	88
5.3.9 Variabel 08: Determinativen.....	89
5.3.10 Akse 1 – høgstatusformer eller lågstatusformer?.....	90
5.3.11 Akse 2 – yngre eller eldre former?.....	91
5.3.12 Resultat i høve til Hypotese 2.....	91
5.4 Språk og kjønn.....	92
5.4.1 Innleiing.....	92
5.4.2 Akse 1 – høgstatusformer eller lågstatusformer?.....	92
5.4.4 Resultat i høve til Hypotese 3.....	92
5.5 Språk og sosialgruppe.....	94
5.5.1 Akse 1 – høgstatusformer eller lågstatusformer?.....	94
5.5.2 Resultat i høve til hypotese 4.....	94
5.6 Språk og årsklassar.....	95
5.6.1 Innleiing.....	95
5.6.2 Akse 2 – yngre eller eldre former?.....	95
5.6.3 Resultat i høve til hypotese 5.....	95
5.7 Språk på individnivå. (Panelinformantane.).....	96
5.7.1 Innleiing.....	96
5.7.2 Panelinformant M4.....	96
5.7.2.A Språket til M4 dei siste 30 åra.....	97
5.7.3 Panelinformant M5.....	98
5.7.3.A Språket til M5 dei siste 30 åra.....	98
5.7.4 Panelinformant K6.....	99
5.7.4.A Språket til K6 dei siste 30 åra.....	100
5.7.5 Resultat i høve til hypotese 6.....	100

6 DRØFTING AV RESULTAT	102
6.1 Innleiing	102
6.2 Språk og opptaksår	102
6.3 Språk og livsfasar	104
6.3.1 Livsfasar og livsfasespråk	106
6.3.2 Livsløpsendringar	107
6.4 Språk og kjønn	108
6.5 Språk og sosialgruppe	110
6.6 Språk og årsklassar	112
6.7 Retninga på språkutviklinga	113
6.7.1 Innleiing	113
6.7.2 Indre faktorar	113
6.7.3 Mogelege påverknadskjelder	114
6.7.3 I kva for grupper ser me endringane?	116
7 AVSLUTNING	117
7.1 Oppsummering av arbeidet	117
7.2 Vidare arbeid	117
LITTERATURLISTE	120
Vedlegg 1: Informasjonsskriv til panelinformantane	123
Vedlegg 2: Informasjonsskriv til trendinformantane	124
Vedlegg 3: Dialektbakgrunn, elevar	126
Vedlegg 4: Samtalegaid	127
Vedlegg 5: Samtalegaid (ekstra til elevane)	131
Vedlegg 6: Kart frå folkelingvistisk del	133
Vedlegg 7: Bileta frå bilettesten	134
Vedlegg 8: Samtykkeskjema for ungdomsskuleelevar	135
Vedlegg 9: Samtykkeskjema for vaksne informantar	137
Vedlegg 10: Spørjeskjema om personopplysningar	138
Vedlegg 11: Logg	140
Vedlegg 12: Barlindhaug 2010, områdeinndeling i Bergen	141
Vedlegg 13: Dei språklege variablane i denne undersøkinga	142
Vedlegg 14: Informantane sitt nummer i Talebanken	143
Vedlegg 15: Statistikk på individnivå	144
Vedlegg 16: Alle variablar etter livsfase og kjønn. 2010/11	157
Vedlegg 17: Notat om inndeling i sosialgrupper i TUB	159
Vedlegg 18: Flyttestatistikk i Bergen. Tabell A og B.	161
Vedlegg 19: Oversikt over fonemsamanfall i V01 og V02	162
Vedlegg 20: Livsløpsendringar i Årsklasse III	163
SAMANDRAG	164
ABSTRACT	165

OVERSIKT OVER KART, FIGURAR OG TABELLAR

Kart 1: Bergen kommune	7
Kart 2: Bergenhus bydel med grunnkrinsar.	8
Kart 3: Bergenhus bydel med grunnkrinsar. Detaljkart Bergen sentrum.	8
Tabell 1: Oversyn over sysselsette 16 – 74 år etter pendlarstatus. Bergenhus. 2001.....	15
Tabell 2: Oversyn over innpendlarar. Bergenhus.....	15
Tabell 3: Oversyn over utpendlarar. Bergenhus.....	16
Tabell 4: Tradisjonelle høg- og lågstatusvariantar i bergensk.	19
Tabell 5: Foneminventaret	20
Tabell 6: Konsonantinventaret	20
Tabell 7: Substantivbøying.....	22
Tabell 8: Verb. Svak bøying.	23
Tabell 9: Verb. Sterk bøying.....	24
Tabell 10: Adjektiv.....	25
Tabell 11: Personlege pronomen.....	25
Tabell 12: Påpeikande pronomen.....	25
Tabell 13: Fordeling av variablane innanfor dei to aksane.	31
Tabell 14: Mønster for individuell og kollektiv endring.....	53
Tabell 15: Inndeling etter livsfasar.....	58
Tabell 16: Inndeling etter årsklassar.	59
Tabell 17: Informantoversikt.....	59
Tabell 18: Framstilling av informantane etter livsfase og årsklasse.	60
Tabell 19: Signifikansgrenser.....	73
Tabell 20: Inndeling av variantar til signifikanstesting.....	73
Tabell 21: Variabel 01. Etter opptaksår. Skåring i prosent (og belegg).....	74
Tabell 22: Variabel 02. Etter opptaksår. Skåring i prosent (og belegg).....	75
Tabell 23: Belegg medsamantfall i V01 og V02. Skåring i prosent (og belegg).	76
Tabell 24: Variabel 03. Etter opptaksår. Skåring i prosent (og belegg).....	76
Tabell 25: Variabel 04. Etter opptaksår. Skåring i prosent (og belegg).....	77
Tabell 26: Variabel 05. Etter opptaksår. Skåring i prosent (og belegg).....	77
Tabell 27: Variabel 06a. Etter opptaksår. Skåring i prosent (og belegg).....	78
Tabell 28: Variabel 06b. Etter opptaksår. Skåring i prosent (og belegg.).....	78
Tabell 29: Variabel 07. Etter opptaksår. Skåring i prosent (og belegg).....	78
Tabell 30: Variabel 08. Etter opptaksår. Skåring i prosent (og belegg).....	79
Tabell 31: Akse 1. Etter opptaksår. Skåring i prosent (og belegg).	79
Tabell 32: Variabel 01. Etter livsfase og opptaksår. Skåring i prosent (og belegg).....	81
Tabell 33: Variabel 02. Etter livsfase og opptaksår. Skåring i prosent (og belegg).....	82
Tabell 34: Variabel 03. Etter livsfase og opptaksår. Skåring i prosent (og belegg).....	83
Tabell 35: Variabel 04. Etter livsfase og opptaksår. Skåring i prosent (og belegg).....	84
Tabell 36: Variabel 05. Etter livsfase og opptaksår. Skåring i prosent (og belegg).....	85
Tabell 37: Variabel 06a. Etter livsfase og opptaksår. Skåring i prosent (og belegg).....	86
Tabell 38: Variabel 06b. Etter livsfase og opptaksår. Skåring i prosent (og belegg).....	87
Tabell 39: Variabel 07. Etter livsfase og opptaksår. Skåring i prosent (og belegg).....	88
Tabell 40: Variabel 08. Etter livsfase og opptaksår. Skåring i prosent (og belegg).....	89
Tabell 41: Akse 1. Etter livsfase og opptaksår. Skåring i prosent (og belegg).	90
Tabell 42: Akse 2. Etter livsfase og opptaksår. Skåring i prosent (og belegg).	91
Tabell 43: Akse 1. Kjønnfordeling i 2010/11. Skåring i prosent (og belegg).	92
Tabell 44: Akse 1. Kjønnfordeling etter livsfasar. 2010/11. Skåring i prosent (og belegg)...	92

Tabell 45: V03. Etter kjønn. 2010/11. Skåring i prosent (og belegg).....	93
Tabell 46: Akse 1. Etter opptaksår og sosialgruppe. Skåring i prosent (og belegg).	94
Tabell 47: Akse 2. Årsklasseinndeling.	95
Tabell 48: Alle variablane etter opptaksår. Skåring i prosent (og belegg).....	96
Tabell 49: Alle variablane etter opptaksår. Skåring i prosent (og belegg).....	98
Tabell 50: Alle variablane etter opptaksår. Skåring i prosent (og belegg).....	99
Tabell 51: Mogelege påverknadskjelder, dei nye formene.	114
Tabell 52: Mogeleg påverknadskjelder, lågstatusformene i framgang.	115
Figur 1: Folketal Bergen kommune 1910 - 2010	9
Figur 2: Folketal Bergenhus 1980 - 2010.....	9
Figur 3: Folkemengd etter alder. 2001. Prosent	10
Figur 4: Oversikt over flyttestraum til sentrum.....	11
Figur 5: Privathushald etter hushaldstype og område. 2011. Prosent.	12
Figur 6: Sysselsetjing etter næring, 2001.	14
Figur 7: Sysselsetjing etter næring, 1980.	15
Figur 8: Språkendringsprosessen	44
Figur 9: Utviklinga av samanfallet mellom lydane <sj> og <kj>	45
Figur 10: Innflyttarar livsfase I, Rothaugen skule, 2010.....	60
Figur 11: Innflyttarar i aldersgruppene eldre og middelaldrande, 2010/11.	62
Figur 12: Belegg med samanfall i V01 og V02.	76
Figur 13: Fordeling av høgstatus- og lågstatusformer i Akse 1. Etter opptaksår.....	79
Figur 14: Variabel 01. Etter livsfase og opptaksår.....	81
Figur 15: Variabel 02. Etter livsfase og opptaksår.....	82
Figur 16: Variabel 03. Etter livsfase og opptaksår.....	83
Figur 17: Variabel 04. Etter livsfase og opptaksår.....	84
Figur 18: Variabel 05. Etter livsfase og opptaksår.....	85
Figur 19: Variabel 06a. Etter livsfase og opptaksår.....	86
Figur 20: Variabel 06b. Etter livsfase og opptaksår.....	87
Figur 21: Variabel 07. Etter livsfase og opptaksår.....	88
Figur 22: Variabel 08. Etter livsfase og opptaksår.....	89
Figur 23: Akse 1. Etter livsfase og opptaksår.	90
Figur 24: Akse 2. Etter livsfase og opptaksår.	91
Figur 25: Akse 1. Kjønnfordeling etter livsfasar. 2010/11.....	93
Figur 26: Akse 1. Etter opptaksår og sosialgruppe.	94
Figur 27: Akse 2. Årsklasseinndeling.	95

OVERSIKT OVER VEDLEGG

- Vedlegg 1:** Informasjonsskriv til panelinformantane
- Vedlegg 2:** Informasjonsskriv til alle informantane
- Vedlegg 3:** Dialektbakgrunn, elevar
- Vedlegg 4:** Samtalegaid
- Vedlegg 5:** Samtalegaid (ekstra til elevane)
- Vedlegg 6:** Kart frå folkelingvistisk del
- Vedlegg 7:** Bileta frå bilettesten
- Vedlegg 8:** Samtykkeskjema for ungdomsskuleelevar
- Vedlegg 9:** Samtykkeskjema for vaksne informantar
- Vedlegg 10:** Spørjeskjema om personopplysningar
- Vedlegg 11:** Logg
- Vedlegg 12:** Barlindhaug, 2010, områdeinndeling i Bergen
- Vedlegg 13:** Dei språklege variablane i denne undersøkinga
- Vedlegg 14:** Informantane sitt nummer i Talebanken
- Vedlegg 15:** Statistikk på individnivå
- Vedlegg 16:** Alle variablar etter livsfase og kjønn, 2010/11
- Vedlegg 17:** Notat om inndeling i sosialgrupper i TUB
- Vedlegg 18:** Flyttestatistikk i Bergen. Tabell A og B
- Vedlegg 19:** Oversikt over fonemsamanfall i V01 og V02
- Vedlegg 20:** Livsløpsendringar i Årsklasse III


1 INNLEIING

1.1 Om prosjektet

1.1.1 Dialektendringsprosessar

Dialektendringsprosessar er eit prosjekt som vart sett i gang ved Universitetet i Bergen i 2008. Det overordna målet med prosjektet er å ”utvikle innsikt i moderne dialektendringsprosessar og forholdet mellom språkending og samfunnsending” (Sandøy, *Dialektendringsprosessar*, 2010).

Med dette prosjektet skal ein studera språkendingar i verkeleg tid, ved å gjera nyinnsamlingar på stader der ein tidlegare har samla inn lydmateriale i andre talemålsprosjekt. For kvar stad samlar ein inn data som kan beskriva a) samfunnsmessige og sosiale endringar i kommunen/bygdene/bydelane, og b) endringar i språkbruk, språkhaldningar og språkleg bevisstheit. Når det gjeld det siste punktet, byggjer prosjektet på denne modellen for relevante språkdata:



Prosjektet har dermed tre typar gjensidig uavhengige språklege datasett til bruk for analysen av dei fem språksamfunna:

- 1) språkbruksdata – innsamla ved lydopptak
- 2) (bevisste) førestellingar om språk og dialektar – innsamla ved hjelp av intervju og rangering
- 3) underbevisste haldningar til språk – innsamla ved hjelp av testar

Det skal samlast inn nytt språkleg materiale frå fem ulike plassar på Vestlandet. Dette skal transkriberast og digitaliserast, og seinare jamførast med eldre materiale frå dei same fem plassane. Slik kan ein få ei oversikt over språkendingar i verkeleg tid.

1.1.2 Dette prosjektet

Prosjektet mitt er ein del av *Dialektendringsprosessar*. Eg har valt å gjera ei sosiolingvistisk gransking som skal ta føre seg språkleg variasjon og endring i talemålet i Bergenhus bydel, det vil seia Bergen sentrum, i Bergen kommune. Det er nokre tiår sidan sosiolingvistikken etablerte seg som vitskapleg disiplin, og det er no mogeleg for oss å gå tilbake til stader der

det har vore gjort talemålsgranskingar tidlegare, for å finna ut korleis språket har endra seg over ein generasjon. Sidan det vart gjort ei stor talemålsgransking i Bergen allereie på 70-talet, *Talemål hos ungdom i Bergen* (TUB), har eg no mogelegheit til å bruka dataa frå denne granskinga til å gjera ein oppfølgingsstudie, eller ein longitudinell studie.

1.2. Problemstilling

I prosjektet mitt skal eg bruka fleire variablar, både språklege og sosiale, som skal sjåast i lys av kvarandre. Dette skal munna ut i ein deskriptiv del, der eg handsamar data, og ein forklarande del, der eg ser dette opp mot samfunnsmessige endringar.

Eg har to hovudproblemstillingar for denne undersøkinga. Den fyrste er ei deskriptiv problemstilling, og den andre er forklarande.

1. Korleis har språket i Bergen endra seg i løpet av dei siste 30 åra?

Ved å jamføra materialet frå TUB med mitt eige skal eg prøva å finna ut kva som har skjedd sidan TUB vart gjennomført i 1978. Eg ynskjer mellom anna å finna ut korleis språket til panelinformantane har endra seg (diakron endring på individnivå), og korleis skilnaden mellom språket til dei ulike livsfasane er i dag (synkron variasjon). Eg kan også finna ut om det er skilnad på språket til dei ulike livsfasane i dag, i forhold til korleis det var i TUB (diakron endring på gruppenivå). Til slutt ynskjer eg også å sjå på utviklinga til språkdraga over tid (diakron endring), ved å bruka ei årsklasseinndeling. Undersøkinga er gjennomført i verkeleg tid, og kan difor gi eit bilete på om språket har endra seg.

2. Korleis kan dei eventuelle endringane forklarast?

Kan ein finna indre eller ytre forklaringar? Seinare i oppgåva vil eg visa korleis ein kan forklara Bergenhus som eit språksamfunn, og ved hjelp av teori vil eg saman med dei faktiske funna prøva å forklara dei eventuelle språkendringane i Bergenhus bydel.

1.3 Sosiolingvistik

Sosiolingvistikken er relativt ny som eigen fagdisiplin. Når ein arbeider med sosiolingvistik, arbeider ein også tverrvitskapeleg, i eit grenseområde mellom språkvitskapen på den eine sida, og samfunnsvitskapen på den andre. Ein kan plassera sosiolingvistikken i eit skjeringspunkt mellom lingvistik, psykologi, sosialantropologi og sosiologi (Venås, 1991, s. 15).

Mange reknar den amerikanske språkgranskaren William Labov som grunnleggjaren av den moderne sosiolingvistikken. Han granska talemålet i New York tidleg på 1960-talet, og la særleg vekt på samanhengen mellom språkleg og sosial variasjon. Nettopp dette med å studera sosial variasjon er ifylgje Akselberg sjølve kjernen i sosiolingvistikken (Akselberg, 2006b). Der dei klassiske dialektologane hovudsakleg var opptekne av å presentera dialektane som heilskaplege og homogene system, vart det i sosiolingvistikken viktig å studera synkron talemålsvariasjon, og at språket er eit heterogent system (s.st.).

Dialektologane var historisk orienterte, og ofte var målet deira å finna fram til det dei såg på som det ekte målføret på dei stadene som vart undersøkte, i eit diakront, historisk perspektiv. Resultatet vart at dei søkte det gamle, arkaiske talemålet, og undersøkte eldre personar som hadde levd i eit stabilt språkmiljø heile livet, utan nokon språkleg påverknad utanfrå. Slik vart det mest dei gamle bygdemåla som var gjenstand for dialektologane si merksemd, og dei meir ustabile og varierende bymåla fekk mindre fokus. Eit viktig unntak frå denne regelen er språkgranskaren Amund B. Larsen. Han var, som dei fleste andre språkgranskarar i samtida, oppteken av lydlover og språklege strukturar, men han var også av den oppfatninga at språket ikkje berre veks etter faste reglar, men at psykologiske og sosiale faktorar også kan spela ei stor rolle i språkutviklinga. Larsen gjorde studiar av bymåla i Oslo, Bergen og Stavanger (jf. kapittel 1.4.1). Her såg han på det eigentlege talemålet i bysamfunnet, men såg det i samheng med det høgare talemålet i kvar by. Slik inkluderte han også den sosiale dimensjonen i studiane sine (Venås, 1991).

Ein kan på mange punkt hevda at sosiolingvistikken representerte eit brot med dialektologien. Men det er også eit poeng at dialektologien, som også omfatta studiar av talemål, er den fagdisiplinen som er mest nærliggande å sjå sosiolingvistikken på bakgrunn av (Mæhlum, 1996). Mæhlum legg vekt på kontinuiteten med den klassiske dialektologitradisjonen i Noreg. Ho hevdar at dei tradisjonelle dialektologiske granskingane ofte har hatt ein sterk sosial dimensjon, og trekkjer mellom anna fram enkeltstående dialektologar som ho kallar pre-sosiolingvistar (Mæhlum, 1996:182). Her nemner ho Amund B. Larsen, Anders Steinsholt, som studerte korleis eit bygdemål gradvis vert fortrent av eit bymål (1964 og 1973), og Odd Nordland si undersøking av sosialt betinga språkforskjellar blant oslobarn (1954). Til slutt peikar Mæhlum også på at ein kunne sjå ei dreining i tilnærminga til talemål i dei dialektologiske granskingane, der den historiske dimensjonen fekk ein meir sekundær status og dei synkrone dimensjonane til talemålet vart viktigare (s.st.).

Med sosiolingvistikken vart altså fokuset for talemålsgranskinga flytt frå den homogene til den heterogene sida ved talespråket. Det vart vanleg å studera språklege variablar som

representerer talespråkleg variasjon, og ein fekk no eit meir synkront perspektiv (Akselberg, 2006b). Lenge var det den labovske forskingstradisjonen som dominerte. Labov la vekt på å samla inn eit mest mogeleg representativt utval innanfor ein gitt populasjon. Han fokuserte på den sosiale fellesskapen og brukte difor mest mogeleg objektivt definerte sosiale grupper som utgangspunkt for å studera språket. Etter kvart kom også andre tilnæringsmåtar til. Ein såg at fleire var interesserte i enkeltindividet og kommunikasjonen mellom individ, og slik kom det fleire kvalitative undersøkingar til. Her nemner Mæhlum den interaksjonelle sosiolingvistikken, gjerne knytt til namn som John J. Gumperz, som ein motpol til den labovske forskingstradisjonen. Her er det den individuelle språkbrukaren som står i fokus, ein studerer individet sine språklege strategiar og kva for eventuelle psykologiske og sosiale mekanismar som kan ha motivert dei verbale strategiane. Innanfor denne tradisjonen er det den kvalitative og hermeneutiske tilnæringsmåten som dominerer (Mæhlum, 1996).

1.4 Relevant tidlegare forskning

1.4.1 Amund B. Larsen og Gerhard Stoltz: Bergens Bymål, 1912.

Dialektologen Amund B. Larsen var også interessert i talespråkleg variasjon, og då spesielt skilnaden mellom det høge og det låge talemålet i byane. Saman med bergensaren Gerhard Stoltz undersøkte han dei to ulike talemålsvarietetane i Bergen, og skreiv *Bergens Bymål* i 1912. Sjølv om mykje av undersøkinga er ei tradisjonell dialektologisk beskriving av dialekten, har Larsen også synspunkt på individuell variasjon, og skriv mellom anna dette:

[...] varierende som talen er endog hos den enkelte person efter stemningen og omstendighederne, og går snart litt over snart litt under delelinjen efter befolkningens kår – skal vi uttale, at vulgærsproget i alminnelighet og i sine hovedtræk er at finde hos dem som verken selv har hat anden boklig almindelse end folkeskolens eller har tænkt på at skaffe sine børn nogen anden (Larsen & Stoltz, 1912, s. 20).

Granskinga til Larsen og Stoltz kan sjåast som eit sosiolingvistisk pionerarbeid, kanskje spesielt fordi dei interesserte seg for variasjon og korleis individuell variasjon kunne vera avhengig av til dømes situasjonen og talaren sin sosiale status. Larsen kunne konkludera med at skilnaden mellom dei to statusprega varietetane i Bergen var heller liten. Han var tydeleg på at Bergen hadde eitt felles bymål, men var heller dystert i sine spådommar om utviklinga:

Endnu er det mål som indfødte bergensere taler ett mål, og kan således hete Bergens bymål. Men det har i det sidste århundrede været under sterk påvirkning av nedbrytende kræfter, som sagtens har vendt op ned på endnu langt mere end vi vet av, i de sproglige forhold. Det som for 100 eller blot 50 år siden var høi, ædel stil, er nu ofte naragtig, det som var lavt og simpelt, er hver dag brukelig, selv i de mest nøieregnendes mund (Larsen & Stoltz, 1912, s. 273).

1.4.2 Talemål hos ungdom i Bergen, TUB, 1978/79.

Talemål hos ungdom i Bergen, også kalla TUB, var eit prosjekt som hadde som mål å ”undersøke utviklinga i bergensmålet og variasjonen i talemålet hos ungdomen” (Myking, 1983b). Denne undersøkinga er ein av dei største talemålsgranskingane som har vore gjennomført i Noreg, og lydmaterialaet vart samla inn i tidsrommet 1978 – 1979.

Dei 92 ungdomsinformantane i TUB er fødde i tidsrommet 1962 – 1964, og dei gjekk på ungdomsskulen då opptaka vart gjorde. Dei var fordelte på desse åtte bydelane i Bergen kommune: Bergen sentrum, Laksevåg, Fyllingsdalen, Fana sentrum, Ytre Fana, Indre Arna, Ytre Arna og Åsane. Krava som vart sette til ungdomsinformantane, var at dei måtte ha budd heile livet i den bydelen dei skulle representera, og ha gått på grunnskule der. Mødrene deira måtte også vera fødde og oppvaksne i det som var Bergen på det tidspunktet. For å kunna jamføra yngre og eldre bergensdialekt gjorde ein også opptak med 12 eldre informantar som var fødde i 1908-1909 i Bergen sentrum. Desse var oppvaksne i Bergen sentrum og hadde foreldre som òg var fødde og oppvaksne der. Informantane var like mange av kvart kjønn, og dei var delte inn etter tre sosiale variablar: kjønn, alder og sosioøkonomiske klassar.

Det vart gjort tre ulike typar opptak med informantane:

1) **Samtaleopptak** der to informantar snakka saman med ein prosjektmedarbeidar som leiar. I desse opptaka snakka informantane mest om kinofilmar, fjernsynsprogram og skule.

Intervjuaren var heller passiv og stilte berre spørsmål dersom samtalen stoppa heilt opp. Dei to informantane var av forskjellig kjønn, men frå same bydel og sosialgruppe.

Prosjektmedarbeidaren snakka nordfjorddialekt.

2) **Fellesopptak** der kvar informant las ein tekst og svarte på spørsmål om ordformer og språkhaldningar.

3) **Gruppeopptak** der fire informantar snakka saman. Dette opptaket var strukturert som ein kunstig situasjon, der informantane skulle spela passasjerar som reiste med toget til Voss. Fyrst var informantane åleine i kupeen. Etter 25 minutt kom ein ”formaliserande person” inn, og han byrja etter kvart å styra samtalen. Prosjektmedarbeidaren var frå Bergen og snakka eit ”høgare talemål”, og han var ukjend for informantane (Myking, 1983b).

1.4.3 Agnete Nesse – Kollektiv og individuell variasjon i Bergensdialekten, 1994.

I hovudfagsoppgåva *Kollektiv og individuell variasjon i Bergensdialekten* frå 1994 testar Agnete Nesse ut om Larsen og Stoltz sin påstand om at det var lite skilnad mellom dei to varietetane i bergensk, også gjeld i dag.

Nesse hadde 30 informantar fordelte på tre aldersgrupper frå begge kjønn frå dei to tidlegare bydelane Nordnes og Sandviken. Begge desse to høyrer no til Bergenhus bydel, og både Sandviken og Nordnes er attraktive buområde i dag. Ifylgje Nesse er ei slags spenning mellom dei gamle innbyggjarane og dei nye innflyttarane eit fellestrekk for dei to områda. Dei gamle, som alltid har budd i strøket som tidlegare var arbeidarstrøk, har andre tradisjonar og uskrivne reglar enn innflyttarane, som ofte er studentar og akademikarar.

Konklusjonen i denne granskinga er at det store fleirtalet av informantane hennar har ein felles grunnstamme i språket sitt. Denne grunnstammen består av eit tradisjonelt bergensk gatespråk, der ein finn nokre moderniseringar. Samstundes finn ho at informantane òg har innslag av moderne former og høgstatusvariantar, og som Nesse slår fast i oppsummeringa: ”De har en varierende språkbruk” (Nesse, 1994, s. 144).

Nesse peikar også på at det er tydeleg at språket til informantane hennar har ein identifiseringsfunksjon. Ho finn at bergensdialekten fungerer som ein identitetsmarkør, og det har å gjera med kva for høgstatusformer eller moderne former informantane brukar. Sidan ho ikkje finn noko strengt skilje mellom to sosiolektar, konkluderer Nesse med at skiljet finst i undergrupper i samfunnet, og at det er fridomen til å velja nokre lågstatusvariantar og nokre høgstatusvariantar som utgjer informantane sitt ”sammensatte jeg” (s.st.).

1.5 Kapitteloversyn

Denne avhandlinga er samansett av 8 kapittel. I kapittel 1, som er innleiinga, gjer eg greie for kva som er målet med undersøkinga mi, og presenterer kort fagdisiplinen. Kapittel 2, Byen og språket, vil fungera som eit bakgrunnskapittel, der eg har vigd plass til språket og samfunnet eg skal undersøka. Her presenterer eg også dei språklege variablane som skal vera grunnlaget for den språklege analysen. Kapittel 3 er teorikapittelet. Her definerer og operasjonaliserer eg omgrepet språksamfunn og ser nærare på språkending og variasjon. Vidare, i kapittel 4, gjer eg greie for metodane eg har brukt, både generelt og meir spesifikt for denne undersøkinga. Resultata mine vert presenterte i kapittel 5. Sjølve analysen og drøfting av resultata har fått plass i kapittel 6. Til slutt, i kapittel 7, kjem avslutninga med konklusjon og oppsummering.

2 BYEN OG SPRÅKET

2.1 By og bydel

2.1.1 Bergen

Bergen kommune høyrer til Hordaland fylke, og er den nest største kommunen i Noreg etter folketal. Fram til 1972 var Bergen eit eige fylke. Då vart byen slegen saman med kommunane Åsane, Arna, Fana og Laksevåg og samstundes innlemma i Hordaland fylkeskommune. Fordi byen var i kraftig vekst, og dei fem kommunane lenge hadde vore ei økonomisk eining, var det naudsynt med ei samanslåing. Dette var den siste og største kommunesamanslutninga i Bergen, og det førte til at innbyggjartalet skaut fart frå 111 494 til 212 416 (jf. Figur 1).

Bergen fekk status som by i 1070, og vart grunnlagd av Olav Kyrre. Byen låg ved sjøen og fekk tidleg status som handelsby, og Bergen var den største byen i Noreg fram til 1830-åra. Byen var eit travelt handelssenter og fekk tilskot av innvandrarar frå Danmark, Tyskland og Nederland og fleire forskjellige område i Noreg, spesielt bygder på Vestlandet. Omkring 1350 etablerte tyske kjøpmenn seg i byen, og etter kvart vart ei stor gruppe menn som var knytte til det tyske hanseatiske kontor, fastbuande i Bergen.

Bergen fekk tidleg utvikla eit eige bymål, og dette skil seg frå dialektane i områda rundt byen. Sannsynlegvis har folkeblandinga og den mangearta språklege påverknaden hatt mykje å seia for språkutviklinga i byen.

Kart 1: Bergen kommune



(<http://snl.no/Bergen>)


2.1.2 Bergenhus

Bergenhus er den administrative bydelen i Bergen kommune, og fungerer som eit naturleg senter og bykjerne for Bergen by. Bydelen vart danna 1. januar i 2000, då dei to bydelane Sentrum og Sandviken vart slegne saman til den nye bydelen Bergenhus. Bergen by hadde vakse lenge, og difor såg ein også behovet for å styrka lokaldemokratiet. Bydelsutvala fekk budsjett og driftsansvar for mellom anna viktige funksjonar som helse, skule og kultur og hadde disposisjonsrett over driftsbudsjettet, som var fastsett i byrådet (Dahl, 2000).


2.1.3 Geografisk avgrensning

Berghus er omgitt av bydelane Åsane i nord, Arna i aust, Årstad i sør og Laksevåg i vest, og av Askøy kommune i nordvest. Bydelen omfattar mellom anna strøka Sandviken og Nordnes, Sentrum, Sydnes, Møhlenpris, Kalfaret og strøket Årstad.

Kart 2: Berghus bydel med grunnkrinsar.



Kart 3: Berghus bydel med grunnkrinsar. Detaljkart Berghus sentrum.




Som ein kan sjå av kart 2 og 3, strekkjer Berghus bydel seg frå og med Haukeland sjukehus i sør og heilt til Lønborg i nord. I aust omfattar bydelen heile Fjellsiden, der bydelsgrensene går i byfjella. Rundt halvøya som utgjer Bergen sentrum ligg Store Lungegårdsvann, Puddefjorden og Byfjorden, som naturleg utgjer bydelsgrensene i vest.

2.1.4 Demografi

Pr. 1. januar 2010 var det 256 600 innbyggjarar i Bergen kommune. Historisk sett har Bergen lenge vore ein by i vekst. I perioden frå industrialiseringa byrja på 1800-talet og heilt fram til kommunesamanslåinga i 1972 strekte byen seg langt ut over den administrative byen sine grenser. Til dømes hadde tettstaden i 1970 182 265 innbyggjarar, medan talet i den administrative byen var på 113 351 (Thorsnæs, 2009a). I 1972 vart altså bygrensene utvida, og kommunane Arna, Åsane, Laksevåg og Fana vart slegne saman til det som vart

storkommunen Bergen. I 1970- og 80-åra kunne ein sjå stagnasjon og delvis tilbakegang i folketalet i Bergen. Men sidan slutten av 1980-åra har folketalet vore aukande, i dei ti åra 1993 – 2002 med nesten ein¹ prosent årleg.


Figur 1: Folketal Bergen kommune² 1910 - 2010



(Statistisk sentralbyrå)

Sidan 1980-åra er det stort sett i utkantane av Bergen folketalet har auka, medan innbyggjartalet i dei sentrale stroka har halde seg nokolunde stabilt, med ein gradvis auke. Dette kan ein sjå i figur 2.

Figur 2: Folketal Bergenhus³ 1980 - 2010



(Statistisk sentralbyrå)


Bergenhus er ein bydel med ein relativt ung folkesetnad. Figur 3 viser at personar mellom 25 og 39 år utgjer 32 prosent av innbyggjarane i bydelen. Då er ikkje studentane med folkeregistrert adresse utanfor bydelen rekna med, så ein kan gå ut ifrå at talet i realiteten er høgare.

¹ Eg brukar prosenttal utan desimalar i teksten medan tala står med éin desimal i tabellar og figurar.

² I 1972 kan ein sjå ein kraftig folketalesauke i Bergen kommune. Grunnen er at Arna, Åsane, Laksevåg og Fana gjekk frå å vera eigne kommunar til å bli slegne saman med storkommunen Bergen. (Jf. Figur 1.)

³ Bergenhus bydel vart danna i 2000, og er difor ein relativt ny bydel. Denne framstillinga er basert på tal frå grunnkrinsane innanfor det som tilsvorar bydelsgrensene i dag.

Figur 3: Folkemengd etter alder. 2001. Prosent



(Folke- og bustadteljinga 2001, SSB)


2.1.5 Mobilitet

Bergen kommune er prega av mykje innflytting. Tal frå Barlindhaug 2010 viser at både inn- og utflytting frå omlandet har auka frå 1988 til 2008. Han skriv også at netto innflytting til Bergen frå utlandet har hatt ein sterk auke i den perioden (Barlindhaug, 2010, ss. 99 - 100). I NIBR-rapporten *Boligmarked og flytting i storbyene* vert bydelane Bergenhus og Årstad rekna som eitt område, kalla *sentrum*. Dei plassane i teksten der eg brukar materiale frå denne rapporten, nærare bestemt i tala som tek for seg flyttemønsteret i og utanfor Bergen, vil altså *sentrum* referera til bydelane Bergenhus og Årstad som éi samla eining. I folke- og bustadteljinga i 2001 var folketalet i Årstad bydel 33 919. Folketalet i Bergenhus låg i den same teljinga på 32 097 innbyggjarar, så dei to bydelane er nokolunde like store når det kjem til innbyggjartal. Det er Bergen kommune sjølv som har definert områdeinndelingane i rapporten (Barlindhaug, 2010, s. 48). På bakgrunn av dette ser eg det som sannsynleg at Årstad og Bergenhus i denne samanhengen er såpass like at dei kan sjåast under eitt, og vel difor å bruka nokre av Barlindhaug sine tal til mitt føremål.

I statistikk der eg brukar nemninga *Bergenhus*, viser dette til tal som er utarbeidde for bydelen åleine.

Av figur 4 kan ein sjå at storparten av flyttingane inn til sentrum er internflytting innan kommunen. Av dei som flyttar inn til sentrum, kjem 68 prosent frå Bergen kommune eller andre deler av Bergensregionen (sjå vedlegg 12 for informasjon om Barlindhaug sine inndelingar av Bergensområdet).

Figur 4: Oversikt over flyttestraum til sentrum.



(Henta frå Barlindhaug 2010, <http://www.nibr.no/uploads/publications/6a2c6054ab8a9b1278404d8fb5c33528.pdf>, s. 103)

Medan mesteparten av flyttingane i Bergen kommune skjer mellom områda internt i byen, var det i 2008 ein av tre utflyttarar frå Bergen sentrum som flytta til kategorien ”resten av landet”, det vil seia utanfor kommunane Austrheim og Masfjorden i nord og Os i sør. I 2002 kan ein sjå at heile 36 prosent av dei som flytta til Bergen sentrum, kom frå ”resten av landet”. Dei andre områda får ikkje like stor del av innflyttarane sine frå ”resten av landet”. Åsane og Arna får ein av tre innflyttarar frå sentrumsområdet, medan områda vest og sør får 37 prosent av innflyttarane derifrå. Det er altså tydeleg at Bergen sentrum er prega av mykje inn- og utflytting, både frå Bergen og omlandet og frå andre delar av landet og utlandet.

Kven er dei, desse som flyttar ut og inn av Sentrum? Tabellane i vedlegg 17 kan gi svar på dette. Den gruppa som utgjer størsteparten av folketilveksten i Bergen, er dei mellom 20 og 29 år. Når det gjeld Sentrum, så kjem det fram at den delen av kommunen mistar mange personar i aldersgruppa 0–5 år gjennom flytting. Samstundes er det nettopp Sentrum som rekrutterer desidert flest personar i aldersgruppa 20–29 år. Til dømes auka aldersgruppa 20–29 med vel 2000 personar i 2008, som eit resultat av flytting. Dette stadfestar tala frå Figur 3. Når det gjeld innflyttarar frå utlandet, er det tydeleg at det er Sentrum som tek imot den største delen av innflyttarar frå utlandet. Det kjem også fram at talet på innflyttarar frå utlandet har auka frå 2002 til 2008. I Sentrum har nettoinnflyttinga auka med 60 prosent frå 2002 til 2008.


2.1.6 Bumønster og sosial struktur

Bergenhus bydel peikar seg ut med ein høg del småbustader i blokk. Det er også relativt mange som leiger bustad i Bergen sentrum, samanlikna med områda rundt (Barlindhaug, 2010).

I figur 5 kan ein sjå at nesten 64 prosent av hushalda i Bergenhus består av åleinebuande. Dette er ein stor del dersom ein samanliknar med kommune-, fylkes- og landsnivå. I Bergen

tilhøyrrer til dømes 45 prosent av hushaldningane åleinebuande, medan talet for Hordaland og landet sett under eitt ligg like under 40 prosent. Det er også ein låg del av barnefamiljar som vel å busetja seg i Bergenhus bydel.

Figur 5: Privathushald etter hushaldstype og område. 2011. Prosent.



(<http://www.ssb.no/familie/tab-2011-04-07-06.html>)

2.1.7 Næringsliv og sysselsetjing

Handel, skipsfart, verkstadindustri og offentleg administrasjon har tradisjonelt vore dei viktigaste næringane i Bergen. I dei seinare åra har også petroleumsindustrien fått ein viktigare posisjon (Thorsnæs, 2009c). Bergen likar å kalla seg Vestlandet sin hovudstad, og er ei av dei største hamnene i Europa. Bergen er også ein viktig turistby, mellom anna som inngangsport til fjordane på Vestlandet.

Byen voks hurtig etter grunnleggjinga, mykje grunna den aukande handelen med fisk nordfrå og handel med korn, klede og andre varer frå utanlandske handelsbyar. Tyske kjøpmenn etablerte seg i Bergen frå omkring 1350, og busette seg på Bryggen i det som ein kan kalla ein fastbuande koloni, tilknytt Det tyske (hanseatiske) kontor. Fram til 1830-åra var Bergen den største byen i Noreg.

Bergen har eit godt utvikla skipsfartsmiljø, med både reiarlag, hjelpetenester, skipsutstursindustri og utdanningsinstitusjonar. Fleire reiarlag har hovudsetet sitt i byen, og grunna den store aktiviteten ved oljeterminalane står hamnene i Bergen og omland for halvparten av lasta og lossa gassmengd ved norske hamner (s.st.).

Industrien i Bergen har stort sett vore basert på verkstad- og tekstilindustri, men sidan 1970-åra har begge desse vore i sterk tilbakegang. Til dømes vart BMW sitt verft i

Solheimsviken avvikla på 80-talet og verftet Mjelle og Karlsen slege konkurs i 2003. Tendensen har vore at mykje av industrien har flytta ut frå bykjernen, og han har heller etablert seg utanfor kommunegrensa. Dette gjeld særleg innanfor oljeindustrien, og utviklinga har mellom anna ført til folkeauke i kommunane rundt Bergen.

Næringsmiddelindustrien spelar framleis ei rolle, med kjende bedrifter som Hansa Borg Bryggeri, Rieber & Søn (Toro), Kaffehuset Friele AS og O. Kavli A/S. Ein annan viktig bransje i Bergen er grafisk industri og forlagsverksemd. Bank- finans- og forskingsnæringane har også vore viktige i Bergen, men mange har gått vekk frå byen gjennom strukturendringar og oppkjøp (Thorsnæs, 2009c).

Haukeland universitetssjukehus er ein viktig og stor arbeidsplass i Bergenhus. Sjukehuset høyrer til Helse Bergen, og har om lag 11 000 tilsette. Årleg behandlar sjukehuset nesten 600 000 pasientar. Haukeland Sjukehus er også ein viktig utdanningsinstitusjon, og utdannar vel 2000 helsearbeidarar kvart år. Med så mange tilsette har Haukeland eit stort og attraktivt fagmiljø. Forsking er òg ei viktig oppgåve for føretaket, og Haukeland universitetssjukehus har Noreg sitt nest største medisinske forskingsmiljø⁴. Sjukehuset har også fleire kompetansesenter og spesialfunksjonar på regionalt og nasjonalt plan, og det er sannsynleg at arbeidsplassen trekkjer til seg menneske med høg utdanning og kompetanse.


Bergen er base for fleire viktige mediehus, mellom anna Bergens Tidende, TV2 og NRK Hordaland. Då Noreg skulle få sin andre fjernsynskanal på 80-talet, vart det av distriktpolitiske omsyn vedteke at denne ikkje skulle leggjast til Oslo. Valet fall då på Bergen. TV 2 fekk lokale på Nøstet, og starta med sendingane sine hausten 1992. Administrasjonen og produksjonen ligg i dag i Bergen, men store delar av redaksjonen ligg i Oslo. Verksemda på Nøstet har skapt eit kompetent og ressurssterkt lokalt miljø, ikkje minst på den reint tekniske sida av fjernsynsproduksjonen. TV 2 kom med eit nytt bidrag til språkpolitikken i media. Der NRK sine programleiarar i nyheitssendingane måtte snakka offisielt nynorsk eller bokmål, kunne alle dei tilsette i TV 2 bruka sin eigen dialekt, også i nyheitssendingane. Mange av TV 2 sine tilsette er frå Bergen og Vestlandet generelt, og det er no vanlegare å høyra vestlandske dialektar på fjernsyn. Eg ser det som sannsynleg at dette har gjort noko med bergensarane sitt forhold til eigen dialekt, og dette vert også stadfesta i samtalan med mange av informantane mine. Dei fleste seier at dei ikkje lenger reagerer på å høyra bergensdialekten i radio eller fjernsyn, og at det også er meir vanleg å høyra lågstatusvarieteteten i media.

⁴ <http://www.helse-bergen.no/OMOSS/Sider/side.aspx>

Bergen er også ein viktig utdanningsby, med rundt 25 000 studentar. Dei tre store utdanningsinstitusjonane Norges handelshøgskole, Universtetet i Bergen og Høgskolen i Bergen ligg alle i Bergenhus bydel. I 1936 vart Norges handelshøgskole opna i Helleveien på Eidsvåg. Skulen er i dag Noreg sitt største senter for forskning og utdanning innan økonomi og administrasjon og har over 3000 studentar og 400 tilsette⁵. Universitetet i Bergen vart etablert etter eit stortingsvedtak som tredde i kraft i august i 1946. Universitetet vart plassert på Nygårdshøyden, og har vakse seg stort med åra. I dag har Universitetet i Bergen 14 500 studentar og 3 200 tilsette⁶. I 1994 vart Høgskolen i Bergen etablert. Høgskulen var eit resultat av at 6 eksisterande høgskular med ulike faglege profilar vart slegne saman. Høgskulen kan tilby profesjonsutdanningar innan helse- og sosialfag, ingeniør og økonomisk-administrativ utdanning, musikkutdanning og lærarutdanning. Høgskolen i Bergen har om lag 6 700 studentar og 660 tilsette⁷.

Som i dei aller fleste norske byar er også dei fleste arbeidstakarane i Bergenhus sysselsette i yrke som kjem inn under tertiærnæringa, slik ein kan sjå av figur 6 under.

Figur 6: Sysselsetjing etter næring, 2001⁸.



(Folke- og bustadteljinga 2001, SSB)

Som eg har nemnt over, har både verkstad- og tekstilindustrien i Bergen vore i tilbakegang sidan 70-talet, og fleire store arbeidsplassar har vorte nedlagde. Når slike store endringar skjer i arbeidsmarknaden, må folk byta arbeidsplassar, og sidan industriarbeidsplassane ikkje vart bygde opp att, er det sannsynleg at folk vart sysselsette i andre næringar. Det meste tyder på at dette også skjedde i Bergenhus. Dersom ein ser på figur 7 under, kan ein sjå at om lag 23 prosent var sysselsette i sekundærnæringa i 1980. I 2001 var talet i underkant av 10 prosent.

⁵ <http://www.nhh.no/no/om-nhh/om-nhh.aspx>


⁶ <http://www.uib.no/om>

⁷ <http://www.hib.no/om/index.html>

⁸ Tala er baserte på sysselsette i alderen 16 – 74 år.

Sysselsetjinga innanfor sekundærnæringa i Bergenhus er altså redusert med om lag 13 prosent i åra mellom 1980 og 2001.

Figur 7: Sysselsetjing etter næring, 1980⁹.



(Folke- og bustadteljinga 1980, SSB)

Det kan vera interessant å sjå på kvar dei sysselsette i Bergenhus kjem frå. Tabell 3 nedanfor viser at av dei 51 163 personane som er sysselsette i Bergenhus bydel, er det berre om lag 18 prosent som bur i bydelen. 82 prosent er innpendlarar.

Tabell 1: Oversyn over sysselsette 16 – 74 år etter pendlarstatus. Bergenhus. 2001

Med bustad i bydelen i alt	Utpendlarar	Med bustad og arbeidsstad i bydelen	Innpendlarar	Med arbeidsstad i bydelen i alt
17 209	8 134	9 075	42 088	51 163
100%	47,3%	52,7%	82,3%	100%

(Folke- og bustadteljinga 2001, SSB)

Dersom ein ser nærare på innpendlarane (jf. tabell 2), viser det seg at ein stor del av dei som pendlar inn til Bergenhus bydel, bur innanfor Bergen kommune. Her kan me sjå noko av den same tendensen som me såg i flyttemønsteret, der dei fleste inn- og utflyttingane var internflyttingar i kommunen. Dette viser at Bergenhus i stor grad er avhengig av å henta arbeidskraft utanfor bydelen.

Tabell 2: Oversyn over innpendlarar. Bergenhus.

Bur i arbeidsstadkommunen, men utanfor eigen bydel	30 555
Bur utanfor arbeidsstadkommunen	11 533
Innpendlarar i alt	42 088

(Folke- og bustadteljinga 2001, SSB)

Også dei fleste utpendlararane (jf. tabell 3) i Bergenhus har arbeidsstad innanfor Bergen kommune, og er nokolunde likt fordelte mellom bydelane. Av dei som pendlar ut av

⁹ Tala er baserte på sysselsette i alderen 16 år og oppover.

kommunen, arbeider 29 prosent i Oslo. Dei andre er fordelt mellom Fjell, Stavanger og ”andre kommunar”.

Tabell 3: Oversyn over utpendlarar. Bergenhus.

Arbeidsstad utanfor eigen bydel, men innanfor bustadkommunen.	5 775
Arbeidsstad utanfor bustadkommunen	2 359
Utpendlarar i alt	8 134

(Folke- og bustadteljinga 2001, SSB)

2.1.8 Skular

Det er 6 barneskular i Bergenhus i dag: Christi Krybbe, Haukeland, Hellen, Krohnengen, Møhlenpris og Nordnes. Bydelen har berre éin ungdomsskule, Rothaugen skule i Sandviken, og denne ungdomsskulen får elevar frå alle dei tidlegare nemnde skulane.¹⁰ Alle desse skulane eksisterte også i 1978. I tillegg var det ein ungdomsskule til, Nygård skule, som i dag fungerer som innføringssenter for minoritetsspråklege¹¹. Fordi bydelsgrensene var annleis i 1978, var det òg nokre av informantane frå TUB som gjekk på Gimle skule. Den største skilnaden i skulesystemet frå 1978 og til no er med andre ord at alle ungdomsskuleelevar i bydelen no går på den same ungdomsskulen.

2.1.9 Kultur- og organisasjonsliv

Bergenhus bydel har mange aktivitetar og tilbod. Dei fleste av Bergen kommune sine store kulturinstitusjonar er lokaliserte i sentrumskjernen, som til dømes Den Nationale Scene, Bergen Kino, Bergen Kunstmuseum, Bergen Offentlege Bibliotek, Grieghallen, og Kulturhuset USF Verftet. Dette er store institusjonar også i nasjonal samanheng, og dei trekkjer mykje folk til sentrum. Dei siste åra har også Bergen vorte godt kjend som konsertscene. Arrangøren Bergen Live har arrangert fleire store konsertar på Koengen ved Bergenhus festning, med internasjonale stjerner. Bergensbølga har vorte eit kjent omgrep i heile landet, og refererer til det sterke miljøet innanfor rytmisk musikk i Bergen. Mange kjende artistar har basen sin i Bergen, og no i det siste har band som John Olav Nilsen & Gjengen, Fjorden Baby og Lars Vaular medverka til at artistar som syng på bergensk, har fått nylvunnen popularitet.

Festspillene i Bergen vart arrangerte for fyrste gong i 1952, inspirert av Salzburg-festspela. Sidan den gong har arrangementet vakse seg større for kvart år, med impulsar

¹⁰ I tillegg kjem privatskulane Danielsen ungdomsskule og St. Paul barne- og ungdomsskule. Desse skulane må ein søka seg til på eige initiativ, og difor speglar dei nok ikkje samfunnet i like stor grad som dei offentlege skulane. På det grunnlaget vel eg å ikkje ta dei med her.

¹¹ Munnleg informasjon frå Bergen Skolemuseum.

utanfrå i musikk, teater og ballett, samstundes som ein også har presentert det beste av norsk musikk og kulturliv (Dahl, 2000, ss. 370-372). I tillegg til Festspillene kjem andre store festivalar som Nattjazz og BergenFest, tidlegare OleBlues.

Det finst også eit mangfald av aktivitetar og friviljug organisasjonsliv på bydelsnivå. Årstad og Bergenhus Kulturkontor tilrettelegg aktivitetar i nærmiljøa i samarbeid med lag og organisasjonar, med eit særleg fokus på barn og unge. Generelt kan ein seia at dei fleste aktivitetane og tilboda på bydelsnivå er knytte til mindre lokalsamfunn innanfor bydelen. Eit godt døme på dette er dei tradisjonelle bogekorpsa, som vert rekna som typisk bergenske. Byen er delt inn i mindre delar, ofte tradisjonelle bustadområde som Nordnes, Sandviken, Sydnes og Marken, og kvart av desse har sitt eige bogekorps. Også andre aktivitetar er knytte til desse lokalsamfunna, ofte er dei også knytte til den lokale barneskulen. Informantane mine gir også uttrykk for ei slags tilhøyrse til lokalsamfunnet sitt. Dei fleste er eller har vore engasjerte i noko på fritida, og då er det til dømes idrettslag, bogekorps eller velforeiningar som er knytte til bustadområdet.

2.2 Talemålet

2.2.1 Målføra i Hordaland

Det er vanleg å dela målføra i Hordalands-området inn i fem grupper: vossamål, hardangermål, sunnhordlandsmål, nordhordlandsmål og Bergen bymål. Alle desse målføra (utanom ein ørliten del av Nordhordland) har rot i den same hovudmålføregruppa, den sørvestlandske. Bergen ligg midt i området for nordhordlandsmål, og ifylgje Gunnvor Rundhovde (1976), som i artikkelen ”Målføra eller dialektane i Hordalandsbygdene og i Bergen by” har skildra målføra i Hordaland og Bergen, kan ein seia at bergensk har vakse fram frå den nordhordlandske målgrunnen. Men sidan Bergen tidleg voks fram som ein sjølvstendig by med mykje innflytting både frå inn- og utland, har talemålet i Bergen utvikla seg i ei eiga retning, og manglar mange av dei sørvestlandske og nordhordlandske trekk. Difor er bergensk også det målføret som skil seg mest frå dei andre i Hordaland (Rundhovde, 1976, ss. 394 - 395).

Vidare vil eg skildra nokre særtrekk ved talemålet i Bergen og peika på korleis det skil seg frå talemålet i Nordhordland.

2.2.2 Bergensdialekten

Bergensdialekten har nokre særtrekk som gjer at han skil seg frå mange av dialektane i resten av landet. Eitt av dei fenomenane som bergensarar sjølve ofte trekkjer fram når dei skal skildra sin eigen dialekt, er at bergensdialekten ikkje skil mellom hokjøn og hankjøn i

substantivbøyinga. I bergensk opererer ein med berre to kategoriar, felleskjønn og inkjekjønn, til dømes <en mann>, /e:n man/ og <en kone>, /e:n ku:nə/, men <ett barn> /æt ba:ɛn/.

Rundhovde argumenterer med at felleskjønnet sannsynlegvis er ei kompromissform, som eit resultat av at mange utanlandske innflyttarar skulle læra seg språket. I tillegg hadde forenklinga støtte i det danske skriftspråket (Rundhovde, 1976, s. 404).

Bergensk er eit e-mål, og har endinga <-e>, /-ə/ i infinitiv og i ubestemt eintal av substantiv som i andre dialektar er hokjønn, men som er felleskjønn i Bergen. Til dømes kan ein seia <å lese>, /ɔ le:sə/ og <en kone>, /e:n ku:nə/. Sett bort frå bergensk, er alle vestnorske dialektar sør for Sognefjorden a-mål.

Ein annan tydeleg skilnad mellom bergensdialekten og dialekten i områda rundt byen, er at ein i bergensk har to tonem, medan dialektane i områda rundt høyrer til dei som ikkje har tonemforskjell¹².

I ubestemt fleirtal av substantiv med felleskjønn har bergensmålet berre éi ending: <-ar>, /-aɛ/, som i <skoger>, /sku:gəɛ/ og <jenter>, /jæntəɛ/. I nordhordlandsmål til dømes finst det fleire endingar. I bergensk vil ein også tradisjonelt finna ståande *r* (ikkje *r*-bortfall) i denne forma, til dømes i <koner>, /ku:nəɛ/.

Dessutan kan bergensk ha monoftong i nokre tilfelle der nordhordlandsmålet har diftong, kanskje spesielt i fortidsformene av sterke verb: <eg bet>, /e:g be:t/ (bergensk) – <eg beit>, /e:g beit/ (nordhordlandsmål) (Rundhovde, 1976, s. 402). Andre døme er: <hel>, /he:l/, <ble>, /ble:/, <en>, /e:n/ og <ett>, /æt/it/. Ein kan også finna formene <ren>, /re:n/ og <sen>, /se:n/ i bergensdialekten, men desse kan òg uttalast som <rein>, /rein/ og <sein>, /sein/, slik som dei gjer i nordhordlandsmålet.

2.2.2.A Indre forskjellar

Den mest markerte variasjonen i talemålet i Bergenhus har kanskje vore skilnaden mellom dei såkalla høgstatus- og lågstatusvarietetane¹³. Tradisjonelt har det funnest ein varietet som kan minna om ei form for gatespråk, og ein varietet som har fungert som eit høgare talemål. Desse to varietetane har etter alt å dømme hatt ulik sosial status. Tidlegare undersøkingar viser at skiljelinjene mellom høgstatuspråk og lågstatuspråk ikkje er like tydelege i Bergen samanlikna med andre norske byar. Allereie i 1912 skreiv Amund B. Larsen dette i *Bergens Bymål*:

¹² <http://dialekt.uib.no/kommuner/bergen/geografi.page>

¹³ Eg kjem til å bruka omgrepa *høgstatus* og *lågstatus* om dei to varietetane. Desse termene vert også brukte i TUB, som eit uttrykk for ein hypotese om at variasjonen kunne skuldast statustilhøve (Myking, 1983a, s. 5). Det finst mange meiningar om kva som er den rette terminologien for varietetane, men eg vil ikkje ta den diskusjonen her.

Når man bortser fra det 19de århundredes indflydelser, er der derfor mer end i nogen anden by hos os, ett fælles bymål for høie og lave. [...] Men det er ett mål, og det har lenge været ett mål, kun i farve delt imellem den dannede dagligtale, BDgl., og vulgærsproget, BVlg (Larsen & Stoltz, 1912, ss. 19-20).

I si undersøking frå 1994, *Kollektiv og individuell variasjon i bergensdialekten*, kommenterer også Agnete Nesse at talemålet er einsarta:

Hovedmønsteret er som følger: Det overveldende flertallet av informantene har en grunnstamme i språket sitt som er lik. Det er en grunnstamme som består av et gammeldags, bergensk gatespråk, med enkelte moderniseringer. Likevel bruker alle informantene også høystatusformer, og de bruker moderne former selv om en gammeldags talemåte er det vanligste. Med andre ord, de har en varierende språkbruk (Nesse, 1994, ss. 143-144).

Språket fungerer som ein identitetsmarkør, men i staden for å førekomma som to åtskilde sosiolektar i språksamfunnet, førekjem det via undergrupper. Det er snakk om meir gradvise overgangar mellom høgstatusvariantar og lågstatusvariantar av dialekten.

Ein kan likevel skilja mellom dei tradisjonelle høgstatus- og lågstatusvariantane, då kan alle eller nokre av dei bestemte særtrekka vera inkluderte i høvesvis høgstatus- eller lågstatusvarieteteten (jf. døme i tabell 4).

Tabell 4: Tradisjonelle høg- og lågstatusvariantar i bergensk.

	Høgstatusvariant	Lågstatusvariant
Adverba <ikkje>, <då> og <no>	/ikə/, /da:/, /nɔ:/	/içə/, /dɔ:/, /nu:/
Pronomena <noko> og <mykje>	/nu:ə/, /my:ə/	/nɔkə/ og /myçə/
Dei personlege pronomena <eg>, <meg>, <ho>, <henne> og <dykk>	/jei/, /mei/, /høn/, /hænə/, /de:ɛə/	/e:g/, /me:g/, /høn/, /dɔkəɛ/
<v> eller <k> i framlyd i spørjeord	v – i framlyd i spørjeord, til dømes /va:/	k – i framlyd i spørjeord, til dømes /ka:/

(<http://dialekt.uib.no/kommuner/bergen/geografi.page>)

Det finst også skilnader mellom yngre og eldre bergensdialekt. Mange av dei eldre formene er ikkje like aktuelle lenger, men eg vil likevel nemna nokre trekk der det kan vera ulike aktuelle variantar.

Gammalt bergensk hadde ikkje lang /æ/, sett bort i frå substantivet <ræv> /ɛæ:v/ og pronomena <her> /hæ:ɛ/ og <der> /dæ:ɛ/, men moderne bergensk har det.

Samanblandinga av <kj>- og <sj>lyden i ord som <kino> /ʃi:nu/ fanst heller ikkje i gammalt bergensk, og er eit relativt nytt fenomen.

2.2.3 Gramatikkskisse for bergensdialekten i Bergenhus bydel

Ein dialekt er eit eige, sjølvstendig språk. Slik har også dialekten ein eigen grammatikk. For at eg skal kunna seia noko om endringane i bergensdialekten, er det nyttig å ha ei grammatikkskisse som utgangspunkt. Ifylgje Ragnhild Haugen er tanken bak ein

dialektgrammatikk at han skal representera eit felles normsett for korleis ein lagar språklege ytringar i eit visst språksamfunn (Haugen, 1998, s. 15). Men fordi det alltid vil finnast variasjon, kan det vera vanskeleg å laga heilt eintydige reglar for levande språk. Skissa nedanfor er difor berre ei idealisert form av den tradisjonelle bergensdialekten.

Gramatikkskissa nedanfor er stort sett basert på Målføresamlinga ved Universitetet i Bergen sine dialektsider *Talemål på nettet*, Amund B. Larsen og Gerhard Stoltz sine undersøkingar i *Bergens Bymål* og Agnete Nesse si hovudoppgåve *Kollektiv og individuell variasjon i bergensdialekten*. Eg har også nytta meg av Helge Sandøy (1996) si bok *Talemål*, som hjelp for å laga dei fonologiske reglane

2.2.3.A Fonologi

Foneminventaret

Bergensdialekten har 9 vokalfonem. Alle desse kan opptre som både lange og korte, men /e/ og /æ/ vil falla saman i èin vokal).

Tabell 5: Foneminventaret

	Fremre		Midtre	Bakre
	- urunda	+ runda		
Høg	i	y	ʉ	ʊ
Mellomhøg	e	ø		ɔ
Låg	æ		a	

Bergensdialekten har fire diftongfonem: /au/, /ai/, /ei/, /øy/. Den diftongen som står sterkast, er /ei/.

Bergensdialekten har 18 konsonantfonem.

Tabell 6: Konsonantinventaret

	Labial	Alveolar	Postalveolar	Palatal	Velar	Uvular	Glottal
Plosivar	p/b	t/d			k/g		
Frikativar	f/v	s/	ʃ/	ç/j		/ʁ	h/
Nasalar	/m	/n			/ŋ		
Lat. appr.		/l					

Bergensdialekten har, som dei fleste andre norske dialektane, tonemforskjell. Det vil seia at det finst ordpar der tonegangen er det einaste som skil den eine tydinga av ordet frå den andre, slik som i dette dømet:

<faren>, /¹fa:ʁən/ (bestemt form eintal av *far*)

<faren>, /²fa:ʁən/ (bestemt form eintal av *fare*)

Fordelinga av dei to tonema er hovudsakleg den same som i andre norske dialektar. Men det finst nokre unntak, til dømes får familienamn på *-sen* til einstavings førenamn konsekvent tonem 2, men det er vanleg med tonem 1 elles i landet. Døme: <Thorsen>, /¹tʊ:ɐ̯sn̩/.

Førenamn får ofte bestemt form med tonem 1, som i <Per-en>, /¹pɛ:ɐ̯ɛn/ og <Liv-en>, /¹li:vɛn/. I tilfelle der slike namn endar på *s*, vert tonemmotsetnaden einaste middel til å skilja mellom førenamnet og etternamnet: <Jens>, /¹jæ:nsn̩/, og <Jensen>, /²jæ:nsn̩/.

Fonologiske reglar

Dei ulike fonema i ein dialekt er abstrakte einingar som ikkje fortel oss alt om korleis dei vert uttala. Det kan nemleg finnast skiftingar i uttalen av fonema som er regelfaste. For at me skal kunna skildra den konkrete uttalen, treng me fonologiske reglar.

- F1:** Kort /e/ vert uttala svært ope, nærast som [æ] i /hest/ [hæst] og /fest/ [fæst]. Framfor ein pause vert denne lyden ekstra open: <Du Ane?> [du a:næ].
- F2:** /e/ framfor /ɐ̯/ i trykklett posisjon vert oftast uttala som /a/ eller (meir sjeldan) som ein open, [æ]-aktig lyd. Her er dette notert som /a/, til dømes i <skoger> /sku:gəɐ̯/.
- F3:** Bergensk har /d/ etter lang vokal og utlyd i langt fleire tilfelle enn det som er vanleg elles i norsk, til dømes i <blad> /bla:d/ og <tid> /ti:d/.
- F4:** Tradisjonelt har <sj> og <skj> i ord som *sjø* og *skjøn* vore uttala som to lydar i bergensk: /sj/: <sjø>, [sjø:] og <skjøn> [sjøn]. I dag uttalar dei fleste dette som éin lyd, nemleg: /ʃ/: <sjø> [ʃø:] og <skjøn> [ʃøn].
- F5:** Til skilnad frå bygdemåla rundt har Bergen bymål ofte korte vokallydar der bygdemåla har lange: <vit>, [vɛt] (bergensmål) og /ve:t/ (bygdemål).

Indre skilnader i bergensdialekten

Som eg har nemnt i kapittel 2.2.1.1, finst det to varietetar av bergensdialekten i Bergenhus. Desse varietetane har også ulike fonologiske reglar:

F1: *Høgstatusvarianten*: den trykklette endinga /-en/ vert halden på etter /t, d, s, n/ og /l/ som i <gutten> /gʊtɛn/.

Lågstatusvarianten: den trykklette endinga /-en/ vert til stavingsberande /ɲ/ etter /t, d, s, n/ og /l/, som i <gutten> [gʊtɲ]. Etter /l/ kan han forsvinna, og /l/ vert då stavingsberande /l/, som i <solen> [su:l] og <stolen> [stʊ:l].

F2: *Høgstatusvarianten*: den trykklette <e>-en vert uttala som /ə/, også framfor /ɐ̯/, som i <spiser>, [spi:səɐ̯] og <gutter>, [gʊtəɐ̯].

Lågstatusvarianten: den trykklette /e/-en uttalast som /a/ framfor /ɐ̯/, til dømes <spiser> [spi:səɐ̯] og <gutter> [gʊtəɐ̯].

F3: *Høgstatusvarianten:* Når /e/ kjem framfor /ʌ/ i trykksterk posisjon, vert han uttala som /æ/, til dømes [væ:ʌe], [læ:ʌæʌ].

2.2.3.B Morfologi

Substantiv

Bergensdialekten har konsekvent felleskjønn i substantiv. Nedanfor kan me sjå det dominerande bøyingsmønsteret for felleskjønnsorda og to bøyingsmønster for inkjekjønnsorda. Ein del ord i den fyrste og tredje bøyingsgruppa endar på <-e> i oppslagsforma, medan andre ord ikkje gjer det. Difor er /ə/-en plassert i parentes.

Tabell 7: Substantivbøying

Kjønn	Klasse	ub. eintal	b. eintal	ub. fleirtal	b. fleirtal
Felleskjønn	1.	-(ə)	-ŋ/ən/-ən	-aʌ/-əʌ	-ŋə/-ənə
	Døme:	<skog> [sku:g]	<skogen> [sku:gən]	<skoger> [sku:gaʌ]	<skogene> [sku:gənə]
		<jente> [jæntə]	<jenten> [jæntŋ]	<jenter> [jæntaʌ]	<jentene> [jæntŋə]
Inkjekjønn	2.	-	-ə	-	-ŋə/-ənə
	Døme:	<hus> [hʉ:s]	<huset> [hʉ:sə]	<hus> [hʉ:s][hʉ:saʌ]	<husene> [hʉ:sŋə]
	3.	-(e)	-ə	-aʌ/-əʌ	-ŋə/-ənə
	Døme:	<hjerte> [jæʌtə]	<hjertet> [jæʌtə]	<hjerter> [jæʌtaʌ]	<hjertene> [jæʌtŋə]

Det finst også substantiv som ikkje følgjer bøyingsmønsteret ovanfor. Dei fleste ord som sluttar på trykklett <-ar> i oppslagsforma, får fleirtalsendingane /-ə/og /-nə/.

Døme:	<tyrker> [tyʌkaʌ]	<tyrkeren> [tyʌkaʌən]	<tyrkere> [tyʌkaʌə]	<tyrkerne> [tyʌkaʌnə]
-------	----------------------	--------------------------	------------------------	--------------------------

I nokre ord med stavinga <-el> og nokre få med stavinga <-ar> følgjer hovudmønsteret i felleskjønn, men dei får samandraging i fleirtal:

Døme:	<spiker> [spi:kaʌ]	<spikeren> [spi:kaʌən]	<spikre> [spi:kʌʌ]	<spikrene> [spi:kʌənə]
-------	-----------------------	---------------------------	-----------------------	---------------------------

Det finst også ord som har bøying som avvik frå hovudmønsteret:

Døme:	<bok> [bu:k]	<boken> [bu:kən]	<bøker> [bø:kaʌ]	<bøkene> [bø:kənə]
Døme:	<fot> [fu:t]	<foten> [fu:tŋ]	<føtter> [føtaʌ]	<føttene> [føtŋə]

Verb

Bøyinga av verb er relativt enkel i bergensdialekten. Bergensk skil til dømes ikkje mellom a-verb og e-verb i presens, men har endinga <-er>. Dette kan me sjå av tabell 8 og 9.

Tabell 8: Verb. Svak bøying.

	Klasse	Infinitiv	Presens	Preteritum	Perfektum
Svak bøying	1.	-ə	-aʝ/-əʝ	-ət/-ət	-ət/-ət
	Døme:	<kaste> [kastə]	<kaster> [kastəʝ]	<kastet> [kastət]	<kastet> [kastət]
	2.	-ə	-aʝ/-əʝ	-tə	-t
	Døme:	<dømme> [dømə]	<dømmer> [dømaʝ]	<dømt> [dømtə]	<dømt> [dømt]
	3.	-ə	-aʝ/-əʝ	-də	-d
	Døme:	<greie> [gʁeie]	<greier> [gʁeiaʝ]	<greide> [gʁeidə]	<greid> [gʁeid]
		<kna> [kna:]	<knar> [kna:ʝ]	<knadde> [knadə]	<knadd> [knad]
	4.	-ə	-aʝ/-əʝ	*-tə	*-t
	Døme:	<selge> [sælə]	<selger> [sæləʝ]	<solgte> [søltə]	<solgt> [sølt]
	5.	-	-ʝ	-də	-d/-t
Døme:	<bo> [bu:]	<bor> [bu:ʝ]	<bodde> [budə]	<bodd> [bud]	

*I den fjerde bøyingssklassen i svake verb har eg sett stjerne framfor endingane i fortid og perfektum partisipp. Det som fyrst og fremst skil denne klassen frå dømme-klassen, er at stammevokalen i verbet skiftar. Her skil også presensforma seg frå presensformene i den andre bøyingssklassen, ved at dei har ein annan tonegang. Verbet <selje> er uttala med det vi kallar tonem 1, medan <dømme> i notid har tonem 2: <selge> [¹sæləʝ] og <dømme> [²dømaʝ].

Når den tredje bøyingssklassen i svake verb har monoftong i stammen, får dei lagt til endinga <-dde>, og vokalen framfor vert kort. Verba i denne klassen kan ha diftong eller <d> framfor infinitivs-e-en: <arbeide> [aʝbeidə], <greie> [gʁeie], <spade> [spa:də].

Tabell 9: Verb. Sterk bøyning.

Sterk bøyning ¹⁴	1.	-i	-i	-e	-e/i
	Døme:	<bite> [bi:tə]	<biter> [bi:taʁ]	<bet> [be:t]	<bitt> [be:tə] [bit]
	2.	-y	-y	-ø	-ø/ʉ
	Døme:	<bryte> [bʁytə]	<bryter> [bʁytaʁ]	<brøt> [brøt]	<brutt> [brøtə] [brʉt]
	3.	-i/æ	-i/æ	-a	-ʉ/ʊ
	Døme:	<finne> [finə]	<finner> [finaʁ]	<fant> [fant]	<funnet> [funə(t)]
	4.	-e/æ	-e/æ	-a	-ɔ
	Døme:	<bære> [bæʁə]	<bærer> [bæʁaʁ]	<bar> [ba:ʁ]	<båret> [bø:ʁət]
	5.	-æ	-æ	-a	-æ
	Døme:	<be> [be:]	<ber> [be:ʁ]	<ba> [ba:]	<bedt> [bæt]
	6.	-a	-a	-ʊ	-a
	Døme:	<fare> [fa:ʁə]	<farer> [faʁaʁ]	<for> [fʊ:ʁ]	<fart> [fa:ʁt]

Som nemnt ovanfor skil dei sterke verba seg frå dei svake fyrst og fremst ved at dei får vokalskifte i stammen mellom bøyingsformene. Dessutan er det heller inga ending i preteritum, og perfektum partisipp har gjerne endinga /-ə/. I presens brukar ein tonem 1, <biter> [¹bi:taʁ], slik som i det svake verbet <selge> [¹sælaʁ] ovanfor.

Nokre av dei sterke verba får bøyingar som minner noko om dei svake, til dømes:

Døme:	<gi> [ji:]	<gir> [ji:ʁ]	<ga> [ga:]	<gitt> [jit]
Døme:	<stå> [stø:]	<står> [stø:ʁ]	<sto> [stʊ:]	<stått> [støt]

Adjektiv

Her finst det hovudsakleg to typar: dei som endar på <-en> i oppslagsforma, og dei som ikkje gjer det. Adjektiva får bøyning i samsvar med substantivet dei står til, og får dermed slike bøyingar:

¹⁴ Dei sterke verba skil seg ut frå dei svake fyrst og fremst ved å vera særprega av vokalskifte i stammen. Dei sterke verba vert også delte inn i klassar, då etter vokalskifta. Bøyingsmønsteret som vist i tabellen, viser då vokalskifte i stammen.

Tabell 10: Adjektiv

	Eintal				Fleirtal	
	Felleskjønn		Inkjekjønn		ub	b
	ub	b	ub	b		
1	-n	-nə	-nt	-nə	-nə	-nə
Døme :	<skitten> [ʃitn]	<skitne> [ʃitnə]	<skittent> [ʃitnt]	<skitne> [ʃitnə]	<skitne> [ʃitnə]	<skitne> [ʃitnə]
2	-	-ə	-t	-ə	-ə	-ə
Døme :	<stor> [stʊ:ɾ]	<store> [stʊ:ɾə]	<stort> [stʊ:ɾt]	<store> [stʊ:ɾə]	<store> [stʊ:ɾə]	<store> [stʊ:ɾə]

Den trykklette endinga <-en> vert oftast til stavingsberande /n/ etter /t, d, s, n og l/.

Personlege pronomene

Dei personlege pronomena i bergensk er desse:

Tabell 11: Personlege pronomene

	Eintal					Fleirtal		
	1. pers	2. pers	3.pers			1. pers	2. pers	3.pers
			Mask.	Fem.	Nøyt.			
Subjekts- form	<eg> [e:g] [e:] [jei]	<du> [dʉ:]	<han> [han]	<ho> [hʉn] [hʉn]	<det> [de:]	<vi> [vi:]	<dykk> [dʉkɾ] [de:ɾə]	<dei> [di:]
Objekts- form	<meg> [me:g] [me:] [mei]	<deg> [de:g] [de:] [dei]	<han> [han]	<ho> [hʉn]	<det> [de:]	<oss> [ʉs]	<dykk> [dʉkɾ] [de:ɾə]	<dei> [di:]

Det er spesielt for bergensdialekten at subjektforma /e/ i fyrste person eintal også kan brukast i trykksterk posisjon. Denne forma kan ein gjerne finna som ein variant både hjå dei som elles brukar høgstatusforma /jæi/, og hjå dei som elles brukar lågstatusforma /e:g/.

Dei påpeikande pronomena i bergensk er desse:

Tabell 12: Påpeikande pronomene

Eintal		Fleirtal
Felleskjønn	Inkjekjønn	
<den> [dæn]	<det> [de:]	<dei> [di:]
<denne> [dænə]	<dette> [dætə]	<desse> [disə]

2.3 Dei språklege variablane

Eit grunnleggjande trekk ved sosiolingvistiske studiar er interessa for språkdrag som på ein eller annan måte er variable. Det kan bety at dei aktuelle språktrekka anten vert realiserte med ulike variantar hjå den enkelte språkbrukaren (intra-individuelt), eller at variasjonen fyrst og fremst viser seg frå ein språkbrukar til ein annan (inter-individuelt) (Akselberg & Mæhlum, 2006a, s. 83).

I ei undersøking som denne, der målet er å seia noko generelt om talemålssituasjonen i eit gitt geografisk område, er det ein fordel å dekkja eit breitt spekter av variablar. Dei resultata eg kjem fram til, skal ikkje seia noko om ein spesiell del av talemålet i Bergenhus, dei skal visa eit mest mogeleg heilskapleg bilete av talemålet i Bergen sentrum i dag. Såleis står ein i utgangspunktet fritt til å velja variablar. Ein kan sjølvsagt ikkje velja heilt i blinde, for det er eit poeng at variablane skal vera mest mogeleg typiske for den dialekten ein skal studera. Samstundes kan det vera nyttig å studera variablar som andre har studert tidlegare, og på den måten dra nytte av tidlegare resultat. Sidan det fyrst og fremst er resultata frå TUB og Agnete Nesse si hovudoppgåve eg kjem til å jamføra med i mi undersøking, ser eg det som nyttig å velja nokre av dei same variablane som vart brukte i dei undersøkingane.

I ein tidleg fase skisserte *Dialektendringsprosessar* kva for variablar som kunne vera aktuelle å undersøka for bergensk. Dette resulterte i eit utval på 18 aktuelle variablar, basert på TUB og Agnete Nesse si undersøking i Sandviken og på Nordnes (sjå kapittel 1.3.4). Utvalet var for omfattande til at eg kunne ta med alle variablane i denne undersøkinga, så nokre måtte veljast vekk. Til dømes valde eg vekk dei personlege pronomena <hun> og <dere>, fordi eg allereie hadde fleire pronomina og leksikalske variablar. Etter å ha transkribert og lytta gjennom alle lydfile, gjorde eg meg også opp eit inntrykk av kva for variablar som er meir frekvente enn andre. Fordi frekvente variablar pregar språket, kan dei difor vera ein god peikepinn på kva for eventuelle endringar som går føre seg i språket. Det er også slik at frekvens er viktig for å få eit godt grunnlag å rekna på. Både den syntaktiske variabelen <det/der> i presenteringskonstruksjonen, tonemgruppene <ta med> og <stå opp> og ord med og utan diftong (som i <graut, grøt>) vart tekne vekk grunna få belegg. Nokre variablar, som pluralisbøying eller ikkje pluralisbøying av adjektiv i predikativ stilling, hadde eg håpa å finna i bilettesten (jf. kapittel 4.4.2.D), men sidan den ikkje fungerte slik eg hadde tenkt, fall også desse ut.

I utgangspunktet var tanken at eg ville beskriva heile grammatikken ved å velja ut variablar som var fonologiske, morfologiske, syntaktiske og leksikalske, men dette vart

nedprioritert av grunnane eg har nemnt over. Nedanfor presenterer eg dei variablane eg har valt å studera nærare.

2.3.1 Fonologiske variablar

V01: <kj>-lyden

Denne variabelen kan ha fem ulike variantar:

- a) Palatal frikativ: /ç/. Dette er den opphavlege uttalen av lyden i bergensdialekten.
Døme: <kjøpe>, /çø:pə/.
- b) Palatoalveolar frikativ: /ʃ/. Dette er no den moderne uttalen av lyden, noko som kan sjå ut til å gå mot eit samanfall mellom <kj>- og <sj>-lyden. Døme: <kjøpe>, /ʃø:pə/.
- c) Ein mellomartikulasjon mellom dei to fyrste: /ʃj/. Lyden er i byrjinga som den fyrste, men du kan òg høyra ein /j/. Døme: <kjøpe>, /ʃjø:pə/.
- d) Palatal affrikat: /ç̟/. Denne lyden er vanleg i nokre av områda rundt Bergen og førekjem i nokre få tilfelle i bergensdialekten. Ifylgje Andrésen er det mogeleg at det då er eit uttrykk for emfase (Andrésen, 1980, s. 80). Døme: <kjøpe>, /ç̟ø:pə/.
- e) Framskoten palatal frikativ: ç₊. Lyden kan karakteriserast som ein *mellomlyd*, og har ikkje vore undersøkt så grundig tidlegare. Han har artikulasjonsstad som ein palatoalveolar frikativ, men artikulasjonsmåte som liknar på ein palatal frikativ¹⁵.

Sannsynlegvis er føresetnaden for samanfall mellom V01 og V02 ein overgang frå variant a) til variant c) under V02 (Nesse, 1994). I kapittel 3.3.2.2 skildrar eg korleis spreinga av den nye varianten kanskje kan ha gått føre seg. Agnete Nesse (1994) fann også tilfelle byrjande samanfall. Ho fann at /ç/-uttale av <sj>-lyden ikkje eksisterte blant dei kvinnelege informantane, men at uttalemåten hadde 8 % av belegga hjå dei mannlege. Likevel hadde dei fleste informantane høgast skåring på /sj/- og /ç/-variantane. Når det gjeld aldersforskjellar, fann Nesse at /sj/-uttale auka med alderen, og /ʃ/-uttale minka med alderen.

V02: <sj>-lyden

Denne variabelen kan ha fem ulike variantar:

- a) To åtskilde lydar: /sj/. Dette er den opphavlege og tradisjonelle uttalen av lyden i bergensdialekten. Døme: <skjørt>, /sjøɾt/.
- b) Palatoalveolar frikativ: /ʃ/. Dette er den moderne uttalen av lyden. Døme: <skjørt>, /ʃøɾt/.

¹⁵ Eg viser her til samtale med Helge Sandøy, 4 mai.

- c) Ein mellomartikulasjon mellom dei to fyrste: /ʃj/. Lyden er i byrjinga som den fyrste, men du kan òg høyra ein /j/. Døme: <skjørt>, /ʃjøʁt/.
- d) Palatal frikativ: /ç/. Det er registrert at nokre brukar denne lyden for <sj>-lyden, då er det kalla ombyte. Døme: <skjørt>, /çøʁt/.
- e) Framskoten palatal frikativ: ç+. Lyden kan karakteriserast som ein *mellomlyd*, og har ikkje vore undersøkt så grundig tidlegare. Han har artikulasjonsstad som ein palatoalveolar frikativ, men artikulasjonsmåte som liknar på ein palatal frikativ¹⁶.

Allereie i Larsen og Stoltz si *Bergens Bymål* frå 1912 får me høyra at <sj>-lyden er på gli mot /ʃ/, slik som i variant c) under variabel V01, men dei nemner ingenting om samanfall mellom dei to variablane. Dette er ikkje så overraskande, for fenomenet eksisterte nok ikkje på hans tid. I TUB-materialet frå 1978 finn ein at det er /ʃ/, variant b) som er den mest brukte realisasjonen, med 50 % av belegga (Johannessen, 1983, s. 9). I TUB vart det også oppdaga at ein del informantar bytte om på <sj>- og <kj>-lyden, slik at dei sa /ʃændis/ for <kjendis> og /çipskædaʁ/ for <skipsreiar>. Dette var tydeleg eit ungdomsfenomen. TUB konkluderte med at fenomenet ombyting var lite frekvent hjå informantane, då nesten halvparten av ungdomsinformantane hadde berre korrekte former i språkbruken sin.

V03: Lang æ/e framfor r.

Variantane av denne variabelen er:

- a) [e], dvs. at <klede> vert uttala /kle:ʁ/
- b) [æ], dvs. at <klede> vert uttala /klæ:ʁ/

Gammalt bergensk hadde ikkje lang /æ/ tidlegare, unnateke i substantivet <ræv> og pronomena <her> og <der>, men moderne bergensk har det. Larsen og Stoltz skriv at /e/ vart rekna som finare den gongen (Larsen & Stoltz, 1912, ss. 59-60). I dag er prestisjeforholdet omvendt, og ifylgje Egil Pettersen er det kanskje eit resultat av påverknad frå austlandsk (Pettersen, 1965, s. 72). Sidan prestisjeforholdet har endra seg, kan det vera vanskeleg å definera denne variabelen innanfor akse 1 (jf. kapittel 2.3.5). Eg trur denne variabelen kan seia noko om moderne vs. gammaldags språk, og har difor plassert V03 under akse 2.

¹⁶ Eg viser her til samtale med Helge Sandøy, 4 mai.

2.3.2 Morfologisk variabel

V04: Trykklett /-er/-ar/ i utlyd i substantiv fleirtal, <jenter>, eller verb i presens, <kastar>.

Variantane av denne variabelen er:

- a) [-aɛ]
- b) [-a]
- c) [-əɛ]
- d) [-ə]

Nesse (1994) fann at det store fleirtalet av informantane hennar hadde flest belegg på variant a) eller b). Utlyd på /-a/, variant b), står faktisk sterkare, med 63 % samla. Alder gav ikkje signifikante utslag på denne variabelen. Variant a), b) og d)¹⁷ vert rekna som lågstatusvariantar, medan variant c) vert rekna som høgstatusvariant. Denne variabelen kunne nok ha vore analysert grundigare, til dømes om neste ord byrjar med ein vokal eller ein konsonant. Eg har undersøkt om det er automatikk i at endinga er a/e framfor ord som byrjar med sin konsonant, og ar/er framfor ord som byrjar med ein vokal, men eg har ikkje funne noko slikt mønster i materialet mitt.

2.3.3 Leksikalske variablar

V05: Dei personlege pronomena 1. person eintal objektsform, 2. person eintal, objektsform og det refleksive pronomenet.

Variantane av denne variabelen er:

- a) /mei/, /dei/, /sei/. Desse variantane vert rekna som høgstatusformer.
- b) /me:g/, /de:g/, /se:g/. Desse variantane vert rekna som lågstatusformer.
- c) /me:/, /de:/, /se:/. Desse variantane er rekna som høgstatusformer, fordi utlydsvokalen er lik /me:g/-variantane.

Nesse behandla denne variabelen saman med 1. pers. eint. subj.form, fordi ho meinte at det ikkje var nokon vesentleg forskjell i den sosiale betydninga til formene. TUB har ikkje gitt ut nokon artikkel om denne variabelen. Eg har teke med variabelen fordi eg meiner han kan komma inn under akse 1, og difor gi fleire belegg til den dimensjonen.

¹⁷ Eg har rekna variant d), <-ə>, som lågstatusvariant av to grunnar. For det fyrste argumenterer Johannessen med at: ”Det ser ut til at dei gruppene som har mest høgstatusspråk, også er mest ”nøyaktige” med å uttale r’en.” (Johannessen, 1984, s. 17). For det andre hadde Nesse den same inndelinga, noko som gjer det lettare å samanlikna mine resultat med hennar.

V06a: Det personlege pronomenet i 1. person eintal subjektsform. Trykksvakt.

Variantane av denne variabelen er:

- a) /jei/
- b) /je:/
- c) /e:g/
- d) /e:/
- e) /ei/

V06b: Det personlege pronomenet i 1. person eintal subjektsform. Trykksterkt.

Variantane av denne variabelen er:

- a) /jei/
- b) /je:/
- c) /e:g/
- d) /e:/
- e) /ei/

Det som særmerkjer variabel V06a og V06b, er at dei er høgfrekvente, og at variantane a) og c) er heilt ulike fonetisk sett (Ulland, 1984, s. 50). Ut frå informantutvalet i TUB kan ein slå fast at høgstatusvarianten /jei/ har ei svak stilling hjå ungdom i Bergen. Det er berre tre informantar som har ein /jei/-frekvens rundt 50 %. Tre har 20-25 %, og resten har under 10 % eller ikkje /jei/ i det heile (Ulland, 1984, s. 51). Varianten /e:g/ har støtte i dei fleste dialektane rundt Bergen. Variantane b) og d) er kanskje kompromissformer som vert brukte i situasjonar der ein ser variantane a) eller e) som stigmatiserte. Varianten /ei/ er ikkje nemnd hjå Larsen og Stoltz. I TUB er han rekna som ein høgstatusvariant.

V07: Nektingsadverbet

Variantane av denne variabelen er:

- a) ikke
- b) ikkje¹⁸

Nektingsadverbet vert vanlegvis rekna som ein sentral identitets- og solidaritetsmarkør i språket, og difor kan ein seia at det går eit skilje mellom brukarar og ikkje-brukarar av ein viss variant (Myking, 1983b, s. 87). I resultatata frå TUB kan ein sjå at dei fleste av informantane brukar varianten /içə/. Johan Myking skriv at høgstatusvarianten /ikə/ berre vert brukt av "ei kjernegruppe som er særleg "motstandsfør" mot lågstatusnormene, og som då vert ein "garantist" for at høgstatusvariantane neppe kjem til å gå or bruk" (Myking, 1983b, s. 110).

¹⁸ Her er alle variantar av <kj> - lyden inkluderte (jf. V01).

V08: Determinativen

Variantane av denne variabelen er:

- a) /nuə/, /nəkə/, /nɔgət/
- b) /nuən/, /nəkən/, /nɔgən/

Variantane /nɔgət/ og /nɔgən/ er tradisjonelle og ”gammaldagse” former, og har sannsynlegvis hatt høg prestisje i bergensmålet. Men desse variantane er særst lite frekvente i dag, noko som også vart påvist i TUB (Myking, 1983b, s. 72). Materialet frå TUB indikerer at det er lågstatusvariantane /nəkə/ og /nəkən/ som er mest brukte. Variantane /nuə/ og /nuən/ har støtte i skriftspråket og i ”tala bokmål”, medan variantane /nəkə/ og /nəkən/ er finst i dialektane rundt Bergen.

2.3.4 To aksar

Eg arbeider med to aksar innanfor dialekten i Bergenhus. Den fyrste går på dimensjonen høgstatus og lågstatus, medan den andre går på dimensjonen yngre og eldre former. Inndelinga er basert på TUB (Myking, 1983b, s. 68) og Nesse si inndeling i 1994 (Nesse, 1994, ss. 60-65).

Ved å kalla det aksar meiner eg å få fram at dialektbruken er eit kontinuum. Aksane er ikkje meinte som absolutte inndelingar. Nokre av variablane kan passa inn fleire stader, og det finst variablar som er vanskelege å plassera i ein av inndelingane. I enkelte tilfelle finst det òg mellomformer, som kan vera vanskelege å plassera. Eg har ikkje teke med slike former i hovudinndelinga, men kommenterer dei etter kvart.

Tabell 13: Fordeling av variablane innanfor dei to aksane.

	Akse 1			Akse 2	
	Høgstatus	Lågstatus		Yngre	Eldre
V04	-er,	-ar, -a, -e	V01	/ʃ/	/ç/
V05	dei, mei, sei	deg, meg, seg de, me, se	V02	/ʃ/, /ʃj/	/sj/
V06	jei, je, ei	eg, e	V03	æ	e
V07	ikke	ikkje	V08	noe/noen	nåkke/nåkken, någet/någen
V08	någet/någen, noe/noen	nåkke/nåkken			

3 TEORI

3.1. Innleiing

Talemålet varierer. Ein kan finna talespråkleg variasjon mellom ulike geografiske område og mellom sosiale grupper innanfor same geografiske område. Det finst også variasjon mellom individ innanfor den same sosiale gruppa, og det finst talespråkleg variasjon hjå kvar enkelt språkbrukar. Språket varierer også frå ei tid til ei anna. Den synkrone talemålsvariasjonen kallar me for språkleg variasjon, medan den diakrone variasjonen vanlegvis vert kalla språkleg endring. I det følgjande kapittelet vil eg ta for meg synkron og diakron språkending, høvesvis i kvart sitt delkapittel.

3.2. Språkleg variasjon

3.2.1 Kva er variasjon?

Omgrepa språk og dialekt omfattar ein del *variasjon*. Eit individ snakkar ein dialekt, eller ein *varietet*, som i seg sjølv er eit eige språksystem. Innanfor denne varietetten finst det også variasjon og forskjellige uttrykksformer, som kjem til uttrykk gjennom ulike *variantar* av språklege *variablar*. Dei aller fleste av oss varierer språket sitt etter kven me snakkar med, og kva for ein situasjon me er i. Me brukar ulike *stilar* når me snakkar. Slik kan me også rekna med at dei fleste også har eit sett med stilar, det me kan kalla eit *stilregister*. Slik variasjon hjå enkeltindividet kan me kalla for *intra-individuell* variasjon. Fleire av informantane mine, og spesielt dei vaksne, seier at dei varierer språket sitt alt etter kven dei snakkar med, og kva for situasjon dei er i. Variasjonen mellom medlemmane i det same språksamfunnet kallast for *inter-individuell* variasjon, og det er her hovudfokuset i denne undersøkinga vil vera. Slik inter-individuell variasjon kan ein finna mellom folk i ulike aldrar, mellom kjønn, eller mellom folk frå ulike lokalitetar og sosiale grupperingar. Desse er dei sosiale variablane i denne undersøkinga, og vert presenterte nedanfor.

3.2.1.A Lokalitet

Geografisk avgrensing er ein av dei vanlegaste utanomspråklege variablane i sosiolingvistiske granskingar. Det er også naturleg, fordi dialekten vil vera forskjellig på ulike stadar.

Bergensdialekten skil seg til dømes frå byggedialektane rundt, og dei ulike bydelane innanfor Bergen kommune kan også visa lokale skilnader.

3.2.1.B Alder

Det er også vanleg å sjå på forskjellar mellom ulike aldersgrupper i språksamfunnet. Ofte kan ein sjå at språkforskjellane blant grunnskuleelevar minkar di høgare opp i klassane

ungdommane kjem. Sannsynlegvis avspeglar språkforskjellane i grunnskulen dei ulike språklege vanane ungane har med seg heimanfrå. Etter kvart som elevane vert eldre, distanserer dei seg frå heimen sine normer, og identifiserer seg sterkare med det ungdomsmiljøet dei tilhøyrer. Ein kan seia at kameratane har overteke som sosialiseringfaktor (Sandøy, 1996).

Dei vanlegaste funna er at det er hjå dei unge ein kan finna flest nye dialektformer. Ungdommane er ofte innovatørar, og tek lett opp nye språktrekk.

3.2.1.C Kjønn

Når ein reknar kjønn som eit eige kriterium for ei sosial gruppe, betyr ikkje det at alle personane med same kjønn høyrer til eit sosialt nettverk innanfor det undersøkte samfunnet. Men ein reknar med at kvart kjønn har meir til felles saman enn det begge kjønna har samla (Sandøy, 1996, s. 105). Det har også vist seg i fleire sosiolingvistiske undersøkingar at ein finn språklege skilnader mellom kjønna.

Kjønn er ein sosial variabel som vert studert svært ofte i sosiolingvistikken. Fyrst og fremst i bysamfunn har ein sett skilnad på språket til menn og kvinner, ofte ved at kvinnene brukar fleire prestisjeformer enn menn (Finoft & Mjaavatn, 1980).

Konklusjonane frå TUB var at det var mindre skilnader i kjønn i Bergen sentrum. Der det fanst signifikante skilnader, gjekk det på at kvinner, og då særleg dei yngre, nytta fleire høgstatusformer enn menn:

Statistisk testing viser at dei [jenter] brukar signifikant meir <jei>, men her må det leggjast til at over halvparten av både jentene og gutane ikkje brukar <jei> i det heile (Ulland, 1984, s. 46).

3.2.1.D Sosial gruppe

I sosiolingvistiske undersøkingar av bymål er det òg vanleg å sjå på språk i forhold til korleis informantane fordeler seg i sosiale grupper. Sjølv om ei slik sosial klassifisering er vanleg, er ofte kriteria for inndelingane ulike. I TUB har ein nytta seg av ein sosial indeks ut frå yrkestittel, basert på Kari Skrede sin modell *Sosioøkonomisk klassifisering av yrker i Norge, 1960*. (Sjå vedlegg 17 for meir informasjon om inndelingane i TUB.) Innvendingar mot bruken av ein slik modell har mellom anna gått på at den kvantitative fordelinga av ulike samfunnsgode som inntekt, formue og utdanning som vert bruka i denne modellen, ikkje nødvendigvis gir noka god forklaring på samanhengen mellom språk og samfunn. Finn Gabrielsen brukar ein marxistisk modell for å forklara ”sosial variasjon i talemål ut ifrå sosial identitet i forskjellige grupper i samfunnet” (Gabrielsen, 1983, s. 56). På bakgrunn av dette deler han informantane inn i tre samfunnssklassar: *samfunnsklasse 1*, borgarskapen, som er sett

saman av kapitalistar, funksjonærar i toppstillingar innanfor det statlege og private, *samfunnsklasse 2*, småborgarskapet, som lever av eige arbeid utan å måtta selja eiga arbeidskraft (til dømes advokatar, legar og akademikarar), og til slutt *samfunnsklasse 3*, som inkluderer arbeidarklassen, personar som sel arbeidskrafta si eller utfører manuelt arbeid (Gabrielsen, 1983, ss. 56-59). Ifylgje Gabrielsen legg ei slik inndeling også vekt på fordelinga av samfunnsgode, men det er like viktig kva for rolle menneska spelar i organiseringa av det samfunnsmessige arbeidet. *Dialektendringsprosessar* har valt å bruka ei inndeling som liknar mykje på Gabrielsen si i undersøkingane frå Stavanger og Bergen. Her arbeider me med termen sosialgruppe. Døme på yrke som kjem inn under dei ulike sosialgruppene, er: direktørar og personar i stillingar der dei har personalansvar for meir enn éin person (sosialgruppe 1), akademikarar og legar (sosialgruppe 2) og bønder og industriarbeidarar (sosialgruppe 3).

I denne undersøkinga vil eg bruka begge dei to inndelingane på informantane mine. I det gamle materialet frå TUB held eg på den opphavelige, medan eg vil klassifisera informantane i dei nye opptaka etter den sist nemnde inndelinga. Det ville sjølvsagt vore ein fordel å bruka den same modellen for alle informantane, men det let ikkje seg så lett gjera. TUB-inndelinga er basert på SSB-data frå 1960. Det har skjedd store endringar i arbeidslivet sidan då, kanskje spesielt når det gjeld krav om utdanning, og vidare er dei sosiale inndelingane annleis i samfunnet i dag enn dei var i 1978. På bakgrunn av dette meiner eg at det er vanskeleg å bruka TUB-inndelinga på dagens informantar. Det er heller ikkje uproblematisk å nytta den nye inndelinga på TUB-materialet, for det er sannsynleg at eg då vil bruka dagens førestellingar om status og sosial inndeling på situasjonen i samfunnet for 30 år sidan. Det vil likevel finnast tvilstilfelle, og fordelinga må i stor grad baserast på skjønn. Slik eg ser det, er det ryddigast å ha to ulike inndelingar, for då vil i alle fall sjølve inndelingane vera representative for det materialet dei høyrer til. I tillegg er det ein fordel at dei to bymålsgranskingane innanfor *Dialektendringsprosessar* opererer med den same inndelinga. Det vil på eit seinare tidspunkt gjera det lettare å jamføra det nye materialet frå Bergen og Stavanger.

Sidan sosial gruppe ikkje var eit kriterium då eg trekte ut informantar til undersøkinga, fordeler ikkje informantane seg likt på alle sosialgruppene dersom ein kombinerer med andre sosiale variablar som livsfasar eller kjønn. Difor vil eg i denne oppgåva berre sjå på sosialgrupper kombinert med opptaksår.

3.2.2 Identitet

Identitetsomgrepet kan sjåast på to måtar, og Mæhlum seier at ”et individs identitet blir utkrystallisert i spenningsfeltet mellom det individuelle og det kollektive” (Mæhlum, 2006b, s. 197). På den eine sida har ein den *personlege identiteten*, som ein kan seia er ein karakteristikk av den delen av identiteten som gjer ein unik i forhold til alle andre. På den andre sida har ein den *sosiale identiteten*, som er dei eigenskapane som gjer ein kvalifisert til å vera med i ein gruppefelleskap. Eit individ kommuniserer med andre menneske ved hjelp av språklege handlingar. Menneska samhandlar gjennom språket, og slik sett kan ein seia at språket fungerer som både ein formidlingskanal og eit symbolsystem (Mæhlum, 2006b, s. 110). Det er gjennom samhandlinga at individet vert kjendt med kva for ein identitet ein vert tillagd hjå andre, og igjen reflekterer dette korleis ein ser på seg sjølv. I slike tilfelle kan ein kanskje få inntrykk av at ein vert tillagd ein identitet som ein ikkje kjenner seg komfortabel med, til dømes at ein vert oppfatta som uintelligent. Ein strategi for å rette opp dette, kan vera å retta på korleis ein framstiller seg sjølv, til dømes via språket. Ofte skjer dette ubevisst, og talemålsbrukaren treng ikkje alltid sjølv vera klar over kvifor han vel dei ulike variantane. Det er styrt av den kommunikative kompetansen vår.

Språket har ein identifiseringsfunksjon, og slik kan ein seia at alle språklege handlingar kan sjåast på som identitetshandlingar, eller *acts of identity* (Le Page & Tabouret-Keller, 1985). Ved hjelp av språket kan ein synleggjera identiteten sin, anten ein vil skilja seg ut eller berre vera som alle andre. I sin modell av verbale identitetshandlingar presenterer Robert LePage korleis adaptasjonen av ulike språkdrag er eit resultat av at språkbrukaren har eit ynske om å identifisera seg med ei gruppe, uavhengig av om samtalepartnaren høyrer til den gruppa eller ikkje. I dette tilfellet konvergerer språkbrukaren mot eit abstrakt bilete av gruppa. Tilpassinga krever i dette tilfellet ikkje hyppig kontakt med gruppa som er førebiletet, men føreset at språkbrukaren har ei viss form for kjennskap til gruppa (Auer & Hinskens, 2005, ss. 337 - 338). LePage og Tabouret-Keller skildrar språkhandlinga slik:

[...] we see speech as acts of projection: the speaker is projecting his inner universe, implicitly with the invitation to others to share it, at least insofar as they recognize his language as an accurate symbolization of the world, and to share his attitudes towards it. By verbalizing as he does, he is seeking to reinforce his models of the world, and hopes for acts of solidarity from those with whom he wishes to identify (Le Page & Tabouret-Keller, 1985, s. 181).

Vidare vil den responsen språkbrukaren får frå samtalepartnaren, forsterka identiteten hans eller føra til at han modifierer språkhandlingane sine. I eit tilfelle der språkbrukaren vert forsterka, kan det føra til at dei aktuelle språktrekka vert meir regelmessige, og ein kan kanskje sjå byrjinga på ei språkending.

3.2.2.A Akkomodasjon

Det er utvikla fleire forskjellige modellar for å forklara korleis mekanismane i identitetsdanninga, samspelet mellom individet og fellesskapen, fungerer. Tilpassingsteorien, eller *the interpersonal speech accomodation theory*, er utvikla av sosialpsykologen Howard Giles, og tek for seg korleis språkbrukaren kan variera språket avhengig av kven han snakkar med. Akkomodasjon er språkleg tilpassing til ein annan talespråkleg varietet. Ved å akkomodera kan ein skapa både nærleik og distanse til samtalepartnaren. Teorien om akkomodasjon kan delast inn i to underomgrep, *konvergens* og *divergens*. Når ein språkbrukar konvergerer, gjer han talespråket sitt likare talespråket til den personen han snakkar med. Dersom ein språkbrukar tilpassar seg ved å skapa større avstand til samtalepartnaren sitt talemål, snakkar me om *divergens*.

I tilpassingsteorien kan ein tenkja seg tre hierarkiske fasar som språkbrukarane går gjennom. I den fyrste fasen, der to individ kommuniserer ansikt til ansikt, kan språkbrukaren konvergera eller divergera i forhold til den andre språkbrukaren. Dersom språkbrukaren konvergerer og tek i bruk ein språkleg innovasjon, har det skjedd ein *korttidsakkomodasjon*, som gir språkleg variasjon. Dersom språkbrukaren til dømes brukar denne innovasjonen i samtale med ein ny samtalepartner, er det eit døme på *langtidsakkomodasjon*. Språkbrukaren har fått ein ny språkleg vane. Ifylgje tilpassingsteorien er det venteleg at di oftare språkbrukaren kommuniserer med andre språkbrukarar som brukar den same språklege innovasjonen, di meir sannsynleg er det at han vil inkludera innovasjonen i sitt språk. Slik langtidsakkomodasjon kan føra til språkending, men då må innovasjonen også gå gjennom ein tredje fase, der innovasjonen spreier seg til samfunnet elles. Sidan langtidsakkomodasjonen byggjer på at språkbrukarane *ofte* må verta utsette for innovasjonen, kan ein tenkja seg at språkendinga vil gå raskare dersom innovatørane høyrer til det same nettverket (Auer & Hinskens, 2005, ss. 335 - 336).

Også Labov ser på endring gjennom akkomodasjon som grunnleggjande, og skriv:

Each act of communication between speakers is accompanied by a transfer of linguistic influence that makes their speech patterns more alike (Labov, 1990, i Auer & Hinskens, 2005, s 336).

I artikkelen "The role of interpersonal accomodation in a theory of language change" ser Peter Auer og Frans Hinskens nærare på korleis tilpassingsteorien baserer seg på frekvensen av gjensidig kommunikasjon, og korleis ein språkbrukar tilpassar seg ein annan språkbrukar, basert på fleire undersøkingar rundt denne teorien. Dei nemner mellom anna Coupland si undersøking av ein butikkassistent i Cardiff, der han i analysen av resultatane sine avviser at språkbrukaren tilpassar seg direkte, og opnar for det han kallar ein "interpretive version". Ein

kan seia at i staden for at ein språkbrukar konvergerer til det han kan observera hjå samtalepartnaren, konvergerer han til ein stereotypi av den han snakkar med. I konklusjonen skriv Auer og Hinskens:

Several findings suggest that the driving force behind change in the individual, and also in the community, is not imitation of the language of one's interlocutor, but, rather, an attempt to assimilate one's language to the possibly stereotyped characteristics of a group one wants to be a part of, or resemble (Auer & Hinskens, 2005, s. 356).

Dei meiner at identitetsmotiverte språkval kan gå saman med akkomodasjon dersom språkbrukaren ynskjer å likna den gruppa som samtalepartnaren høyrer til eller samtalepartnaren oppfører seg likt med språkbrukaren sine stereotypiar av dei som høyrer til den aktuelle gruppa.

3.2.3 Nivellering

Eit bysamfunn vil ofte vera prega av flytting og mykje kontakt mellom folk frå mange ulike stadar. Ifylgje Skjekkeland, vil ein i slike samfunn ofte finna ei utvikling mot ei utjamning i bøyingsverket i språket (Skjekkeland, 1997, s. 25).

Dersom ulike dialektar (varietetar) er i kontakt med kvarandre, vil det ofte skje ei forenkling av språkstrukturen. Dette blir i faglitteraturen ofte kalla for dialektnivellering. (Skjekkeland, 2009, s. 85)

Nivellering kan altså skje både mellom både dialektar og varietetar i eit språksamfunn, og fenomenet seier noko om fordelinga av ulike variantar innanfor ein variabel eller ein varietet. Trudgill skriv:

Levelling refers to the process whereby the number of variant pronunciations, words or grammatical forms that are present in the dialect mixture are reduced as a result of focusing [...], to a smaller number of variants, usually one (Trudgill, 2003, s. 79).

Dersom ein til dømes ser at ei lågstatusvarietet spreier seg til fleire sosiale lag i samfunnet, kan dette vera eit resultat av ein nivelleringsprosess. I ein slik prosess kan det sjølvsagt liggja reine indrespråklege faktorar til grunn. Eit døme på dette er *forenkling*.

Simplification refers most importantly to an increase in regularity in a language variety, for example the regularisation of irregular verbs (Trudgill, 2003, s. 120).

Me skal sjå nærare på indre faktorar for språkending i det følgjande kapittelet.

3.2.4 Indre faktorar for språkending

Når nye generasjonar skal læra språkssystemet på nytt, er det ikkje nødvendigvis sikkert at språket vert innlært på same måten som generasjonen før gjorde det. Når ungane skal læra seg språkstrukturen, lærer dei ofte ved å prøva og feila og ved å bruka generelle reglar for språket. Det er ikkje alltid ein kan fylgja slike reglar, for nokre ord har sine egne spesielle reglar, der ein må kjenna til kvart enkelt tilfelle. Ein kan altså skilja mellom generelle og spesielle språkdrag, det grammatikalske og det leksikalske. Slik kan ein tenkja seg at det er lettare å

læra generelle reglar, som ein kan bruka for fleire språkdrag, enn dei spesielle unntaka. Difor kan dei unge laga seg eit språkssystem som har færre slike unntak, og difor er meir konsekvent enn det gamle var. Som Helge Sandøy formulerer det: ”I sjølve språkssystemet ligg det altså eit stadig driv til nyregulering, og eit levande språk har alltid ein kime i seg til forandring”. Språkssystemet kan endra seg på ulike måtar, og Sandøy presenterer fem indre faktorar til at språket endrar seg: regelinnsnevring, regelutviding, analogi, funksjonell tyngd og naturlegheit (Sandøy, 1996, ss. 130 - 135).

Ved *regelinsnevring* vert reglane mindre generelle, ved at nokre kategoriar fell ut av verkeområdet for regelen. Bortfall av palatalisering av velarar kan i mange dialektar vera eit døme på dette. Palataliseringa forsvinn fyrst i perfektum partisipp av sterke verb, og slik vert regelen avgrensa til å gjelda færre ord i ein dialekt.

Ved *regelutviding* vert reglane meir generelle. Til dømes mangla fleirtal av ubestemt form av nøytrumsord ei eintydig bøyingsending tidlegare, slik at det heiter <eple> både i eintal og fleirtal. I dialektar der <-r> er den gjennomgåande fleirtalsendinga i både maskulinum og femininum, har nok denne mangelen på eintydig fleirtalsmarkering vorte oppfatta som avstikkande. Slik kan ei endring i endinga i fleirtalsforma av nøytrumsord til <epler> ha fått naturleg innpass, fordi denne fleirtalsforma allereie var dominerande. Slik vart <r>-bruken meir generell. Denne <r>-endinga kan ein også sjå i bergensdialekten.

Ved *analogi* vert uproductive klassar som vanlegvis ikkje får tillagde fleire medlemmar, mindre, ved at medlemmane går over til produktive klassar i bøyingsmorfologien. I mange dialektar kan ein sjå at den maskuline er-klassen er på veg over i den produktive ar-klassen.

Språkendringsfaktoren *funksjonell tyngd* fører til endringar som skapar større motsetnader eller fjernar ubetydelege opposisjonar i språket. R-bortfallet som mange norske dialektar har fått i presens av verb, har ført til fonemsamanfall mellom presens og preteritum i nokre tilfelle: Det heiter <baka> i både presens og preteritum. Nokre vestlandske dialektar har deretter bytt bøyning til <bakte> i preteritum, slik at verbtidene skal kunna skiljast frå kvarandre, og bøyingsformene vert meir funksjonelle.

Nokre drag er meir frekvente i språk enn andre, ein kan seia at språket føretrekker visse drag, som me kan seia er *naturlege*. Til dømes kan ein ofte sjå at språkdrag som er vanlege, overtek for språkdrag som tradisjonelt er mindre brukte. Somme hevdar at årsaka til den raska utbreiinga av skarre-r-en er at han er lettare å uttala enn den fremre. Det er ikkje lett å avgjera kva som er lett eller vanskeleg å uttala, men det vert altså brukt som eit argument for at skarre-r-en er eit meir naturleg språkdrag. Dette er altså ein innomspråkleg språkendringsfaktor som me kan kalla *naturlegheit*.

Tradisjonelt sett har ein ofte brukt språkinterne faktorar for å forklara språkending, der ein har fokusert mindre på individet som sosial aktør (Milroy J. , 1992, s. 167). Då har dei faktorane som er nemnde ovanfor, vore viktige for å forklara språkending. Likevel er det mange språkforskarar som er ueinige i at ein skal skilja mellom indre og ytre faktorar, og som meiner at språkending er avhengig av sosiale forhold, og difor må vera motivert av ytre faktorar. Milroy påpeikar at dersom innovasjonane ikkje vert tekne opp av samfunnet, vert dei heller ikkje språkendingar. Difor burde ikkje spørsmålet vera korleis innovasjonane oppstår, men heller kvifor innovasjonen fann stad akkurat til ei viss tid og på ein viss stad, og ikkje til andre tider eller på andre stadar (Milroy J. , 1992, s. 212).

3.2.5 Ytre faktorar for språkending

Sjølv om ein kan vera einige om at det er enkelte indre faktorar som må liggja til rette for at det skal gå føre seg ei språkending, kan det like gjerne vera samfunnsforhold kring språket som er årsaka til språkendingane. Det kan vera kulturendringar, både hjå og mellom individ sjølv, og også innanfor storsamfunnet. J. Milroy (1992) hevdar at språkending er eit resultat av individ som kommuniserer i sosiale kontekstar. Han meiner at språket er eit sosialt fenomen, og at det er umogeleg å observera språk utanfor ein sosial samanheng. Difor argumenterer han for ein sosialbasert modell for språkending.

Eit tydeleg døme på at språket endrar seg i takt med samfunnet, er at utviklinga i den nye, materielle kulturen krev nye ord. Mange av orda kjem så fort inn i språket vårt at me ikkje ein gong får tid til å finna norske ord for dei, såkalla avløyсарord. Heile 80–90 % av lånorda i dag kjem frå engelsk, og dette er eit fenomen mange er merksame på. Det er ikkje like lett å oppdaga alle orda som forsvinn. Fordi me ikkje har bruk for dei lenger, vert det heller ikkje oppdaga at dei vert borte. Som eg viste i kapittel 2.1.7, er det færre som er sysselsette i primær- og sekundærnæringane i Bergenhus i dag enn det var for tretti år sidan. Der det tidlegare var arbeidarstrøk i bydelen, bur det no studentar og personar med høgare utdanning. Det er då naturleg å tenkja seg at ein del ord og uttrykk som var knytte til industri og anna fysisk arbeid, forsvinn, og vert erstatta med nye.

Trass i at ein kan sjå tydelege endringar i språket dei siste tiåra, er det også påfallande kor små endringane faktisk er. Ifylgje Sandøy fungerer språksystemet som eit sett av sosiale normer. Slike normer er nødvendige for at me skal kunna forstå kvarandre. I tillegg har dei fleste av oss eit ynske om å vera like dei andre, og dermed også snakka likt som dei andre i den gruppa me høyrer til. Me ynskjer å vera konforme, og slik kan ein seia at språket har ein *identifiseringsfunksjon* og fungerer som ei konserverande kraft (Sandøy, 1996, s. 137).

Eit viktig omgrep i dagens moderne samfunn er *mobilitet*. Mange samfunn har fått omlagd næringsstruktur, og med det oppstår ofte nye sosiale grupper og sosiale mønster. Slik kan det også bli større *sosial mobilitet*, og ein kan sjå at enkelte individ ynskjer å identifisera seg med nye sosiale grupper. Den nye identifiseringsfunksjonen kan såleis føra til endringar i språket.

Ein kan også snakka om *geografisk mobilitet*. Fleire og fleire flyttar på seg, det kan vera i lengre tid for å få utdanning, eller det kan vera i form av pendling til arbeidsplassen. Det at fleire flyttar på seg, gjer også at fleire kjem i kontakt med andre dialektar enn tidlegare. Moderne kommunikasjonsmiddel har gjort det enkelt å flytta på seg, og dagens massemedium bidreg til at fleire vert utsette for mange fleire talemål enn dei møter i lokalsamfunnet sitt. Bergenhus bydel, som utgjer bykjernen i Bergen, er nok prega av stor mobilitet. Statistikken viser at det er mange innpendlarar til bydelen, og det er også mange som flyttar både inn og ut av byen (jf. tabell 1 og tabell 4). Me veit også at ein stor del av innbyggjarane i Bergenhus er unge menneske, ofte studentar. Det vil vera rimeleg å tru at dette fører til eit stort dialektmangfald i bydelen.

Stadig fleire ungar oppheld seg mykje av tida i barndommen i barnehage eller skule i staden for saman med til dømes ein av foreldra. Dette gjer at den kontrollinstansen som foreldre fungerte som tidlegare, vert mindre slagkraftig. Utdanningssystemet held dessutan ungdommen vekke frå arbeidslivet og vaksensamfunnet i lang tid (Sandøy, 2006a, s. 217). Ungdommar går ikkje lenger like tidleg inn i vaksenverda, og denne aldersgruppa har utvikla ein ungdomskultur og ein eigen gruppeidentitet. Kanskje er det sannsynleg at det er større grobotn for språkending no enn tidlegare, då ungdommen tidleg vart sosialisert inn i arbeidslivet? I ei gransking frå Arendal viste Gjert Kristoffersen korleis språkforskjellane blant ungdomsskuleelevar vert færre di lenger opp i klassane dei kjem. I ungdomsskulen kan det til dømes vera vanskeleg å peika på forskjellar i det heile. Kristoffersen meiner at det skjer ein utjammingsprosess i ungdomstida, mellom anna fordi ungdomsmiljøet har strenge normer som stiller krav til tilpassing og homogenitet (Sandøy, 1991, ss. 146 - 147). Som eg har nemnt i kapittel 2.1.8, har skulestrukturen endra seg i Bergenhus sidan TUB vart gjennomført. No er det berre ein offentleg ungdomsskule i bydelen, Rothaugen ungdomsskule i Sandviken. Sidan alle ungdomsskuleelevar i Bergenhus no går på den same skulen og der møter og tilpassar seg dei same normene, kan det kanskje føra til at språkvala vert likare hjå dei unge, slik at dei små, lokale forskjellane vert færre?

Språkdrag kan ha ulik prestisje i eit språksamfunn. I Bergen har det vore to varietetar som har høyrte til forskjellige sosiale lag og med det hatt ulik sosial status. Larsen (1912) skildrar dei to varietetane som *vulgærsprog* og *dagligtale*, men eg vil i denne undersøkinga bruka

nemningane lågstatus og høgstatus om dei to varietetane (jf. kapittel 2.2.1.1). Slik sosial variasjon har vore vanleg i fleire norske bysamfunn, og ofte kunne kontrasten mellom dei to varietetane vera nokså markert. Ein tendens dei siste tiåra av 1900-talet har vore at dei sosiolektiske forskjellane i ein del bysamfunn har forsvunne eller minka sterkt (Sandøy, 2006a, s. 219).

Dei som snakkar ein statusvarietet, eller eit høgare talemål, kan gjerne oppfatta det slik at dei snakkar ”riksmål” eller eit ”standardspråk”. Sandøy hevdar at:

Oppfatningar om kva som er riksmål eller standardtalemål, er også eit uttrykk for ein ideologi, nemleg at dei aktuelle dialektane har ein overordna og overregional funksjon, dvs. over andre lokale dialektar, sjølv om også desse dialektane (altså dei høgare talemåla) har tydelege lokale drag. (Sandøy, 2006b, ss. 240 - 241).

Det kan sjå ut til at dei høgare talemåla har mista plass som førebilete til fordel for standardspråket bokmål, i alle fall kan me finna mange belegg på at former frå standardspråket bokmål har gått inn i talemålet i store deler av landet.

I internasjonal sosiolingvistisk gransking har det ofte vore lagt vekt på den sosiale lagdelinga i samfunnet, og ein har delt samfunnet inn i sosiale klassar. Ifylgje Chambers og Trudgill kan sosialgrupper vera ein viktig faktor ved språkending innanfor eit geografisk område:

In studies of urban dialects to date, social class has proved to be the most likely independent variable to correlate with linguistic variation (Chambers & Trudgill, 1980, s. 167).

Men det kan vera ei utfordring å definera dei sosiale klassane, og det har vore særleg vanskeleg å overføra dei utanlandske inndelingane til norske forhold (Sandøy, 1996, s. 107). Sjølv om det har vore mange ulike kriterium som har lege i botn for ei slik inndeling, er det yrke som ser ut til å vera prioritert som det viktigaste. I bysamfunn har ein funne at ulikt økonomisk grunnlag er ein føresetnad for gruppedeling, og slik kan det også ha innverknad på språkbruk (jf. kapittel 3.2.2). (For vidare diskusjon om definering av sosiale klassar i denne undersøkinga, sjå kapittel 3.2.1.4.)

Ein kan tenkja seg at det er dei mest stigmatiserte språkdraga, dei med låg prestisje, som er mest utsette for endring, og at språkbrukarane byter dei ut med språkdrag som har høgare prestisje (Sandøy, 1996, s. 138). Likevel finst det mange døme på det motsette. I Bergen kan ein sjå at det er lågstatusvariantane som breier seg, og at det bytalemålet som veks fram, er basert på det som var lågstatusspråk tidlegare. Ifylgje Sandøy¹⁹ er det i nokre tilfelle slik at stigmatisering og aversjon mot enkelte språkdrag kan slå sterkare ut enn prestisje, slik at språkbrukarane unngår enkelte språktrekk som stikk seg ut. Då kan ein tenkja seg at språkdrag

¹⁹ Munnleg informasjon frå førelesing 23.03.11.

som i Bergenhus har vore oppfatta som prestisjeformer tidlegare, ikkje vert brukte no, nettopp fordi dei er knytte til ei form for eit prestisjespråk som språkbrukarane ikkje vil knytast til.

Ein slik kontrast mellom varietetar er ofte referert til som *covert* og *overt prestige*, der *covert prestige* refererer til høgstatusvarieteteten (som symbolsk representerer heile samfunnet), og *overt prestige* til den lokale lågstatusvarianten (Hudson, 1996, s. 211). Fokuset ligg på korleis ein tilnærmar seg ei felles prestisjenorm, eller ei meir lokal prestisjenorm. Igjen kjem ein tilbake til språket sin identifiseringsfunksjon, og kven språkbrukaren identifiserer seg med. Kanskje kan ein tenkja seg at ulike grupper vil identifisera seg med ulike prestisjenormer i Bergenhus, og difor ha ulike normer for språkbruk?

Ofte er det som me reknar som prestisjeformer i stor grad likt det me kan kalla eit normert ”moderat bokmål” (Sandøy, Talemål, 1996, s. 140), og skriftmålet kan gi ei språkform prestisje grunna den overdialektale funksjonen det har. Det er også sannsynleg at akademikarar og andre som arbeider mykje med skriftspråket til dagleg, vert meir påverka enn andre. Fordi me har mykje kontakt med skriftspråket i dag, er det også nærliggjande å tru at skriftbiletet står sterkare i språkmedvitet vårt, og difor også verkar inn når me skal bruka talemålet.

Dei ytre påverknadsfaktorane er mange, og det kan vera vanskeleg å avgjera akkurat kva som gjera at fenomen utviklar seg eller nye fenomen oppstår. Det er difor viktig å stilla strenge krav til testinga. For å unngå å reprodusera og forsterka stereotype haldningar, må me i nokre tilfelle konkludera med at det kan vera mogleg påverknad frå fleire kjelder samtidig.

Det kan altså vera mange faktorar som ligg til grunn for endringar i språket. I det følgjande kapittelet skal me sjå nærare på kva for prosessar som vert sett i gang når eit språk endrar seg.

3.3 Språk i endring

3.3.1 Innleiing

Det er eit faktum at språket vårt endrar seg. Somme tider kan endringane skje fort, og somme gonger kan dei skje langsamt. Det er også enkelte delar av språket vårt som er meir stabile enn andre, men språket er til ei kvar tid variabelt. J. Milroy hevdar:

Languages are never uniform entities; they can be observed to vary geographically and socially, and according to the situational contexts in which they are used. In the study of linguistic change, this heterogeneity of language is of crucial importance, as change in progress can be detected in the study of variation (Milroy J. , 1992, s. 1).

Omfanget av endring kan også variera frå stad til stad. Når ein ser på ei diakron utvikling av talemålet på eit gitt tidspunkt, er det viktig å hugsa på at språksituasjonen då sannsynlegvis er ein del av ein større språkleg variasjon på nettopp det tidspunktet.

3.3.2 Språkendring og spreining

3.3.2.A Frå innovasjon til endring


Me veit at mange endringar har gått føre seg, og framleis går føre seg, i det norske språket i dag. Men ikkje alle er like synlege, og heller ikkje alle vert gjenstand for like mykje merksemd. Det kan difor også vera vanskeleg å fastslå kvar det fyrste avviket oppstod, kven som stod for det, og ikkje minst kor tid det skjedde. Sannsynlegvis må ei ny uttaleform ha vorte presentert for fyrste gong, og for at denne nye forma skal ha fått fotfeste og utvikla seg til det me kan karakterisera som ei språkendring, må andre ha følgd etter.

I denne samanhengen kan det vera viktig å klargjera to viktige omgrep, *innovasjon* og *endring*. *Innovasjonen*, som alltid skjer i starten på ei talemålsendring, er ifylgje James Milroy ei handling som vert utført av den som snakkar. *Endringa* derimot, kan observerast i språkssystemet, og kan ikkje kallast ei endring før innovasjonen er teken opp av fleire enn ein person. På bakgrunn av dette presiserer Milroy at det er individa, dei som snakkar, som kjem med innovasjonane, ikkje språket i seg sjølv: "We can describe speaker-innovation as an act of the speaker which is capable of influencing linguistic structure" (Milroy J. , 1992, s. 169).

Sandøy har laga ei teoretisk tilnærming for å forstå prosessen for språkendring, der han presenterer innovatøren, person P_1 , og eit fyrstetilfelle, T_1 . Ei språkendring startar som ein individuell innovasjon ved at P_1 uttalar noko på ein ny måte, og deretter ved at P_1 brukar dette fleire gonger. Sandøy skisserer to utfall av denne situasjonen. P_1 kan få korreksjonar, anten indirekte eller i form av open kritikk, kvittar seg med feilen og stabiliserer seg på normalen N igjen. Alternativt kjem det ingen korreksjon, noko som opnar for at repetisjonen kan skje oftare og oftare, slik at det til slutt vert ein individuell vane. Sjølve endringsprosessen byrjar når P_2 , eit anna individ, tek etter vanen til P_1 . No har to personar teke opp den nye språkvanen. Då vert det lettare for andre å tilpassa seg også, og språkendringsprosessen er i gang (Sandøy, 2006a).

For å visa endringsprosessen innanfor eit språksamfunn er det vanleg å visa til ei s-kurve (Chambers & Trudgill, 1980, s. 179).

Figur 8: Språkendringsprosessen



Denne modellen viser korleis endringa fyrst startar sakte frå individ til individ, før endringa skyt fart og fleirtalet tek over det nye språktrekket. Mot slutten går det seinare att, fordi ein del individ framleis held fast på det gamle (jf. figur 8).

Når ein snakkar om språkleg endring, kan det vera fruktbart å snakka om kvar endringane kjem frå. Labov snakkar om *change from above* og *change from below*, der dei to uttrykka *above* og *below* refererer til sosial posisjon og eventuell sosial prestisje:

Changes from above are introduced by the dominant social class, often with full public awareness. [...] *Changes from below* are systematic changes that appear first in the vernacular, and represent the operation of internal, linguistic factors. (Labov, 1994, s. 78)


Det er altså slik at *changes from below* ikkje vert like godt lagt merke til som dersom språktrekka kjem inn ovanfrå. Labov seier også at *changes from below* kan verta introduserte av språkbrukarar frå alle sosiale klassar.

3.3.2.B Spreiing

Når eit språkdrag hoppar vidare til eit anna språksamfunn, snakkar ein om geografisk spreieing. To teoriar som kan vera nyttige å sjå nærare på når det gjeld spreieing, er bølgeomodellen og sprangmodellen. Bølgeomodellen skildrar spreieinga av innovasjonar som ei rørsle som går frå opphavsstaden som ringar i vatn utover områda rundt. Denne modellen vart utvikla av junggrammatikaren Schmidt i 1872 (Sandøy, 2006b). Chambers og Trudgill forklarar spreieinga av nye språkdrag som "the jumping of the innovation from one large town to another, and from these to smaller towns, and so on" (Chambers & Trudgill, 1980, s. 192). Dette er det me kallar for sprangmodellen, som er ei vidareutvikling av bølgeomodellen. Sprangmodellen skildrar korleis eit nytt språkdrag spreier seg frå sentrum til sentrum før det vert teke opp i bygdene rundt sentrumet. Språkdraga går helst fyrst ut frå eit stort til eit mindre sentrum. Ein kan då tenkja seg at sprangmodellen kan byggjast ut til eit hierarki. I Noreg vil då Oslo liggja på toppen, og vidare kan ein tenkja seg at spreieinga går vidare via dei store byane Kristiansand, Stavanger, Bergen, Trondheim, Bodø og Tromsø til dei mindre byane i Noreg. Frå desse byane vert språkdraga spreidde til tettstadene, og deretter vidare til bygdene rundt. Samanfallet mellom lydane <sj> og <kj> kan stå som eit døme på at eit

språktrekk har hoppa frå by til by. Sannsynlegvis har innovasjonssituasjonane for samanfallet vore ulike i Oslo og Bergen. Ifylgje Sandøy fanst både /ʃ/ og /ç/ i Oslo frå før. Samanfallet var vanleg i barnespråk, men på grunn av korreksjonar frå vaksenspråket kvitta ungdommane seg med fenomenet, og lærte seg å skilja mellom /ʃ/ og /ç/. Slik kan ein seia at korreksjonen vart ei sosial sperre mot at innovasjonen fekk utvikla seg vidare. Etter kvart har korreksjonar mot slikt barnespråk falle vekk, og fenomenet har følgt med oppover i aldersgruppene. I Bergen kan me sjå ei anna utvikling (Figur 9).

Figur 9: Utviklinga av samanfallet mellom lydane <sj> og <kj>



Bergensdialekten hadde i utgangspunktet to uttalar av dei aktuelle lydane (Fase I). Under påverknad utanfrå kom uttalen /ʃ/ inn for <sj> i bergensdialekten på 1900-talet (Fase II). Truleg hadde denne uttalen litt status. Dei fyrste ungdommane som blanda saman desse to lydane i Bergen, var fødte midt på 1960-talet. Dei sa dels /ç/ for <sj> og dels /ç/ for <kj> (Fase III). Dei to lydvariantane vart tillagde sosial verdi, det kan ein sjå av eit sitat frå ca. 1980: ”Eg veit det heiter /ʃøn/, men eg synest det er så jålete at eg seier /çøn/.” (Sandøy, 2006a, s. 214) Ungdommane tok med seg samanfallet frå barne- og ungdomsspråket til vaksenspråket. Fyrst vart det sett på som ein raritet og var avgrensa til nokre bydelar. Utover 1980-talet vart det meir allment, og no er det dominerande i ungdomsspråket. Uttale med /ʃ/ har vorte den kollektive norma i gruppa (Fase IV). Den nye uttalen dreiar seg nok meir om eit sosialt fenomen enn om eit artikulatorisk problem med å skilja lydane. Seinare har samanfallet i ungdomsspråket følgt med opp i vaksenspråket (Sandøy, 2006a, ss. 213 - 215).

3.4 Språksamfunn

I undersøkinga mi har eg valt å fokusera på eit spesifikt geografisk område. Eg vil sjå på og samanlikna talemålet til personar frå det geografiske og administrativt avgrensa området Bergenhus bydel. Ein slik studie av talemålsvariasjon innanfor eit geografisk eller sosialt avgrensa språksamfunn har vore sentralt i norsk sosiolingvistisk gransking, og legg vekt på å studera den språklege variasjonen og dei sosiolingvistiske variasjonsmekanismene mellom sosiale grupper og mellom einskildindivid (Akselberg, 2006c).

I denne samanhengen vil det vera naturleg å definera omgrepet språksamfunn. Dette omgrepet vert brukt på mange forskjellige måtar, alt etter kva for kriterium som vert lagde til

grunn. Felles for dei ulike definisjonane er ifylgje Røyneland at dei forsøker å avgjera om område som kan avgrensast geografisk, sosialt eller etnisk, også kan avgrensast lingvistisk. Her er det igjen forskjellige område som vert lagde vekt på, til dømes felles lingvistisk system, felles normer og haldningar til språk og psykologisk realitet (Røyneland, 2006a). Det er ikkje alltid fruktbart å sjå på kva for definisjon som er meir rett enn ein annan, det er ofte viktigare å tenkja på kva ein vil fokusera på, til dømes om ein legg vekt på samfunnet eller individet.

Labov skriv at "the speech community is not defined by any marked agreement in the use of language elements, so much as by participation in a set of shared norms [...]" (Labov, 1972, ss. 120 - 121). Desse normene kan observerast gjennom "evaluative behavior" og "by the uniformity of abstract patterns of variation". Hernes meiner at denne måten å sjå språksamfunnet på, gjer at ein går glipp av "den sosiale konteksten dei lokale språklege variasjons- og endringsmønsterar går føre seg i" (Hernes, 2006, s. 53).

3.4.1 Diffuse og fokuserte språksamfunn

Alle samfunn er ikkje like, og det er heller ikkje individa si haldning til språket sitt. Der nokre samfunn er prega av sterkt samhold og lokal identitet, kan andre igjen vera i ein situasjon der ein mistar det lokale særpreget sitt. Her kan det vera nyttig å sjå nærare på dei to omgrepa *diffuse* og *fokuserte* språksamfunn. Eit optimalt fokusert språksamfunn er ifylgje Unn Røyneland eit "språkleg og kulturelt homogent samfunn med lite lingvistisk variasjon og ei samlande språknorm" (Røyneland, 2006b). I norsk samanheng kan nok denne definisjonen karakteriserast som eit ytterpunkt på ein skala, for det er ikkje så sannsynleg at norske lokalsamfunn har vore så språkleg einsarta nokon gong. Det er nok meir nærliggjande å tru at norske språksamfunn alltid har bore preg av ei viss form for talespråkleg variasjon. Mæhlum meiner at det er grunn til å forventast at språkbruken i dei fleste norske lokalsamfunn har vorte meir kompleks dei siste åra (Mæhlum, 2006a). Den sosiale verkelegheita har vorte mykje meir samansett, og ein kan difor sjå at det er ei endring frå fokuserte til meir diffuse språksamfunn som pregar utviklinga i slike lokalsamfunn. Eit diffust språksamfunn er ofte både eit språkleg og kulturelt heterogent samfunn, der ein finn stor lingvistisk variasjon. Ofte kan ein sjå at folk som høyrer til slike diffuse samfunn, er lite opptekne av den regionen dei høyrer til. Sandøy nemner Romerike som eit område i Noreg som er i ferd med å mista sin lokale identitet. Dei som bur der, reknar området sitt som ein del av eit større Oslo-område, og det finst også ei utbreidd oppfatning om at ein ikkje snakkar nokon dialekt i dette området. Som ein motpol til eit slikt diffust språksamfunn nemner Sandøy Voss. Her har gamle former

komme inn att i dialekten, folk som bur der, er opptekne av staden og samfunnseininga, og vossaidentiteten har mykje å seia. Ein kan difor seia at Voss er eit fokusert språksamfunn (Sandøy, 2006b). I kapittel 3.4.3 vil eg sjå nærare på kva som karakteriserer Bergenhus som språksamfunn.

3.4.2 Normer og haldningar i språksamfunnet

Når ein er ein del av eit språksamfunn, følgjer ein også visse uskrivne reglar for språkbruken i dette samfunnet, såkalla uskrivne normer. Tydingsinnhaldet i omgrepet norm er samanfallande med andre omgrep som *anerkjend regel*, *rettesnor*, *mønster*, *målestokk* og *førestellingar om det normale*²⁰. Normene fungerer altså ikkje som fastsette reglar, men heller som rettesnorer for språkbruken vår, og det er fyrst og fremst dei internaliserte normene som regulerer og styrer språkbruken. Ofte har ein ikkje noko bevisst forhold til normene som eksisterer i språksamfunnet. I mange tilfelle er dei usynlege og vert tekne for gitt. Om normene seier Mæhlum:

[...] den typen forestillinger som får oss til å handle konformt, altså oppføre oss på liknende måte som andre i våre sosiale omgivelser. En norm representerer dermed en form for konsensus, en slags overenstemmelse mellom oss som enkeltindivider, og våre sosiale omgivelser (Mæhlum, 2006a, s. 88).

Det er også viktig å vera klar over at normene ikkje er definerte, gitte storleikar. Normer er danna i vår eiga førestellingsverd, som eit resultat av erfaringar me har gjort med omsyn til andre si åtferd. Difor vil også normene alltid vera justerbare, som i ein kontinuerleg prosess.

Normer for språkbruk kan også eksistera i mindre grupper innanfor det språksamfunnet ein høyrer til. Her snakkar ein om gruppe som ”eit uttrykk for personar som står i eit nærare sosialt forhold til kvarandre enn utanfor gruppa” (Sandøy, 1996, s. 101). Dette forholdet kan også beskrivast som eit sosialt nettverk, eit nettverk som personane som regel har gjensidig utbyte av. Det kan vera kontakten med personar ein treffer på arbeidsplassen, folk frå nabolaget. Sandøy snakkar om *eintåtta/mangetåtta* og *opne/tette* nettverk. Dersom eit forhold er *eintåtta*, treffest personane innanfor nettverket kanskje berre i enkelte samanhengar, til dømes på fotballtrening eller korøving. I eit nettverk med *mangetåtta* forhold har personane kontakt med kvarandre på fleire forskjellige område. På ein liten stad kan til dømes personane vera i slekt med kvarandre, dei kan ha barn på same skule, eller dei treffest ofte i lokalsamfunnet. Dersom alle desse personane har mykje kontakt seg imellom, snakkar me om tette nettverk. Di tettare og meir mangtåtta eit slikt nettverk er, til sterkare verkar normene på enkeltindividet (Sandøy, 1996, ss. 102 - 103). I eit bysamfunn som Bergenhus kan ein tenkja seg at nettverka ikkje er så tette, og at forholda mellom personane ofte er eintåtta. Ein er i

²⁰ <http://www.dokpro.uio.no/perl/ordboksoek/ordbok.cgi?OPP=norm&nynorsk=S%F8k+i+Nynorskordboka&ordbok=bokmaal&alfabet=n&reset=i>

kontakt med mange menneske kvar dag, men det er ikkje sikkert at ein kjenner så mange av dei ein snakkar med, likevel. Slik kan ein også tenkja seg at normene ikkje vil verka så sterkt på innbyggjarane i Bergenhus. Dersom ein legg dette til grunn for ei skildring av Bergenhus bydel, er det kanskje ikkje like lett å bruka Labov sin definisjon av samfunnet, sidan han legg felles normer til grunn for språksamfunnet som eining. På same tid veit me at det finst tette band mellom menneska i Bergenhus likevel (jf. kapittel 2.1.9). Informantane mine fortel at det er eit godt samhald i nabolaga i dei ulike bustadområda i Bergenhus, og at det finst sterke velforeiningar som arbeider for fellesskapen i sentrumsområda. Kanskje er det slik at det finst mange mindre grupperingar innanfor bydelen, som har tette nettverk og normer seg imellom?

Mæhlum deler normene inn i det ho kallar for tre sentrale komponentar: *åtferd*, *haldningar* og *reaksjonar*. For det fyrste brukar ho normer vera eit åtferdsmønster som er allment akseptert innanfor ei gruppe eller eit språksamfunn. Norma representerer altså det vanlege og gjennomsnittlege. Vidare inkluderer norma òg haldningar og oppfatningar om bestemte saker. Desse vil ofte vera moralsk baserte, og kjem til syne når nokon bryt med den åtferda som er i samsvar med norma. Som den siste komponenten som inngår i normomgrepet, nemner Mæhlum reaksjonsmønstera som kan komma til uttrykk i individet sine sosiale omgjevnader når han eller ho handlar på ein viss måte. Slike reaksjonsmønster vert kalla sosiale sanksjonar, og kan vera uttrykte som både positive og negative tilbakemeldingar. Sanksjonane fungerer direkte eller indirekte som sosialt press, og bidreg difor til å styra individet si åtferd, slik at ho blir mest muleg i samsvar med norma (Mæhlum, 2006a, s. 88).

Normene i språksamfunnet påverkar språkhaldningane våre. Omgrepet haldningar vert brukt om ”relasjonar menneske kan stå i til andre menneske, til fenomen eller omstende i samfunn eller omverd” (Venås, 1991, s. 242), og som ei nemning på evna til å reagere positivt eller negativt overfor gitte sosiale objekt. Det kan vera bestemte personar og grupper eller meir abstrakte idear eller verdiar (Mæhlum, 2006a, s. 93). Haldningane kan vera baserte på kunnskap eller erfaringar me har gjort oss sjølve, men ofte overtek me haldningane frå vener, familie eller andre grupperingar som me identifiserer oss med, dei såkalla sosialiseringsagentane (s.st.). Haldningar knytte til språk er sjeldan knytte til språket i seg sjølv. Sjølv sagt kan dei vera det, til dømes kan ein synast at *tjukk l* kling fint, eller at andre språklydar ikkje er fine. Men dette vil vera subjektive meiningar. Me veit at språkhaldningar ofte er kollektive oppfatningar, noko som kan forklara at dei har sosialt og ikkje berre språkleg grunnlag. Venås meiner at språkhaldningar vert overførte på språket frå noko anna, som regel er det då tale om haldningar til dei som brukar språket (Venås, 1991, s. 247).

Språkbrukarane kan knytast til ein viss sosial status eller samfunnsposisjon, eller dei kan knytast til ei eller fleire grupper som språkbrukaren høyrer til. I tilfelle der språkbrukaren har høg status i samfunnet, kan det vidareførast ved å gi positive assosiasjonar til det språket vedkommande brukar. I eit anna tilfelle, der språkbrukaren er sterkt knytt til ei gruppe, kan normene innanfor den gruppa hjelpa til å halda på visse språkdrag som nødvendigvis ikkje har høg status.

3.4.3 Kva slags språksamfunn er Bergenhus?

Bergenhus er ein ny bydel i Bergen, og som eg har nemnt tidlegare, vart han oppretta av praktiske og organisatoriske grunnar. I samtalanene med informantane mine kjem det tydeleg fram at dei ikkje har noko bevisst forhold til bydelen Bergenhus. Nokre av dei gir uttrykk for at namnet er upassande, og fleire av dei veit heller ikkje kvar bydelsgrensene går. Trass i at dei har lite kjennskap til bydelen som eining, vil eg likevel seia at dei er knytte til bydelen som geografisk eining. Informantane er opptekne av at dei bur i *sentrum*, det som var det *eigentlege* Bergen, og dei er også sterkt knytte til lokalsamfunna som dei bur i. Dei er bergensarar, ja, men det er også viktig å presisera at dei kjem frå Sandviken, Nordnes eller Sydnes, dei har ein sterk *lokal identitet*.

Mæhlum seier mellom anna at eit karakteristisk trekk ved diffuse språksamfunn er at den tradisjonelle dialektnorma ikkje vert følgd fullt ut, sjølv om mange framleis har ei meining om korleis dialekten ”eigentleg” er (Mæhlum, 2006a, s. 92). Dette kan høva godt for Bergenhus, noko som også informantane sine kommentarar kan støtta opp under. Mange av informantane rettar på seg sjølv, og seier ”slik er det *eigentleg* på bergensk”.

Sidan Bergenhus er prega av mykje pendling og inn- og utflytting, vil eg hevda at bydelen har eit kommunikasjonsnettverk som er orientert utover lokalsamfunnet. Slik kan ein definera Bergenhus som eit *ope språksamfunn*. I opne språksamfunn er det mykje språkkontakt, og ifylgje Henning Andersen har slike opne språksamfunn ein tendens til språkleg forenkling. Språkbrukarane i opne språksamfunn er meir vane med heterogene språklege realisasjonar. Fordi dei må tolka språklege ytringar utan å gjera seg avhengige av nøyaktige fonetiske realisasjonar, vil dei små nyansane i språket etter kvart forsvinna, til fordel for dei skilnadene som har stor funksjonell tyngd. I opne språksamfunn vil dei språklege normene difor vera mindre strenge, og det vil vera ope for meir variasjon i det språklege uttrykket (Andersen, i Hernes, 2006, s. 57).

Det språksamfunnet som eg skal undersøkje, er ei geografisk og administrativt avgrensa eining. Sjølv om bydelsgrensene har vore endra opp gjennom tidene, tilsvarar Bergenhus

bydel nokolunde det som var Bergen by før byutvidinga i 1915, og det trur eg skapar ein sterk historisk identitet. Innbyggjarane i Bergenhus går på skular i sentrum og har ein felles ungdomsskule i Sandviken. Dei fleste lag og organisasjonar har base i lokalsamfunnet, og informantane seier at dei som oftast er i sentrum fleire gonger i veka. På bakgrunn av dette trur eg innbyggjarane i Bergenhus har ein fellesskap. Dei har noko innanfor bydelsgrensene som dei ikkje finn utanfor.

3.5 Hypotesar

Eg har fem hypotesar om talemålsutviklinga i Bergenhus. Desse vil eg prøva ut på materialet mitt.

Språk og opptaksår:

H1: Det vil vera fleire høgstatusformer i materialet frå 1978/79 enn i materialet frå 2010/11.

I TUB kunne ein sjå at ungdomsinformantane nytta fleire lågstatusvariantar enn dei eldre. Dette kan tolkast på fleire måtar, og eitt argument er at bruken av ikkje-prestisjeformer står sterkare i vår generasjon enn tidlegare, og at det slik er eit uttrykk for ein diakron tendens til normendring. Dersom teorien om ei slik normendring stemmer, vil det sannsynlegvis komma til uttrykk i materialet mitt. I bymålsforskning generelt (jf. kapittel 3.2.5) viser det seg òg at det er dei variantane med låg prestisje som vinn fram. Nesse fann også det same i si undersøking av bergensmålet i 1994 (jf. kapittel 1.4.3).

Språk og livsfase:

H2: Dei unge informantane vil ha eit meir homogent språk enn dei eldre informantane, i begge opptaksår.)

I kapittel 3.2.1.2 og kapittel 3.2.5 har eg forklart kvifor ungdommar ofte har ein relativt homogen språkbruk, og eg trur det er ein tendens som vil visa seg også i mitt materiale.

Språk og kjønn:

H3: Det vil ikkje vera skilnad mellom kvinner og menn når det gjeld høgstatus- eller lågstatusformer i 2011.

Som vist i kapittel 3.2.1.3 har det i bysamfunn vore skilnad på menn og kvinner, der kvinnene har brukt eit språk prega av fleire prestisjeformer enn menn. Dette stemmer med resultata som Fintoft og Mjaavatn fann i si undersøking av bymålet i Trondheim i 1980. Men samfunnet har

endra seg, for dei aller fleste kvinner er yrkesaktive i dag, og kjønnsrollene er ikkje lenger like definerte. Difor trur eg ikkje det finst store skilnader mellom kjønna i Bergenhus i 2011.

Språk og sosialgruppe

H4: Sosialgruppe 1 vil ha fleire førekomstar av høgstatusformer enn sosialgruppene 2 og 3. (Begge opptaksår.)

I sosiolingvistiske granskingar har ein tradisjonelt vore oppteken av kva sosial tilhøyrse har å seia for talemålet. Sjølv om sosialgruppe ikkje har vore eit kriterium for utveljing av informantane mine, og dei difor ikkje fordeler seg likt mellom gruppene, vel eg likevel å testa korleis sosialgruppene kan gjera utslag på førekomstane av lågstatus- og høgstatusformer.

I byane har høgstatus- og lågstatusvarietetane naturleg nok vore knytt til språkbrukarane sin status, eller kva for ei sosialgruppe dei har tilhørt (jf. kapittel 3.2.5). Det er difor sannsynleg at fordelinga av høgstatusformene vil fylgja dei sosiale gruppene.

Språk og årsklassar:

H5: Frekvensen av nye former vil auka med årsklassane.

Det er ikkje logisk å tenkja seg at informantane frå Årsklasse I skal ha fleire yngre former enn informantane frå Årsklasse IV. Den diakrone utviklinga vil difor visa at frekvensen av nye former aukar med årsklassane.

Språk på individnivå (panelinformantane):

H6: Panelinformantane vil ha om lag like stor prosentdel av varianten /ʃ/ i V01 i 1978/79-materialet som i 2010/11-materialet.

Realiseringa av <kj>-lyden som /ʃ/ har lenge vore sett på som ein del av barnespråket, og eit ungdomsfenomen. Sandøy skriv at det vanlege mønsteret i språkinnlæringa er at ein meistarar /ʃ/-lyden før /ç/-lyden, men at dette tidlegare var eit fenomen som ungdommane kvitta seg med grunna korreksjon frå vaksenspråket (Sandøy, 2006b, s. 213). I TUB vart det oppdaga at fenomenet følgde med oppover i aldersgruppene, slik at S-kurva kom i gang (jf. figur 8). På bakgrunn av dette vil det vera sannsynleg at også panelinformantane mine vil ha teke med seg /ʃ/-lyden inn i vaksenspråket.

4 METODE

4.1 Longitudinelle studiar

Undersøkinga mi er ein longitudinell studie. Den store fordelten med slike studiar er at ein kan granska språkendingar i verkeleg tid. Ved å reisa attende til språksamfunnet etter ei viss tid og gjenta granskinga er det større sannsyn for at ein får eit rett bilete av dei endringane som har skjedd i dette tidsrommet. Slike studiar kan gjennomførast på ulike måtar. Ein kan gjera nye opptak med dei same informantane etter ei tid, såkalla panelstudiar, eller ein kan oppsøka ein tilsvarende populasjon på den same staden etter ei tid, kalla trendstudiar (Røynealand, 2005).

Sidan sosiolingvistikken er ein relativt ny fagdisiplin, finst det få slike longitudinelle granskingar. Det er fyrst no ein har mogelegheit til å gå tilbake og studera eit språksamfunn som har vore undersøkt tidlegare.

4.1.1 Tilsynelatande eller verkeleg tid?

Når ein gjer undersøkingar i *tilsynelatande tid*, er det ein måte å rekonstruera historia på. Ein samanliknar ulike aldersgrupper, men har ikkje tidlegare undersøkingar å samanlikna med. Ein kan til dømes tenkja seg at ein gjer ei språkundersøking i 2011, der ein studerer språket til 15-åringar, 45-åringar og 75-åringar. Så tenkjer ein seg at det språket ein finn, samsvarar med korleis 45-åringen og 75-åringen snakka for 30 år sidan. Ein ser for seg at variasjonen mellom generasjonane speglar ei historisk språkending, og slik kan kvar aldersgruppe representera eit gitt historisk stadium. Historisk sett er dette den vanlegaste metoden for å studera språkending. Men det er ikkje alltid den tilsynelatande tida er heilt påliteleg.

It is obvious that distributions across age levels might not represent change in the community at all, but instead might represent a characteristic pattern of "age-grading" that is repeated in every generation" (Hockett 1959 sitert i (Labov, 1994, s. 73)).

Når ein studerer språkendingar i tilsynelatande tid, er det altså lett å oversjå fenomen som *livsfaseending* (age-grading). Ved *livsfaseending* tilpassar individa i forskjellige aldersgrupper seg eit mønster for den livsfasen dei er i (Sandøy, 2006a, s. 221). Slik kan ein tenkja seg at ein ungdom brukar visse språkdrag i ungdomstida, men sluttar å bruka dei når han vert eldre. Dette kan ein sjå på som synkron variasjon, men fordi det er individet som endrar målet, og ikkje nødvendigvis samfunnet som er i endring, kallast det livsfaseending (Milroy & Gordon, 2003, s. 36).

Det er altså ikkje sikkert at det språket me observerer hjå ein 75-åring i dag, er identisk med språket denne 75-åringen hadde som ung. Løysinga på dette problemet kan vera å studera språkendingar i verkeleg tid og ifylgje Labov finna svar på kva for språkendingar som har skjedd:

Indeed, such real-time differences are what we mean by linguistic change, in the simplest and most straightforward definition of the term (Labov, 1994, s. 73).

Ifylgje Labov (1994, ss. 73 - 74) kan slike granskingar gjennomførast på to måtar. Eitt alternativ er å finna litteratur frå det same samfunnet som ein skal undersøkje, og jamføra resultatata med nye. Eit anna alternativ er å reisa tilbake til språksamfunnet etter ei tid, og gjennomføra den same undersøkinga ein gong til.

For å tolka data frå studiar i verkeleg tid, er det ifylgje Labov viktig å ha ein underliggjande modell som seier noko om korleis individet og samfunnet endrar seg over tid eller ikkje, og kva resultat ein kan få dersom ein kombinerer desse (Labov, 1994, s. 83).

Labov har laga eit oversyn over slike endringsmønster:

Tabell 14: Mønster for individuell og kollektiv endring

	<i>Individual</i>	<i>Community</i>
1. Stability	Stable	Stable
2. Age-grading	Unstable	Stable
3. Generational change	Stable	Unstable
4. Communal change	Unstable	Unstable

(Labov, 1994, s. 83)

Her (jf. tabell 14) presenterer Labov fire moglege relasjonar mellom individet og samfunnet. Dersom verken individ eller samfunn endrar seg, har me *stability*. Dersom individet endrar seg og samfunnet ikkje gjer det, har me med *age-grading* å gjera. *Generational change* er tilfelle dersom individet har det same språket heile livet, men samfunnet er i endring. Den siste kombinasjonen til Labov er *communal change*, der individet og samfunnet endrar seg saman. Labov peikar på at ved undersøkingar i tilsynelatande tid vil ein ikkje greia å skilja mellom *age-grading* og *generational change*, og ein vil heller ikkje få fram samfunnsendringar. Fordelen med å gjera studiar i verkeleg tid er difor at ein kan finna ut om det er livsfaseendringar (*age-grading*) eller generelle endringar i samfunnet som skjer. Ei panelgransking vil kunna avdekka om individet endrar seg, eller om det er stabilt. Dersom ein i tillegg supplerer med ein trendstudie, og då har to studiar i verkeleg tid, kan ein skilja mellom stabile og ustabile samfunn, samstundes som ein kan observera stabile og ustabile tendensar hjå individa (Labov, 1994, ss. 84-85).

4.1.2 Trend- og panelstudiar

Det er ein fordel å kunna kombinera trend- og panelstudiar. Medan trendstudien representerer kollektivet, kan ein i ein panelstudie få fram individuelle endringar og forstå språkendinga som ein individuell prosess.

4.1.2.A Trendstudiar

Fordi informantane i ein trendstudie skal representera kollektivet, er det viktig at dei har kjenneteikn og eigenskapar som samfunnet som heilskap. Ein kan då jamføra språkbruken til personane på ulike tidspunkt, til dømes frå to ulike granskingar, for å kunna seia noko om den generelle språkutviklinga i samfunnet. I undersøkinga mi er det informantane frå TUB og alle dei nye informantane som er gjort opptak med no, som utgjer trendmaterialet mitt. Fordi det har gått noko tid sidan dataa frå den fyrste undersøkinga vart samla inn, kan ein observera korleis språklege trendar utviklar seg i samfunnet (Meyerhoff, 2006, s. 131).

Trendstudien viser korleis variasjonen mellom livsfasane og aldersgruppene er i dag, og kva for endringar som har skjedd i gruppene sidan den fyrste undersøkinga.

4.1.2.B Panelstudiar

I ein panelstudie intervjuar ein tidlegare informantar på nytt. Dersom ein samanliknar gamle opptak med nye, kan ein få innblikk i synkron variasjon i eit diakront perspektiv. Ein panelstudie seier noko om endring og variasjon på mikronivå i samfunnet, og kan vera eit godt supplement til ein trendstudie. Ofte kan panelstudien nærma seg kvalitative studiar, fordi ein skildrar og forstår informanten på individnivå.

I mitt tilfelle kan nok ikkje panelinformantane mine gi eit heilt påliteleg bilete av språkutviklinga i Bergenhus. Dei informantane som sa ja til å bli intervjuar på nytt, bur ikkje lenger i bydelen. Likevel er det interessant å studera desse informantane for å sjå nærare på kva som kan skje i språkutviklinga på individnivå.

4.1.3 Denne undersøkinga

Materialet frå TUB og mi eiga gransking utgjer til saman ein longitudinell studie. Eg skal gjera ei oppfølgingsgransking, og har reist tilbake til Bergenhus bydel 32 år etter at den fyrste undersøkinga, TUB, vart gjennomført. Her har eg gjort intervju med både trend- og panelinformantar, og eg skal jamføra materialet frå TUB med det nye materialet som eg har samla inn. For å kunna ha eit godt grunnlag for å jamføra resultata frå mi eiga undersøking og TUB er det viktig at det metodiske grunnlaget er mest mogeleg likt. Det er likevel to ting som gjer at undersøkingane ikkje kan bli heilt like. For det fyrste er mange av dei metodiske vala mine styrte av prosjektet *Dialektendringsprosessar*. Fordi det vert gjort fleire liknande studiar innanfor *Dialektendringsprosessar*, og desse saman skal danna grunnlaget for å seia noko om språkendingar på Vestlandet, er det viktig at dei studiane er mest mogeleg like. På grunnlag av dette er det laga eit felles metodisk opplegg innanfor *Dialektendringsprosessar*.

For det andre var TUB ei stor og omfattande talemålsundersøking, og eg vil ikkje ha mogelegheit til å gjera eit like omfattande arbeid i masteroppgåva mi. Difor må eg velja ut delar av TUB som grunnlag for jamføringa mi, og her har eg valt å bruka samtaleopptaka (sjå kapittel 1.4.2). Dette er den delen av TUB-materialet som stemmer best overeins med den innsamlingsmetoden som *Dialektendringsprosessar* har valt å bruka.

Sjølv om ein legg til rette for at metoden skal vera mest mogeleg lik den førre undersøkinga, kan det likevel by på metodiske utfordringar. Dette vil eg sjå nærare på i kapittel 4.6.

4.2 Kvantitativ eller kvalitativ?

4.2.1 Generelt

Innanfor sosiolingvistikken og andre fagdisiplinar, er det vanleg å skilja mellom kvantitativ og kvalitativ metode for innsamling og handsaming av datamateriale. Mellom dei to retningane kan me oppleva fagleg motsetnad, som fyrst og fremst gjeld kva for metode som best uttrykkjer relasjonen mellom språklege variablar og sosiale faktorar (Akselberg, 1997).

I sosiolingvistikken har den kvantitative metoden tradisjonelt vore mykje brukt. Den kvantitative metoden går ut på at ein kvantifiserer språklege og sosiale faktorar, og at ein gjennom ulike, ofte statistisk baserte analysemetodar kjem fram til resultat som kan generaliserast.

Ein kan skilja mellom ulike delar av ei kvantitativ undersøking, til dømes innsamlingsfasen og analysefasen. I innsamlingsfasen i ei kvantitativ undersøking vil det vera viktig å samla inn eit datamateriale frå fleire undersøkingsobjekt, som er stort nok til at ein kan bruka materialet til samanlikning, og nokre gonger også for å generalisera. På bakgrunn av dette er det vanleg å bruka tilfeldig utvalde informantar, som kan gi data som skal representera språksamfunnet som heilskap. Analysefasen kan fyrst skje etter at innsamlingsfasen er gjennomført. Då vert dei innsamla dataa handsama statistisk, og ein prøver gjerne å finna samanhengar eller likskapar mellom dei språklege og sosiale variablane. Resultata er målbare data, og dei vert ofte presenterte ved hjelp av tal, grafar og tabellar. Siktemålet er å komma fram til resultat som kan generaliserast for fleire språkbrukarar innanfor eit område.

Med den kvalitative metoden opererer ein ikkje med like klare skilje mellom innsamling, handsaming og tolking av data som ein gjer ved bruk av kvantitativ metode. Her finn forskaren resultat og kunnskap undervegs. Med den kvalitative sosiolingvistikken prøver ein å få innsikt i forhold som den kvantitative metoden ikkje fangar opp, til dømes for å sjå

språkbrukaren og dei språklege realiseringane hans i ein større, samansett sosial og kulturell samanheng (s.st.).

I ei kvalitativ undersøking vil ein ofte leggja vekt på å gjera eit strategisk informantutval, der informantane kan fungera som ei form for ”prototypar” – eller representantar – for ulike, men samstundes typiske språklege praksisformer ved det aktuelle språksamfunnet (Akselberg, 2006). Ein brukar ofte få informantar, og for å få mest mogeleg informasjon om informantane og forstå deira språksituasjon er det vanleg å nytta seg av djupintervju. På bakgrunn av dette vert dei kvalitative sosiolingvistiske studiane kritiserte for å vera sterkt individorienterte, og difor ikkje generaliserbare statistisk sett. Slik kritikk vert ofte tilbakevist med at slike studiar likevel kan vera teoretisk interessante og ha prinsipiell interesse utover dei individa som vert brukte, fordi dei synleggjer kva for mekanismar som kan vera avgjerande for den språklege åtferda til enkeltindividet (Akselberg, 2006).

Ofte vert den kvalitative og den kvantitative metoden sette opp mot kvarandre som motsetnader, men begge metodane kan også brukast i same undersøkinga. Som Akselberg hevdar, vert det i dei aller fleste sosiolingvistiske forskingsprosessar brukt både kvalitativ og kvantitativ metode. Særleg i tolkingfasen vil den kvalitative metoden vera vanskeleg å komma utanom. Begge metodane kan kasta lys over sosiolingvistiske problemstillingar, og same kva for metode som vert brukt, er det viktig å diskutera metoden i høve til problemstillinga, særleg rundt desse to spørsmåla: Kva ynskjer ein å finna svar på, og korleis skal ein bruka materialet som vert samla inn (Grønmo, 1996)?

Det finst også veikskapar ved begge dei to metodane. Kritikken mot kvantitative sosiolingvistiske studiar har ofte vore retta mot at desse studiane fokuserer for lite på å forstå språkbrukaren og kva som ligg bak informantane sine språkval. Fordi dei kvantitative studiane ofte legg vekt på å gi statistisk generaliserbare resultat, har dei vore kritiserte for å fokusera for mykje på det mest mogeleg ”objektive” og observerbare, til dømes sosiale eigenskapar som alder, kjønn og yrke.

Det er viktig å hugsa på at det kvalitative og kvantitative er to omgrep som ein kan plassera i kvar sin ytterkant på ein skala. Dei fleste kvalitative sosiolingvistiske undersøkingar vil ha innslag av kvantitative element, og omvendt. Det er difor ikkje alltid dette omgrepsparet treng stå i fagleg motsetnad til kvarandre, dei kan like godt utfylla kvarandre (s.st.).

4.2.2 Denne undersøkinga

Eg vil finna ut om det har skjedd ei endring i språket i løpet av dei siste 30 åra, korleis språket eventuelt har endra seg, og kva som kan liggja til rette for ei slik endring i samfunnet rundt. I dette arbeidet vil eg følgjeleg beskriva språksituasjonen i Bergen sentrum, og deretter prøva å forklara kvifor situasjonen er slik han er. På bakgrunn av dette må eg nytta meg av både kvantitativ og kvalitativ metode.

Ifylgje Sigmund Grønmo refererer omgrepsparet kvantitativ eller kvalitativ fyrst og fremst til eigenskapane til dei dataa som vert samla inn og analyserte (Grønmo, 1996). Difor vil eg seia at studien min hovudsakleg er kvantitativ. Informantane mine er rekrutterte gjennom tilfeldig utval, og det er ikkje språklege kriterium som ligg i botn for utveljinga. Målet er at informantane mine skal vera statistisk representative for språkbrukarane i det lokalsamfunnet som eg skal studera, og dei dataa som vert samla inn gjennom intervju, vert handsama kvantitativt og presenterte ved hjelp av tal og statistikk.

Sjølve intervjuet kan ein sjå på som kvalitativt, i og med at det er lagt opp som ein samtale der målet er at informanten skal snakka mest mogleg, ikkje at spørsmåla og samtaleemna skal vera identiske for alle informantane. Intervjua er semistrukturerte, og gir rom for at intervjuaren kan tilpassa spørsmåla etter flyten i samtalen. Det betyr at ein ikkje kan forventast like strukturerte og heilskaplege svar som i ei rein kvantitativ undersøking. Også kapittelet om panelinformantane mine (kapittel 5.7) er i stor grad kvalitativt.

4.3 Informantane

4.3.1 Tilfeldig eller ikkje tilfeldig utval?

Når ein skal gjennomføra ei sosiolingvistisk gransking i ein by, har ein som regel ikkje moglegheit til å undersøka alle individa i populasjonen. Difor må ein gjera eit utval. Då finst det to måtar å gjera utvalet på, *tilfeldig* eller *ikkje tilfeldig* utval.

Dersom ein vil trekkja slutningar om *heile* språket i eit samfunn, er det viktig at dei individa som vert utvalde, er mest mogleg representative for det språksamfunnet som skal undersøkast. Då kan ein laga hypotesar om at sambygdingar som oppfyller dei same kriteriana, vil ha dei same språktendensane som dei utvalde individa. Ved å sikra seg eit *tilfeldig utval* med informantar aukar ein sjansen for at dei utvalde individa har dei same eigenskapane som den totale folkesetnaden. Eit slikt utval kan vera heilt tilfeldig, der alle grupperingar i den aktuelle folkemengda statistisk sett har same moglegheit til å komma med, eller meir *systematisk*, der ein til dømes kan trekkja ut kvart 10. eller 15. individ frå ei befolkningsoversikt eller ein telefonkatalog.

Om ein ikkje brukar tilfeldig utveljing, kan ein handplukka dei informantane som passar til kriteria som er sette, såkalla styrt utval. Då kan det vera lettare å finna personar som er positive og snakkar mykje, og ein kan minimera risikoen for å bruka mykje tid på å ta kontakt med informantar som viser seg å ikkje passa til kriteria. Men ved ei slik form for utveljing risikerer ein at informantane vert valde ut ifrå språklege kriterium. Det kan gjera utvalet skeivt, til dømes ved at det verifiserer hypotesane, og då kan det føra til at resultatane ikkje kan seiast å gjelda språksamfunnet generelt.

Det er vanleg at ein i kvalitative studiar nyttar seg av slik styrt utveljing, medan ein i kvantitative studiar oftast nyttar tilfeldig utval.²¹

4.3.2 Utvalskriteria

Som nemnt ovanfor, er det mange val når ein skal bestemma seg for kva for informantar som skal vera med i undersøkinga. *Dialektendringsprosessar* sette desse tre krava til informantane i prosjektet mitt:

- 1 Informanten skal ha vakse opp og budd i Bergenhus sidan seks års alder.
- 2 Informanten må snakka ei form for vestnorsk.
- 3 Informanten må bu i Bergenhus i dag.

Med det fyrste kravet sikrar ein at informanten høyrer naturleg heime i det språksamfunnet som eg skal granska. Ved å setja krav nummer to, vert ikkje informantane ekskluderte ut frå foreldrebakgrunn, og sjansen for å oppnå eit påliteleg representativt utval av folkesetnaden er difor større. På bakgrunn av desse to krava vil også barn av innflyttarar og innvandrarar vera aktuelle informantar, basert på deira eiga vurdering av språket sitt. Det tredje kravet sikrar at informanten framleis er ein del av det språksamfunnet som eg skal studera.

I tråd med det overordna metodevalet til *Dialektendringsprosessar* har eg 30 informantar i alt. Desse kan fordelast i aldersgrupper, med seks trendinformantar, tre kvinner og tre menn, i kvar gruppe. For at desse grupperingane tydeleg skal gjenspegla ulike generasjonar og livsfasar, er det ikkje brukt flytande aldersinndeling. Aldersgruppene etter livsfasar ser difor slik ut:

Tabell 15: Inndeling etter livsfasar.

Livsfase	Alder	Ev. avvik
Yngre	14–16 år	-
Middelaldrande	35–50 år	30–59 år
Eldre	65–80 år	60–80 år

²¹ Kapittel 4.3.1 er basert på (Haugen, 1998, ss. 41- 42), (Venås, 1991, s. 154) og (Akselberg & Mæhlum, 2006a, ss. 71 -79).

Dei unge informantane går i 10. klasse på ungdomsskulen, medan dei middelaldrande er i yrkesaktiv alder. Siktemålet er også at dei unge informantane i TUB skal vera informantar også no. Me vil gjera nye intervju med desse informantane, og dei vil då høyra til i aldersgruppa for middelaldrande og fungera som panelinformantar Den tredje gruppa dei eldre, er samansett av informantar som anten er i slutfasen av ei yrkesaktiv karriere eller er pensjonistar. Det vart også fastsett at dersom ein fekk problem med å fylla krava ovanfor, vart det tillate avvik oppover og nedover i alder, som vist i tabell 15.

Når ein skal sjå på informantane sin språkbruk i eit diakront perspektiv, får ein òg bruk for ei inndeling som ikkje er variabel, her vil det seia ei inndeling etter fødselsår. Ei slik inndeling baserer seg på kor tid informantane er fødte, uavhengig av opptaksår. Her brukar eg nemninga årsklassar:

Tabell 16: Inndeling etter årsklassar.

Årsklasse	Fødselsår
Årsklasse I:	1890–1919
Årsklasse II:	1920–1949
Årsklasse III:	1950–1979
Årsklasse IV:	1980–2011

I ei slik inndeling vil informantane fordela seg annleis. Ein kvinneleg panelinformant som er fødd i 1964, var under opptaket i 1978/79 i yngregruppa og under opptaket i 2010/11, middelaldrande. Når me deler informantane inn i årsklassar vil ein ikkje skilja mellom opptakstidspunkta, men sjå på denne kvinnelege informanten under éi og same inndeling, årsklasse III. Slik kan årsklasseinndelinga spegla generasjonsendring, medan livsfaseinndelinga kan visa livsfaseendring.

Tabell 17 viser korleis informantane i denne undersøkinga fordeler seg etter årsklassar.

Tabell 17: Informantoversikt.

Årsklasse	Informantar	Opptaksår
Årsklasse I: 1890–1919	3 kvinner og 3 menn	1978
Årsklasse II: 1920–1949	3 kvinner og 3 menn	2011
Årsklasse III: 1950–1979	6 kvinner og 6 menn ²²	1978 og 2011
Årsklasse IV: 1980–2011	3 kvinner og 3 menn	2011
Sum:	30 informantar	

²² Av desse er ei kvinne og to menn panelinformantar. Desse er det gjort opptak av på to ulike tidspunkt, i 1978 og i 2010. I 1978 vert dei rekna som trendinformantar. Då det vart gjort nye opptak med dei i 2010, hadde alle tre informantane flytta frå Bergenhus. Sidan dei då ikkje lenger var ein del av språksamfunnet eg skal undersøka, vil dei heller ikkje verta rekna som trendinformantar. Eg vil difor sjå på desse informantane på individnivå.

I presentasjonen av resultatane nyttar eg både livsfaseinndeling og inndeling etter årsklassar. Tabell 18 under viser samanhengen mellom livsfase og årsklasse. Informantane har fått sin eigen kode i oppgåva. Bokstaven viser om informanten er kvinne eller mann. Ei oversikt over kva for nummer informantane har i Talebanken, finst i vedlegg 14.

Tabell 18: Framstilling av informantane etter livsfase og årsklasse.


Årsklassar	Opptaksår			
	1978		2010	
	K	M	K	M
I	K1, K2, K3	M1, M2, M3		
II			K7, K8, K9	M7, M8, M9
III	K4, K5, K6	M4, M5, M6	K10, K11, K12, K4, K5, K6	M10, M11, M12
IV			K13, K14, K15	M13, M14, M15

Eldre-fase
 Middelaldrande-fasen
 Yngre-fasen

4.3.3 Utveljinga av informantar

Informantane i livsfase I vart rekrutterte gjennom ungdomsskulane. I samband med gjennomføringa av *Dialektendringsprosessar* sine haldningsgranskingar på ungdomsskulane vart det delt ut eit dialektbakgrunsskjema (sjå vedlegg 3). Her skulle elevane fylla ut informasjon om seg sjølve og dialekten sin. Ut frå desse skjemaane kunne eg plukka vekk dei informantane som ikkje passa til krava eg hadde sett, og deretter trekkja ut seks aktuelle informantar. Til saman samla me inn 159 dialektbakgrunsskjema på tiande klassesteg, og av desse var det berre 18 elevar som ikkje hadde vakse opp i Bergen sentrum frå dei var seks år²³. Som ein kan sjå av figur 9, utgjør desse 11 prosent av heile gruppa.

Figur 10: Innflyttarar livsfase I, Rothaugen skule, 2010.



²³ Innsamling av dialektbakgrunsskjema vart gjort i to omgangar i Bergenhus. I juni 2010 delte me ut skjema til heile tiande klassesteg, og hadde planlagt intervju med seks informantar. Men fordi det var nær sommarferien, var det berre to av desse elevane som møtte. Difor måtte eg i gang med ein ny runde med intervju om hausten 2010. Då var det nye elevar på tiande klassesteg, og det vart delt ut dialektbakgrunsskjema til to klassar til. Alle desse skjemaane er tekne med i statistikken.


Dei middelaldrande panelinformantane skulle helst bu i same bydel som dei gjorde i 1977 og -78, og ha tilhøyrt det same språksamfunnet innanfor bydelen sidan TUB vart gjennomført. Dei skulle også rekruttera kvar sin nye informant som tilfredstilte dei to krava som eg har sett ovanfor. Det skulle visa seg at det ikkje var enkelt å få tak i panelinformantane. To av informantane var busette i utlandet, og to takka nei til å vera med på prosjektet. Mange av dei kvinnelege informantane var vanskelege å spora opp att, fordi dei mest sannsynleg hadde bytt etternamn sidan dei var med i TUB på syttitalet. Sidan eg då berre hadde førenamnet å gå ut ifrå, vart det ei stor oppgåve å spora opp desse. Eg brukte telefonkatalogen på Internett for å finna dei kvinnene med rett førenamn som budde i Bergen, og søkte i skattelistene for å finna fram til dei som var fødde i rett årstal. Etter å ha ringt til veldig mange kvinner, fann eg fram til ei som passa til alle opplysningane som eg hadde om den eine panelinformanten. Ho kunne ikkje sjølv hugsa at ho hadde vore med på den førre undersøkinga, og var litt skeptisk til å vera med på dette nye prosjektet. Ho fekk høyra på det gamle opptaket der ho sjølv var med, men kunne likevel ikkje kjenna att si eiga stemme. Kvinna stilte heldigvis til slutt opp som informant og tok med seg ei barndomsveninne til intervjuet. Under intervjuet kom opptaksleiaren inn på emne som dei hadde snakka om i TUB, og informanten svara slik at eg vart styrkt i trua på at dette var den rette kvinna. Ho er difor handsama som panelinformant i dette prosjektet.

For å finna informantar til eldrefasen, dei eldste informantane, tok eg også utgangspunkt i telefonkatalogen på Internett. Eg søkte fram alle postnummera innanfor Bergenhus bydel, og trekte ut kvar 40. treff på lista. Dette er ei form for systematisk utveljing for å få tak i eit representativt utval av folkesetnaden (Akselberg & Mæhlum, 2006a). Ideelt sett skulle ein nok brukt ei folketalsliste for den aktuelle bydelen, fordi ein då vil vera sikker på at alle innbyggjarane vil vera registrerte der. Ikkje alle er registrerte i telefonkatalogen, då nokre kan ha reservert seg med hemmeleg telefonnummer, og andre kan ha registrert berre éin familiemedlem per husstand. Eg trur likevel at dei aller fleste no i dag er registrerte i telefonkatalogen på Internett, med fasttelefon, mobiltelefon eller begge delar. Det er heller ikkje nokon grunn til å tru at dei som er registrerte der, skil seg så vesentleg frå resten av folkesetnaden i bydelen, og dei vil såleis fungera som eit representativt utval for språkbrukarane i Bergenhus bydel.

Dei eldre og middelaldrande informantane vart oppringde på telefon og spurde om å ta med seg ein annan person til intervjuet. Det vart mange telefonoppringingar, for veldig mange av dei uttrekte trendinformantane var innflyttarar til Bergenhus, og fylte dermed ikkje krava som var sette til informantane. Eg har gjort ei oppteljing av alle personane eg har ringt til, og

har i figur 10 laga ei skjematisk oppstilling over korleis talet på innflyttarar fordeler seg innanfor det samla talet på oppringde informantar. På denne måten kan ein få eit inntrykk av kor mange personar i gruppa av oppringde informantar som er innflyttarar til Bergen. Fordi denne framstillinga berre baserer seg på den vesle delen av den samla busetnaden i Bergenhus som eg har ringt til, vil nok ikkje dette fungera som ei representativ statistisk framstilling. Men alle er tilfeldig utvalde, og framstillinga mi kan i det minste gi eit bilete av bakgrunnen til dei som eg har ringt til.

Figur 11: Innflyttarar i aldersgruppene eldre og middelaldrande, 2010/11.



Ei anna utfordring som oppstod, var at nokre av informantane viste seg å vera oppvaksne i andre bydelar. Då trendinformantane vart rekrutterte via telefon, måtte dei svara på om dei var oppvaksne i Bergenhus eller Bergen sentrum. Under intervjuet kom det fram at ikkje alle hadde oppgitt rett informasjon på telefonen. Nokre av informantane trudde at staden dei var oppvaksne, tilhørde Bergenhus bydel, og andre var oppvaksne i ein bydel som tilhørde Bergen sentrum den gongen dei voks opp. Det kunne sjå ut som at det fanst mange ulike oppfatningar om kva som *eigentleg* kunne reknast som Bergenhus.

Det viste seg òg at alle panelinformantane hadde teke med seg ein person som av ulike grunnar ikkje passa til kriteriana som var sette for informantane. Fordi eg tidleg såg at det var vanskeleg å få panelinformantane til å stilla opp til eit intervju, var det viktigaste for meg at dei sa ja. Eg meiner sjølv at eg gav tydeleg informasjon om kva slags personar dei kunne ta med seg, men fordi eg var redd for at dei kunne trekkja seg frå heile prosjektet, ville eg heller ikkje masa. Dette var eit dilemma som var vanskeleg å løysa, og resultatet vart altså at tre av informantane ikkje passa til kriteriana. Dersom eg hadde visst at det herska uvisse om kva for delar av sentrum som høyrer til Bergenhus bydel, då eg byrja å ringja, hadde eg nok stilt andre spørsmål til informantane. I etterpåklokskapen sitt lys ser eg at det nok hadde vore ryddigare dersom eg til dømes hadde spurt informantane om adressene deira, både der dei var oppvaksne, og der dei budde no. Då kunne eg ha dobbeltsjekka at dei verkeleg høyrde til Bergenhus, og spart meg sjølv for mykje arbeid.

Det er viktig for prosjektet å halda på dei tre kriteria som vart sette for utveljinga av informantar. Difor vart opptaka med dei informantane som var oppvaksne utanfor Bergenhus etter gjeldande bygrenser, eller dei som hadde flytta frå bydelen, forkasta. Det vart difor gjort tre nye intervju. Fordi alle dei tre panelinformantane mine også hadde flytta frå bydelen, kunne dei ikkje brukast som trendinformantar i si gruppe. Difor vart det også gjort nye intervju med informantar som kunne gå inn som middelaldrande trendinformantar.

4.4 Data

4.4.1 Generelt

For å oppnå gode innsamla språkdata trengst det også gode opptak, og for å få gode opptak er det viktig at forholda er lagde til rette. Samspelet mellom intervjuar og intervjuobjektet er avgjerande for eit godt resultat. Som Labov hevdar: "The fundamental sociolinguistic question is posed by the need to understand why anyone says anything" (Labov, 1972).

Sosiolingvistiske undersøkingar ynskjer å seia noko om korleis individ snakkar til dagleg. Meir spesifikt kan ein seia at målet er å innhenta data på korleis individ snakkar til dagleg når dei ikkje vert systematisk observerte. Det er vanskeleg å få til, sidan det for forskaren er vanskeleg å få tak i slike data utan nettopp systematisk observasjon. Sjølv under godt planlagde og gjennomførte intervju må forskaren likevel alltid ha i minne at informanten sannsynlegvis har eit anna språk når han eller ho diskuterer med kameratar eller ektefellen heime. Dette er eit velkjent metodisk problem, og William Labov har kalla det "the Observer's Paradox" (s.st.). For forskaren vil det vera vanskeleg å komma utanom dette paradokset, men ein kan gjera mykje for å redusera risikoen for at intervjusituasjonen skal påverka språket til informanten i for stor grad. Labov skriv:

The problem is of course not insoluble: we must either find ways of supplementing the formal interviews with other data, or change the structure of the interview situation by one means or another (Labov, 1972, s. 209).

Som ein metode for å få informanten si merksemd vekk frå det språklege ved intervjuet nemner Labov at det kan vera nyttig å snakka om emne eller episodar frå fortida, til dømes å spørja om informanten har vore i livsfare. Det har vist seg at historier frå fortida, spesielt historier som vekker kjensler hjå informanten, ber med seg ei endring i språket mot det Labov kallar "the vernacular". Eit individ kan bruka fleire ulike stilar i samtale, og det er i stilen "the vernacular" ein ifylgje Labov finn det mest systematiske språket, "the style in which the minimum attention is given to the monitoring of speech" (Labov, 1972, s. 208).

Labov nemner også at det kan vera lurt å gjennomføra intervju i par eller grupper. Då vil dei andre samtalepartnarane fungera som kontrollørar for språket til kvarandre, og intervjuet vil også få eit mindre formelt og stivt preg. Samanlikna med eit intervju der berre intervjuar

og informant snakkar saman, vil ein i eit parintervju minimera informanten si kjensle av at han eller ho vert observert.

4.4.2 Denne undersøkinga

4.4.2.A Intervjusituasjonen

Som eg har nemnt tidlegare, vart det i TUB gjennomført intervju i både formell og uformell situasjon. *Dialektendringsprosessar* har i dette nye prosjektet valt å gjennomføra intervju berre i uformell situasjon. Nokre tiår har gått sidan TUB vart gjennomført, og i samfunnet i dag er det ikkje lenger så vanleg å skilja mellom formelle og uformelle situasjonar språkleg sett. Resultata frå TUB viste også at det, spesielt hjå dei yngste, ikkje var så stor skilnad på korleis informantane brukte språket i formell og uformell situasjon (Sandøy, 1995).

Organiseringa av intervju i feltarbeidet mitt er i utgangspunktet gjort mest mogeleg lik samtaleopptaka i TUB. Informantane vart intervju i par, der det var ynskjeleg at dei skulle samtala om emne som vart presenterte av opptaksleiaren, og opptaka fann stad på skulen som informantane gjekk på. Den største skilnaden mellom dei gamle og dei nye opptaka ligg kanskje i rolla til opptaksleiaren. I samtaleopptaka frå TUB er opptaksleiaren heller passiv. Elevane vert presenterte for 3 hovudemne som dei skal snakka om, og opptaksleiaren bryt ikkje inn før samtalen stoppar heilt opp. Då spør han om elevane kan samtala vidare om noko anna innanfor same emne. Det er altså hovudsakleg opp til informantane å halda samtalen i gang, og opptaksleiar kjem med svært få kommentarar og gir lite respons under opptaket. I feltarbeidet mitt er opptaksleiaren meir aktiv, særskilt i intervju med dei yngste informantane.

Dialektendringsprosessar har valt å ta i bruk semistrukturert intervju med samtalegaid. I slike intervju er ikkje spørsmålsformuleringane nedteikna ordrett, men strukturerte i stikkordsform etter emne, som opptaksleiaren kan ta utgangspunkt i. Fordi siktemålet med desse opptaka er å få mest mogeleg taletid hjå informantane, kan det vera formålstenleg å tilpassa spørsmåla til den enkelte informanten.

Ein annan skilnad mellom samtaleintervju i TUB og dei nye intervju er talemålet til opptaksleiaren. I TUB er det ein mann med nordfjorddialekt som gjennomfører intervju. *Dialektendringsprosessar* har bestemt at opptaksleiaren i dei nye intervju skulle vera frå det same distriktet som informantane, og ha eit talemål som er nært opp til informantane sitt, så difor kunne ikkje eg, som snakkar sognemål, intervju informantane frå Bergenhus. I mitt tilfelle vart det difor ein prosjektmedarbeidar med bergensdialekt som var opptaksleiar. (For drøfting rundt dette, sjå kapittel 4.6.)

Intervjua med elevane vart i den nye undersøkinga, som i TUB, gjennomførte på skulane. Då var eleven i sitt naturlege miljø, noko som sannsynlegvis gjorde sjølvintervjusituasjonen meir komfortabel enn om ein hadde gjort intervjuet til dømes heime hjå intervjuobjektet eller på ein tilfeldig kafé. Dei vaksne og dei eldre informantane fekk velja sjølv kvar intervjuet skulle takast opp. Det viste seg at dei fleste informantane frå begge gruppene valde å gjennomføra intervjuet heime hjå seg sjølv. Nokre av informantane såg det som mest høveleg å verta intervjuet på universitetet. Under planleggingsfasen var det viktig at intervjuaren var fleksibel, både for å leggja til rette for at det skulle vera så lettvinnt som mogeleg for informanten, slik at han sa ja til å vera med, men også for at sjølv opptaket skulle vera mest mogeleg naturleg og avslappa for informanten.

Det vart gjort opptak med to og to informantar som kjende kvarandre frå før. Elevane vart sette saman i par, medan dei eldre og middelaldrande informantane rekrutterte ein person som dei kjende (og som tilfredsstilte våre krav til informantane). Ved å setja informantane saman i par, vert sjølv opptakssituasjonen mindre framand og rar, og den eine informanten vil truleg fungera som kontrollør for at den andre informanten ikkje snakkar heilt annleis enn han eller ho vanlegvis ville ha gjort.

Metoden med parintervju fungerte godt i dei fleste intervju, og samtalen flaut godt. Men i eitt av elevintervju, der informantane snakka relativt lite, viste det seg at dei to jentene kanskje kjende kvarandre litt for godt. Dei fortalde lite under intervjuet, og det verka kanskje som dei syntest det var unødvendig å svara så mykje på spørsmåla til opptaksleiaren, fordi veninna ved sida av visste alt likevel. Det er viktig at kjemien mellom informantane stemmer, og særleg hjå elevinformantane, for det var der samtalen oftast stoppa heilt opp. (For drøfting rundt dette, sjå kapittel 4.6.)

4.4.2.B Samtaledelen

Sjølv samtaledelen i intervjuet tok om lag 30 minutt, der informanten og intervjuaren snakka saman. Samtalen vart styrt av ein samtalegaid som var laga på førehand (jf. vedlegg 4). Tanken var at denne gaiden skulle gjera det lettare for intervjuaren å styra samtalen ved å bruka spørsmåla i gaiden, og at ein ikkje skulle gå tom for samtaleemne. Samtalegaiden vart utvikla gjennom diskusjonar på fleire av *Dialektendringsprosessar* sine prosjektmøte. Desse diskusjonane viste seg å vera nyttige, særleg sidan mange av prosjektmedarbeidarane tidlegare hadde gjennomført feltarbeid, og kunne komma med nyttige tips til sjølvintervjusituasjonen. Til dømes kom det fram gode døme på samtaleemne som kunne lokka

fram praten hjå elevinformantane, som erfaringsmessig viser seg å vera den vanskelegaste gruppa å få i tale.

Målet med samtaledelen av intervjuet var at informantane skulle snakka mest mogeleg. Difor var spørsmåla fokuserte på informantane sin kvardag. Elevane snakka om fritidsinteresser, skulegang og framtidsplanar, medan dei vaksne og eldre snakka om barndommen sin, fritidsaktivitetar og emne frå lokalmiljøet. Det var viktig å finna gode og allmenne spørsmål og emne som kunne verka engasjerande og lokka fram kjensler hjå informanten. Når informantane vert engasjerte, viser det seg at dei tenkjer mindre over situasjonen dei er i, og korleis dei uttrykkjer seg. Då er også sjansen større for at dei snakkar meir og fokuserer mindre på språket sitt.

Det viste seg at hypotesen vår om at det var elevane som snakka minst i ein slik intervjusituasjon, stemde. Intervjua med elevane ber preg av at elevane stort sett svarar på spørsmåla som intervjuaren stiller, og det er lite kommunikasjon mellom dei to intervjuobjekta. Det var vanskeleg for intervjuaren å finna samtaleemne som engasjerte elevane, og det verka også som om dei ikkje hadde så mykje å fortelja om sjølve.

Fordi elevane var så ordknappe, vart det bestemt at det måtte gjennomførast nye intervju med denne gruppa. To alternativ var aktuelle. Ein kunne gjennomføra tilsvarande intervju med nye elevar, eller ein kunne gjera oppfølgingsintervju med dei elevane som allereie var intervjua. Eg valde det siste alternativet fordi eg ynskte å få meir taletid hjå kvar einskild informant og at talet på informantar i gruppene mine skulle vera likt.

Til oppfølgingsintervjua vart det laga ein ny gaid (jf. vedlegg 5). Det var viktig at denne skulle innehalda noko nytt, noko som kunne fanga interessa til elevane. I Sverige har ein gode erfaringar med å spela av musikk til informantane, for så å lata dei uttala seg om musikken etterpå²⁴. Eg valde eit liknande opplegg, men valde å bruka musikkvideoar i staden for berre lydfiler. Då ga ein elevane noko visuelt å støtta seg til, i tillegg til lyden, og tanken var at det då ville vera lettare for dei å snakka om det dei både såg og hørde. Musikkvideoane som vart brukte, var populære på den tida intervjua vart gjennomførte, og det var videoar som me trudde elevane ville vera kjende med.

Det viste seg at elevane snakka meir den siste gongen. Dette var nok ein kombinasjon av at gaiden var betre tilpassa målgruppa, og at både elevane og intervjuaren var meir fokuserte på at det var viktig at intervjuobjekta skulle snakka meir. Elevane hadde fått vita på førehand

²⁴ Munnleg informasjon frå Jenny Nilsson, 28. oktober 2010. Metoden er skildra i Wirdenäs, Karolina, 2002, "Ungdomars argumentation : om argumentationstekniker i gruppsamtal", doktorgradsavhandling, Göteborgs universitet.

at grunnen til at opptaksleiaren kom tilbake til skulen, var at elevane hadde snakka for lite, og at det no var viktig at dei samtala meir.

I intervjuet med dei middelaldrande og eldre informantane derimot, gjekk samtalen flytande. Dei eldre informantane snakka mykje, og dei kommuniserte også mykje betre med kvarandre. Dei hadde også mange historier å komma med, noko som gjer at også innhaldet i desse intervjuet er av stor interesse. Informantane fortalde historier frå dagleglivet både frå då dei var små, og frå det daglege livet som pensjonist. Slike opptak fortel mykje om korleis samfunnet har endra seg over tid, og sjølv om det er individuelle, subjektive refleksjonar, kan det likevel ha stor verdi i ettertid.

Den største skilnaden på samtaledelen med dei unge og informantane frå middelaldrande- og eldrefasen, var i kor stor grad denne delen faktisk tok form som ein samtale. Elevane var som sagt ordknappe, noko som førte til at opptaksleiaren måtte vera meir aktiv. Det vart med andre ord ikkje ein likeverdig samtale. Erfaringa er at elevane ikkje er like ivrige etter å fortelja om seg sjølve eller ting som opptek dei. Difor svarar dei ofte kortfatta og spinn ikkje vidare på nye emne sjølve. Inntrykket mitt er likevel ikkje at dei vart spesielt fokuserte på formålet med intervjuet, altså at dei var observante på korleis dei snakka. Elevar er vande med at vaksne stiller dei spørsmål, og er nok meir opptekne av å svara rett, enn å vita kva formålet med spørsmåla er.

Me dei middelaldrande og dei eldre fungerte samtalen fint. Sannsynlegvis ser informantane i desse aldersgruppene på opptaksleiaren som ein meir likeverdig samtalepartnar, og dei har difor lettare for å opna seg. Samtalen flaut godt i dei aller fleste opptaka, og opptaksleiaren hadde som regel ikkje bruk for alle spørsmåla i samtalegaiden.

4.4.2.C Paroppgåver/språkoppfatningar

Andre delen av intervjuet var ein folkelingvistisk del med perseptuelle kart. Her fekk informantane eit kart over Bergen kommune, og kommunane rundt framfor seg (jf. vedlegg 6). Oppgåva var at dei skulle diskutera seg fram til kvar dialektgrensene går, og deretter teikna dei inn på kartet ved hjelp av strekar eller ringar, for å gi oss innsyn i kva bevisste språkgrenser og språklege oppfatningar informantane har i og utanfor Bergen. Mange av informantane ga uttrykk for at dei tykte dette var vanskeleg, sannsynlegvis fordi oppgåva var så konkret, og dei verka som dei var redde for å gjera feil. Men tendensen var at så snart dei kom i gang med diskusjonen, kom også strekane på kartet.

Informantane fekk også spørsmål om deira meiningar omkring dialektar og språk i Noreg. Mange reservert seg mot å karakterisera nokre dialektar som finare enn andre, men samtalen gjekk greitt likevel.

Det var fyrst i denne delen av intervjuet at informantane fekk direkte spørsmål om språk. Eg merka likevel ikkje særleg skilnad på informantane sitt språk i den fyrste og den andre delen. Dei som var bevisste på sitt eige språk, dei var bevisste under heile intervjuet. Difor kjem eg til bruka også denne delen av intervjuet i analysen.

4.4.2.D Bilettest

Mot slutten av samtalen vart det gjennomført ein bilettest (sjå vedlegg 7). Denne testen omfattar seks bilete som informantane skulle kommentera. Informanten fekk sjå biletet, og skulle seia kva han eller ho såg på biletet. Bilettesten var utprøvd av andre prosjektmedarbeidarar tidlegare. Siktemålet med bilettesten var å få belegg på enkelte variablar som truleg ikkje ville vera så frekvente i samtaledelen. Bileta var difor valde ut bevisst for å få informantane til å seia det eg ville at dei skulle seia.

Mange av informantane reagerte med humor i denne delen av intervjuet. Bileta som vart brukte, var heimelaga amatørteikningar og kunne nok oppfattast som morosame. Informantane svarar då ofte med latter og er i overkant kreative når dei svarar. Det resulterte i at ein på nokre av bileta fekk heilt andre svar enn forventa.

Eit anna dilemma med ein slik bilettest er at nokre av informantane forstår kva for ein variabel opptaksleiaren er ute etter, og difor vert veldig bevisste sin eigen språkbruk. Då vil informanten kanskje bruka det ein kan kalla eit ideelt språk, eller slik informanten eigentleg skulle ynskja at han snakka. Ein finn døme på slik sjølvrapportering i opptaka mine, der nokre av informantane fyrst svarar på spørsmålet, og deretter rettar på seg sjølve like etterpå. Andre vert usikre og diskuterer med kvarandre kva dei *eigentleg* ville ha sagt dersom dei var i ein annan situasjon.

Eg kjem ikkje til å bruka denne delen av intervjuet i analysen min av to grunnar. For det fyrste vart mange av informantane så bevisste på deira eigen språkbruk, at eg trur ikkje svara deira harmonerer meir resten av samtaledelen. For det andre reagerte informantane annleis på denne delen i forhold til resten av intervjuet, og dei kom difor også med andre svar enn forventa. Bilettesten vart difor ikkje fullgod til mitt føremål.

4.5. Handsaming av materialet

4.5.1 Transkripsjon

Då innsamlinga var gjennomført, måtte materialet transkriberast. Det nye materialet er på om lag 15 timar tale, og det gamle materialet utgjer om lag 3 og ein halv time tale. Eg har transkribert alt det nye og store delar av det gamle materialet sjølv. Resten er det andre som har transkribert. Materialet er ortografisk transkribert i programmet Praat, etter

Dialektendringsprosessar sine retningslinjer for transkripsjon. Eg brukte om lag 10 timar på å transkribera 1 time taletid. I byrjinga tok det noko lengre tid, fordi eg ikkje hadde lært meg retningslinjene skikkeleg. Transkripsjonen er på nynorsk, fordi Nynorsktaggaren skal gi alle ord grammatiske merke. Etter at filene var transkriberte, vart dei også korrekturlesne av ein annan person. Det vil nok likevel finnast småfeil, men grunna tidspress kunne ein ikkje lesa korrektur meir enn éin gong.

4.5.2 Lytting og merking

Lydfilene vart til slutt lagde inn i prosjektkorpuset, klare for lytting og merking. Prosjektet har fått utarbeidd eit nytt program som skal brukast i det arbeidet. Materialet er samla i ein talebank, og det er raskt og effektivt å søka opp dei variablane eg skal undersøka.

V01 (<kj>-lyden) og V02 (<sj>-lyden) var utfordrande å merka. Det var mange variantar, og ikkje alltid lett å skilja lydane. Der eg var usikker, fekk eg lyttehjelp frå ein prosjektmedarbeidar. Etter kvart vart eg kjend med dei ulike lydane og meir sikker på kva som var rett variant. Difor gjekk eg tilbake og kontrollsjekka dei variantane eg hadde merkt i startfasen. Dei realiseringane som eg framleis var usikker på, vart merkte som *utydelege*. I dei tilfella der det var vanskeleg å høyra kva som vart sagt på grunn av lyden som kom etterpå, vart realisasjonen merkt som *nøytral*. Til dømes er belegga på <eg> som har eit ord som startar med konsonantane <k>, <g> og <j>, etter seg, merkt som *nøytrale*. Det same gjeld for belegga på <ikkje>, der informanten dreg saman <veit> og <ikkje> til realisasjonen /vætʃə/. Dersom informanten sa noko som ikkje passa med nokon av variantane, vart realisasjonen merkt som *anna*.

4.5.3 Utrekning

Alle resultatane er utrekna på gruppenivå. Tala i prosent er eit snitt av individane i den aktuelle gruppa. Slik er det berre på individnivå at talet på belegg er utgangspunktet. Dersom belegga var utgangspunkt på gruppenivå, ville det ha ført til at informantar som snakka mindre, også ville talt mindre enn dei andre på gruppenivå. Det er spesielt nokre av dei unge informantane i det nye materialet som snakkar lite.

I tabellane er tala noterte med éin desimal. I flytande tekst brukar eg berre heile tal.

4.6 Diskusjon av ulike sider med den valde metoden

Når ein gjennomfører ein longitudinell studie, er det viktig at den valde metoden i den nye undersøkinga i størst mogeleg grad samsvarar med den gamle undersøkinga. Sidan det er nokre år mellom tidspunkta då dei to undersøkingane vart gjennomførte, vil det naturleg nok vera vanskeleg, og ikkje alltid mogeleg, å skapa situasjonar som er identiske med den fyrste

undersøkinga. Difor må ein gjera nokre metodiske vurderingar, og til slutt velja det ein meiner passar best. I mitt tilfelle er det *Dialektendringsprosessar* som har teke mange av desse vala, og her vil eg diskutera ulike sider ved nokre metodiske spørsmål rundt desse vala.

Då TUB vart gjennomført, var det ein mann med nordfjorddialekt som fungerte som intervjuar under parintervjua. I mi undersøking er intervjuaren ei jente i tjeueåra, som snakkar Fana-dialekt²⁵. For det fyrste hadde dei to intervjuarane forskjellige roller under intervjuet. Medan TUB-intervjuaren var tilbakehalden og stilte få spørsmål, var ho som intervjuar i denne undersøkinga, meir aktiv og stilte fleire spørsmål som styrte samtalen tematisk. For det andre hadde altså intervjuarane ulik dialekt. *Dialektendringsprosessar* har lagt vekt på at intervjuaren skal ha ein dialekt som ligg mest mogeleg opp til informantane sitt talemål. Dette valet botnar i at intervjuaren skal påverka informantane minst mogeleg i noka som helst retning. Fordi dei ulike granskingane innanfor *Dialektendringsprosessar* skal jamførast i eit større prosjekt, var det viktig at ein gjekk ut frå same prinsippet då ein skulle velja intervjuar til mastergradsprojekta. Sjølv om intervjuaren i prosjektet mitt snakkar bergensdialekt, kan det likevel tenkjast at ho kan påverka nokre av informantane. Det finst to varietetar av bergensdialekten i Bergenhus, dei såkalla høg- og lågstatusvarietetane (jf. kapittel 2.2.1.1), og Fana-dialekten har nokre lett gjenkjennelege språkdrag som samsvarar med språkdrag i høgstatusvarieteten. I ein intervjusituasjon kan ein tenkja seg at ein slik påverknad kan få to utfall. Informantane kan konvergera, og dermed nærma seg intervjuaren sitt talemål, eller divergera, og slik skapa avstand mellom sitt eige og intervjuaren sitt språk. Som eg har nemnt tidlegare, er dette prosessar som skjer naturleg under språkleg samhandling, og ein kan heller ikkje vita korleis informantane hadde respondert på ein intervjuar med nordfjorddialekt. For å sikra meg mot at informantane vart påverka av ein framand intervjuar, vart intervjua gjennomførte i par.

Eit interessant aspekt når ein rekrutterer trendinformantar, er kven som seier ja. Då eg ringde rundt til potensielle trendinformantar, kunne eg fort merka kven som var interesserte i prosjektet mitt. Eg vil tru at det er sannsynleg at dei som i utgangspunktet er interesserte i språk eller veit kva ei masteroppgåve går ut på, og kor viktig det er å få med informantar, har lettare for å seia ja til å stilla opp som informantar enn andre. Då kan ein diskutera kor tilfeldig eit slikt utval eigentleg er. Til samanlikning er nok dei unge informantane meir representative for ungdomsskuleelevane som gruppe. Dei vart plukka ut gjennom skulen, og

²⁵ Fordi intervjuaren min vart sjukmeld mot slutten av innsamlingsperioden, er det ein annan intervjuar på eitt av intervjua. Dette er ei jente på om lag same alder som den opphavlege intervjuaren, med nokolunde same dialekt. Den nye intervjuaren fekk grundig opplæring hjå meg, for at intervjusituasjonen skulle bli mest mogeleg lik.

det var lærarane deira som formidla informasjonen. Fordi kommunikasjonen vår gjekk gjennom lærarane, som er autoritative personar for elevane, hadde då elevane sannsynlegvis lettare for å seia ja til å vera med. Samtidig er det viktig å ha i minne at elevane måtte ha løyve frå foreldra for å få vera med i undersøkinga, så det er sannsynleg at også dei har hatt ein viss påverknad på barna sine. Likevel var det ingen av elevane som takka nei til å vera med.

Når dei oppringde informantane vert spurde om å ta med seg ein kjenning som passar til kriteria eg har sett, veit eg ikkje på kva grunnlag desse kjenningane vert plukka ut. Då eg ringde og presenterte meg, vart det sagt at eg arbeidde med ei masteroppgåve om bergensdialekten. Elles sa eg minst mogleg om språk og fokuserte heller på kriterium som alder og kjønn. Likevel har eg ingen garanti for at desse informantane ikkje vart plukka ut på språkleg grunnlag.

4.7 Reliabilitet og validitet

Når me skal gjennomføra ei undersøking av eit talemål, er det to krav som må vera oppfylte. Det fyrste kravet, reliabilitet, gjeld korleis datamaterialet er samla inn. Er det påliteleg og nøyaktig? Validitet, som er det andre kravet, gjeld spørsmålet om framgangsmåten gir svar på det eg har som mål å finna ut.

Eg har valt å presentera alle utrekningane mine på individnivå. Eit anna alternativ kunne vore å late alle førekomstane telja like mykje, noko som sannsynlegvis ville gitt andre resultat. Men fordi det er særst ulikt kor mykje informantane mine snakkar, meiner eg at utrekningar på individnivå gir eit rettare bilete av heilskapen.

Også signifikansen seier noko om reliabiliteten i resultatata. I statistikk tyder det at noko er signifikant, at det ikkje skuldast slump, altså at det er lite sannsynleg at resultatet har oppstått tilfeldig. Signifikanstestinga seier altså noko om kor stort sannsynet er for at eg hadde fått tilsvarende resultat med andre informantar, med andre ord kor pålitelege resultatata mine er. Eller for å seia det som Rowntree:

We anticipate that some such difference would be replicated in future comparisons between pairs of samples from these two populations.” (Rowntree, 1981, s. 116)

Det er rekna signifikans på alle utrekningane, og slik kan ein sjå kva for resultat ein kan seia noko meir eller mindre sikkert om.

Prosessen med lytting og merking er òg knytt til reliabilitet. Fordi eg sjølv ikkje snakkar bergensdialekt, har eg ikkje den språkkjensla med språkdraga som ein innfødd har. Samstundes kan dette også vera ein fordel. Fordi eg ikkje er ein del av språksamfunnet sjølv, er eg i stand til å studera det utanfrå. Der eg har vore usikker på merkinga, har eg fått

lyttehjelp frå andre. Der me har vore einige, har eg merkt varianten. Dersom eg framleis har vore usikker, er dei aktuelle variantane merkt med *utydeleg*.

Som eg har diskutert i kapittel 4.4.2.1 og kapittel 4.6, er det ulike sider ved sjølve intervjusituasjonen som kan påverka intervjuobjektet. Dette kan vidare ha innverknad på validiteten til materialet som er samla inn. Metoden eg har brukt for innsamlinga, har sjølvsagt sitt å seia for kva eg får fram om språkbruken. Eg har ikkje høve til å studera *heile* språket i denne oppgåva, og difor kan ein sjølvsagt diskutera kor mykje av talemålet i Bergenhus eg *eigentleg* kan seia noko om. Men ein del av det metodiske arbeidet i ei slik oppgåve går ut på å ta val. På det grunnlaget har eg lagt eit utval av språklege variablar til grunn. Dette utvalet er basert på tidlegare undersøkingar i det same språksamfunnet. Dei sosiale variablane er valde med tanke på kva for grupper som kan ha språkleg variasjon, og som er mykje undersøkte i tidlegare arbeid. Slik er dei òg teoretisk interessante i dette prosjektet.

5 RESULTAT

5.1 Innleiing

I dette kapittelet vil eg presentera dei innsamla dataa frå trend- og panelgranskinga (jf. den fyrste delen av problemstillinga i kapittel 1.2). Resultata vert hovudsakleg presenterte på gruppenivå, med unnatak av det siste kapittelet som er på individnivå. For kvart delkapittel vil eg testa ut dei hypotesane som høver til.

I kapittel 5.2 vert alle variablane presenterte etter opptaksår uavhengig av sosiale variablar og livsfase. Vidare i kapittel 5.3 viser eg tabellar og figurar for kvar variabel, med fokus på livsfasar etter opptaksår. Språk og kjønn vert framstilt i kapittel 5.4, og i det påfølgjande kapittelet 5.5 viser eg samanhengen mellom språk og sosialgruppe. I kapittel 5.6 er materialet framstilt etter årsklassar med fokus på Akse 1, lågstatus- og høgstatusformer, og Akse 2, yngre og eldre former. Heilt til slutt kjem resultata frå panelgranskinga.

Eg opererer med desse signifikansgrensene i oppgåva:

Tabell 19: Signifikansgrenser.

Probabilitetsnivå	Symbol	Tyding	Tolking
$p \leq 0,001$	***	Svært høg signifikans	99,9 % sjanse for at resultatet ikkje er tilfeldig
$0,001 < p \leq 0,01$	**	Høg signifikans	99 % sjanse for at resultatet ikkje er tilfeldig
$0,01 < p \leq 0,05$	*	Signifikans	95 % sjanse for at resultatet ikkje er tilfeldig
$0,05 < 0 \leq 0,10$	T	Tendens	
$p < 0,10$	i.s	Ikkje signifikans	

I presentasjonen står signifikansverdiane i ei eiga rad i botn av tabellane. Testane som er brukte er *Anova* og *Tukey HS*.

I tabellane i presentasjonen er dei eldre formene og høgstatusformene plasserte til venstre, og dei yngre formene og lågstatusformene plasserte til høgre. I signifikanstestinga har eg slege saman nokre av variantane, etter Akse 1 eller Akse 2 (jf. kapittel 2.3.5). Inndeling av variantane er framstilte i tabell 20.

Tabell 20: Inndeling av variantar til signifikanstesting.

Variabel	Variantsett 1	Variantsett 2
V01 ²⁶	/ç/, /cç/	/ʃ/, /ʃj/
V02 ²⁶	/sj/	/ʃ/, /ʃj/
V03	e	æ
V04	-er	-ar, -a, -e
V05	dei, mei, sei	deg, meg, seg, de, me, se
V06a+b	jei, je	eg, e, ei
V07	ikke	ikkje
V08 ²⁷	noe/noen, någet/någen	nåkke/nåkken

²⁶ Her har eg utelate varianten /ç:/, fordi det på gruppenivå er vanskeleg å vita om han er realisert som <kj>lyd eller <sj>-lyd.

5.2 Språk og opptaksår

Hypotese 1: Det vil vera fleire høgstatusformer i materialet frå 1978/79 enn i materialet frå 2010/11.

5.2.1 Variabel 01: <kj>-lyden

Tabell 21: Variabel 01. Etter opptaksår. Skåring i prosent (og belegg).

Opptaksår	N	V01					sum
		ç	$\widehat{cç}$	ʃ	ʃj	ç ²⁸	
1978/79	12	79,5	0,8	19,6	0,0	0,0	99,9 (512) ²⁹
2010/11	18	62,4	0	37,0	0,1	0,5	99,9 (1027)

p: 1978/79≠2010/11: i.s.

I denne tabellen kan me sjå at omfanget i bruken av /ʃ/-lyden for <kj>, altså ombyte, har stige. Dette er nok ei utvikling i retning samanfall av fonema. I materialet frå 1978/79 brukte 20 prosent av informantane /ʃ/-lyden for å uttala <kj>, og i 2010/11 hadde denne delen auka til 37 prosent. I det gamle materialet fanst også nokre få belegg av $\widehat{cç}$ /. Nokre informantar i 2010/11 hadde også førekomstar av mellomlyden /ç₊/. Når me ser nærare på desse førekomstane på individnivå (jf. vedlegg 15), ser me at informantane M9, M4 og M10 brukar denne lyden berre som realisasjon for <kj>-lyden. Informant K11 er meir spesiell, for ho har samanfall i denne lyden. Ho har altså førekomstar av /ç₊/ i uttale av både V01 og V02.

Det er ingen av dei eldre informantane i 1978/79 som brukar /ʃ/-lyden for <kj>, dette kan me òg sjå av Tabell 32. Blant dei unge i det same opptaksåret er det fire av seks som realiserer <kj> som /ʃ/.

Ser me på materialet frå 2010/11, er det tre av dei seks eldre som uttalar <kj> som /ʃ/, men ikkje i stort omfang. Prosentdelen av /ʃ/-uttale på individnivå ligg på 1 (K8), 6 (M8) og 1 (M9). Også fire av dei seks informantane i middelaldrande-gruppa nyttar /ʃ/ for <kj>, men på individnivå varierer omfanget frå fem til 74 prosent. Alle dei unge i 2010/11 nyttar /ʃ/ for <kj>. To av informantane mine, K13 og M14, har ikkje førekomstar av /ç/ i det heile. K13 har fullt samanfall, og uttalar både <kj> og <sj> som /ʃ/. M14 uttalar 20 prosent av førekomstane av <sj> som /ʃj/.

²⁸ Nokre av informantane i det nye materialet hadde ein mellomlyd som var vanskeleg å definera, han er merkt som ein framskoten palatal frikativ.

²⁹ I sum-kolonna viser tala før parentesen til summen av gjennomsnittsbuiken utrekna på individnivå. Talet i parentes viser til talet på totalbelegg uavhengig av individnivå. Difor stemmer ikkje belegga i parentesen overeins med prosenttala i tabellen, men viser kor mange belegg det er totalt for dei enkelte variablane (inndelte etter opptaksår, livsfasar, kjønn, osv.)

I TUB fann Johannessen at ombyting berre fanst hjå ungdommane, hjå 48 av 92 informantar (Johannessen, 1983, ss. 23-24). Det han kalla ombyte ved bruk av /ʃ/ for <kj>-lyden, var det vanlegaste, der han fann 106 tilfelle. I TUB-materialet var det skilnad på bydelane, der Bergen sentrum og Fana peikte seg ut med å ha høgare frekvens i tilfelle av ombyting. Det er òg berre halvparten av informantane frå Bergen sentrum som er med i det materialet som eg har handsama på nytt. Det kan forklara at mine tal på ombyting i 1978/79 er noko høgare enn hjå Johannessen.

5.2.2 Variabel 02: <sj>-lyden

Tabell 22: Variabel 02. Etter opptaksår. Skåring i prosent (og belegg).

		V02					
Opptaksår	N	sj	ʃj	ʃ	ç	ç+	Sum
1978/79	12	15,4	76,2	7,7	0,6	0,0	99,9 (189)
2010/11	18	8,4	56,1	33,9	0,4	1,3	100,1 (480)
		p: 1978/79≠2010/11: i.s.					

Denne tabellen viser ei utvikling som høver til utviklinga vist i Figur 9. I 1978/79-materialet uttalte 92 prosent av informantane <sj>-lyden som anten /sj/ eller /ʃj/. I 2010/11-materialet har lyden nærma seg /ʃ/, for no uttalar 90 prosent av informantane lyden som anten /ʃj/ eller /ʃ/. Johannessen skriv i 1983 at:

”Det verkar i alle fall som om /sj/ er i ferd med å utvikle seg til eit nytt fonem /ʃ/. Dette kan også forklare korfor det oppstår ombyting, fordi dei to lydane blir meir like kvarandre (Johannessen, 1983, s. 27).”

Nokre få av informantane har også ombyting, der dei uttalar <sj>-lyden som /ç/, men dei utgjør i underkant av 1 prosent i begge opptaksåra.

5.2.3 Samanfall

Eg har tidlegare nemnt at det kan sjå ut som me ser ei utvikling mot samanfall i uttalen av <kj>- og <sj>-lydane i bergensdialekten. Tabell 23 viser ei framstilling av korleis utviklinga i førekomstane av samanfall har arta seg frå 1978/79 til 2010/11. Tabellen er basert på materialet frå TUB som eg har handsama på nytt, og mitt eige innsamla materiale i 2010/11. Eg har også nytta materialet som Agnete Nesse samla inn til si hovudfagsoppgåve i 1994. Eg har teke utgangspunkt i vedlegga hennar med belegg på individnivå og brukt den same utrekningsmetoden som i mitt eige materiale. Difor kan resultatata samanliknast fullt ut.


For å finna førekomstar av samanfall må me sjå på belegg på individnivå. Dersom ein informant brukar den same lyden, til dømes varianten /ʃ/, for å realisera både <kj>-lyden og <sj>-lyden, har han samanfall i den varianten. Eg har summert alle belegga av dei variantane

som *kan* ha samanfall i V01 og V02 hjå alle individa som har samanfall, og rekna ut kor stor prosentdel desse belegga utgjer av det samla talet på belegg i V01 + V02.

Tabell 23: Belegg medsamfall i V01 og V02. Skåring i prosent (og belegg).

Opptaksår	N	Belegg m/samanfall	Belegg u/samanfall	Sum
1978/79 ³⁰	12	22,8	77,2	100 (701)
1994 ³¹	30	29,7	70,3	100 (3208)
2010/11 ³²	18	40,1	59,9	1521 (100)

Figur 12: Belegg med samanfall i V01 og V02.



Ut frå tabellen kan me sjå at tilfella av samanfall i V01 og V02 har auka med om lag 10 prosentpoeng for kvar undersøking. Johannessen kunne ikkje med hjelp av sitt materiale fastslå om det var eit samanfall av /ç/ og /ʃ/ som var på gang (Johannessen, 1983, s. 27). Ut frå det materialet som eg har brukt her, kan eg i alle fall seia at utviklinga viser at det er fleire tilfelle av samanfall no enn i 1978/79.

5.2.4 Variabel 03: Lang æ/e framfor r

Tabell 24: Variabel 03. Etter opptaksår. Skåring i prosent (og belegg).

Opptaksår	N	V03		
		e	æ	sum
1978/79	12	55,7	44,3	100,0 (111)
2010/11	18	29,9	70,1	100,0 (248)

p: 1978/79≠2010/11: T

I 1978/79 var det nokolunde lik fordeling i bruken av æ og e. Dette har endra seg i tida fram til 2010/11. No kan me sjå at æ-varianten har auka med vel 25 prosent, frå 44 prosent i 1978 til 79 prosent i 2011. Forskjellen mellom opptaksåra kvalifiserer til "tendens" i signifikanstestinga.

³⁰ Informantar i livsfase I og III.

³¹ Informantar i alderen 23–81 år.

³² Informantar i livsfase I, II og III.

5.2.5 Variabel 04: Trykklett er-/ar i utlyd i substantiv fleirtal og verb presens

Tabell 25: Variabel 04. Etter opptaksår. Skåring i prosent (og belegg).

		V04				
Opptaksår	N	-er	-e	-ar	-a	sum
1978/79	12	19,4	8,6	46,0	25,9	99,9 (719)
2010/11	18	13,4	4,8	63,7	18,1	100,0 (1742)
		p: 1978/79≠2010/11: i.s.				

Både i 1979 og 2011 er det /-ar/ og /-a/-variantane som dominerer språket. I materialet frå 1978/78 er det 72 prosent av informantane som har slike endingar, og i 2010/2011 har talet stige til 82 prosent. Variantane /-er/ og /e/ har altså sokke med om lag 10 prosent sidan 1978/79. Men forskjellen er likevel ikkje signifikant, kanskje pga. at den overlappende variasjonen er for stor.

5.2.6 Variabel 05: Dei personlege pronomena 1. person eintal objektsform, 2. person eintal objektsform og det refleksive pronomenet

Tabell 26: Variabel 05. Etter opptaksår. Skåring i prosent (og belegg).

		V05			
Opptaksår	N	sei/dei/mei	se/de/me	seg/deg/meg	sum
1978/79	12	26,1	35,5	38,4	100,0 (96)
2010/11	18	15,1	19,9	64,9	99,9 (247)
		p: 1978/79≠2010/11: i.s.			

Tabell 26 viser at lågstatusvariantane seg/eg/meg har hatt ein auke i frekvens på 26 prosentpoeng i åra mellom 1978/79 og 2010/11. Me kan også sjå at det er jamnare fordeling mellom variantane i 1978/79 enn i 2010/11.

5.2.7 Variabel 06: Det personlege pronomenet i 1. person eintal subjektsform

For denne variabelen har eg sett på trykksvak og trykksterk posisjon kvar for seg. Her vil eg opplysa om at då eg merkt denne variabelen, valde eg å merka dei tilfella der <eg> kom framfor velarane <k> eller <g>, som nøytrale. Dette valet gjorde eg fordi det her vart for vanskeleg å høyra om det var <eg> eller <e> som vart sagt.

Det kan sjå ut til at varianten <e> førekjem oftare i tilfelle der ordet som kjem etterpå, startar med ein konsonant. Dette gjeld både i trykksvak og trykksterk stilling. Men mønsteret er ikkje fast og ser ikkje ut til å vera det same for dei to opptaksåra, og difor har eg valt å halda på 5 variantar.

5.2.7.A V06a. Trykksvak posisjon

Tabell 27: Variabel 06a. Etter opptaksår. Skåring i prosent (og belegg).

		V06a					
Opptaksår	N	jei	je	eg	e	ei	Sum
1978/79	12	7,2	16,6	10,9	65,3	0,0	100,0 (528)
2010/11	18	3,7	2,2	28,8	65,1	0,1	99,9 (1477)
p: 1978/79≠2010/11: *							

I begge opptaksår er det varianten <e> som dominerer med om lag 65 prosent av belegga. Frå 1978/79 til 2010/11 har førekomsten av variantane <jei> og <je> minka med 18 prosentpoeng til saman. Samstundes har <eg> auka med tilsvarende 18 prosent, og denne skilnaden er signifikant.

5.2.7.B V06b. Trykksterk posisjon

Tabell 28: Variabel 06b. Etter opptaksår. Skåring i prosent (og belegg.)

		V06b					
Opptaksår	N	jei	je	eg	e	ei	sum
1978/79	12	31,7	8,3	35,8	24,2	0,0	100,2 (106)
2010/11	18	10,4	2,0	64,1	22,8	0,6	99,9 (275)
p: 1978/79≠2010/11: T							

I Tabell 28 ser me at førekomstane av <eg> har auka med 28 prosent frå 1978/79 til 2010/11. Medan <e> held seg nokolunde stabilt, har variantane <jei> og <je> samla 28 prosentpoeng færre belegg i 2010/11. Signifikantstestinga viser ein tendens til skilnad mellom dei to opptaksåra.

5.2.8 Variabel 07: Nektingsadverbet

Tabell 29: Variabel 07. Etter opptaksår. Skåring i prosent (og belegg).

		V07		
Opptaksår	N	ikke	ikkje	sum
1978/79	12	40,3	59,7	100,0 (559)
2010/11	18	17,3	82,7	100,0 (1169)
p: 1978/79≠2010/11: i.s.				

I det nye materialet utgjer varianten <ikkje> 83 prosent av belegga. I materialet frå 1978/79 er variantane jamnare fordelte, men også her har <ikkje> flest belegg, nærare 60 prosent.

Variasjonen innanfor opptaksåra er for stor til at skilnaden er signifikant.

5.2.9 Variabel 08: Determinativen

Tabell 30: Variabel 08. Etter opptaksår. Skåring i prosent (og belegg).

Opptaksår	N	V08			sum
		noen/noe	någen/någet	nåkken/nåkke	
1978/79	12	70,0	6,9	23,2	100,1 (154)
2010/11	18	77,8	0,0	22,2	100,0 (336)
p: 1978/79≠2010/11: i.s.					

Varianten <någen/någet> går frå å ha om lag 7 prosent av belegga i 1978/79 til ingen førekomstar i 2010/11. Dette er ikkje noko overraskande, og Nesse konkluderte med ein tilsvarande tendens i sitt materiale (Nesse, 1994, ss. 78-79). I varianten <noen/noe> kan me sjå ein tilsvarande auke på nesten 8 prosent.

I denne variabelen er det faktisk høgstatusformene som dominerer i begge opptaksåra. Det er noko overraskande, ut frå dei resultatane me har sett for dei andre variablane.


5.2.10 Akse 1 - høgstatusformer eller lågstatusformer?

Tabell 31 viser korleis distribusjonen av høgstatus- og lågstatusvariablane har endra seg i Bergenhus dei siste 30 åra.

Tabell 31: Akse 1. Etter opptaksår. Skåring i prosent (og belegg).

Opptaksår	N	Akse 1		sum
		høgstatusformer	lågstatusformer	
1978/79	12	32,1	67,9	100,0 (2162)
2010/11	18	16,1	83,9	100,0 (5244)

Figur 13: Fordeling av høgstatus- og lågstatusformer i Akse 1. Etter opptaksår.



I Tabell 31 kan me sjå at når me ser alle variablane under eitt, vert fleirtalet av lågstatusformer større i 2010/11 enn det er i 1978/79. I

Figur 13, der me ser utviklinga for kvar variabel som kan reknast til Akse 1, ser me den same tendensen. I nesten alle variablane aukar utgjær lågstatusformene eit større fleirtal i 2010/11

enn dei gjorde i 1978/79. Unntaket er V08, determinativen. Me såg i kapittel 5.2.9 at det er høgstatusformene som dominerer den variabelen, og me ser tydeleg ut frå

Figur 13 at denne variabelen viser ein annan tendens enn dei andre variablane i Akse 1.

Det er ikkje alle variablane som har signifikante skilnader mellom opptaksåra, men me kan sjå at skilnadane går i same retninga.

5.2.11 Resultat i høve til hypotese 1.

I Tabell 31 har me sett at det er lågstatusformene som har flest førekomstar i begge opptaksåra. Førekomsten av lågstatusformer har auka med 16 prosent, frå 68 prosent i 1978/79 til 84 prosent i 2010/11. Hypotese 1 vert difor styrkt.

5.3 Språk og livsfase

Hypotese 2: Dei unge informantane vil ha eit meir homogent språk enn dei eldre informantane, i begge opptaksår.

5.3.1 Innleiing

Resultata vert viste i både tabellar og diagram. I diagramma har eg i nokre tilfelle utelate variantar som har veldig få belegg. Det er i tilfelle kommentert i ein fotnote for kvart diagram.


Eg vil hovudsakleg kommentera livsfasane opp mot kvarandre, og slik jamføra dei eldre i 1978/79 mot dei eldre i 2010/11 og dei yngre i 1978/79 mot dei yngre i 2010/11. Til slutt kommenterer eg kort den synkrone variasjonen mellom livsfasane i 2010/11.

5.3.2 Variabel 01: <kj>-lyden

Tabell 32: Variabel 01. Etter livsfase og opptaksår. Skåring i prosent (og belegg).

		V01					
		ç	ç̂	ʃ	ʃ̂	ç+	sum
Opptaksår	N	Eldre					
1978/79	6	98,3	1,7	0,0	0,0	0,0	100,0 (260)
2010/11	6	98,3	0,0	1,5	0,0	0,2	100,0 (415)
		Middelaldrande					
2010/11	6	83,1	0,0	15,4	0,3	1,2	100,0 (400)
		Yngre					
1978/79	6	60,7	0,0	39,3	0,0	0,0	100,0 (252)
2010/11	6	5,8	0,0	94,2	0,0	0,0	100,0 (212)
		p: dia: E≠E: i.s., Y≠Y: **, Y78≠M10: i.s.					
		p: syn: 1978/79: E≠Y: *					
		2010/11: E≠M: i.s., E≠Y: ***, M≠Y: ***					

Figur 14: Variabel 01. Etter livsfase og opptaksår³³.



Tabell 30 og figur 14 over viser utviklinga til <kj>/<sj>-samanfallet, som er kommentert i kapittel 5.2.3. Dei eldre i 1978/79 og 2010/11 har ei stor overvekt av /ç/-uttale. For yngrefasen er det svært høg signifikans mellom dei to opptaksåra, og me kan sjå ein markant auke i førekomstane av varianten /ʃ/. I 1978/79-materialet er det 61 prosent av informantane som brukar /ç/, mot berre 6 prosent i 2010/11-materialet. Me ser altså at det er hjå dei yngre ombytinga står sterkast.

Ser me 2010/11-materialet for seg, ser ein at det er dei yngste som skil seg ut, med ei overvekt av /ʃ/-variantar. Den store omlegginga skjer altså hjå dei yngre i 2010/11 (Årsklasse IV). Det er svært signifikante skilnader både mellom yngrefasen og dei eldre, og yngrefasen og dei middelaldrande.


³³ Eg har utelate variantane /ʃ̂/, /ç̂/ og /ç+/ i diagrammet, pga. svært få eller ingen belegg.

5.3.3 Variabel 02: <sj>lyden

Tabell 33: Variabel 02. Etter livsfase og opptaksår. Skåring i prosent (og belegg).

		V02					
		sj	/j/	/s/	ç	ç+	sum
Opptaksår	N	Eldre					
1978/79	6	28,1	70,0	1,9	0,0	0,0	100,0 (134)
2010/11	6	2,3	92,8	4,9	0,0	0,0	100,0 (216)
		Middelaldrande					
2010/11	6	22,8	57,5	14,8	1,2	3,8	100,1 (164)
		Yngre					
1978/79	6	2,8	82,5	13,5	1,2	0,0	100,0 (55)
2010/11	6	0,0	17,9	82,1	0,0	0,0	100,0 (100)
		p: dia: E≠E: i.s., Y≠Y: i.s., Y78≠M10: i.s.					
		p: syn: 1978/79: E≠Y: i.s., 2010/11: E≠M: i.s., E≠Y: i.s., M≠Y: i.s.					

Figur 15: Variabel 02. Etter livsfase og opptaksår.



Ingen av skilnadene i tabell 34 er signifikante, truleg pga. stor variasjon innanfor gruppa. Men skilnadene me ser, føyer seg likevel inn i eit interessant overordna mønster som bør kommenterast.

Dersom ein samanliknar dei to eldregruppene, ser me at /j/-varianten er i fleirtal hjå begge, 70 prosent i 1978/79 og 93 prosent i 2010/11. I opptaksåret 1978/79 hadde 28 prosent av dei eldre informantane /sj/-uttale, mot berre vel 2 prosent i 2010/11. Når me ser på dei to yngregruppene, ser me at utviklinga går den motsette vegen. Dei yngre i 1978/79 nytta /j/-varianten i heile 83 prosent av belegga, og i 2010/11 har førekomstane av varianten felle med 18 prosentpoeng. Me ser òg at /s/-varianten har hatt ei motsett utvikling, frå 14 prosent av førekomstane hjå dei yngre i 1978/79 til heile 83 prosent hjå dei yngre i 2010/11.

Når me ser på den synkrone variasjonen i 2010/11-materialet, finn me den tydelegaste variasjonen mellom variantane /j/ og /s/. Dei middelaldrande er òg interessante her. Det er overraskande at denne gruppa har så mange førekomstar av /sj/-varianten. I vedlegg 15 ser me


at det 3 er informantar som har denne lyden, og informant K12 uttalar <sj>-lyden som /sj/ i heile 92 prosent av førekomstane. I denne årsklassen finn me dessutan dei einaste førekomstane av ombyte der <sj>-lyden vert realisert som /ç/. Denne varianten tel vel 1 prosent av belegga. Det same ser me då også for yngrefasen i 1978/79, som altså høyrer til same årsklasse som midtgruppa i 2010/11. Det er likevel ikkje mange som har dette ombytet. Som me kan sjå av vedlegg 20, er det éin informant i 1978/79 og éin informant i 2010/11.

5.3.4 Variabel 03: Lang æ/e framfor r

Tabell 34: Variabel 03. Etter livsfase og opptaksår. Skåring i prosent (og belegg).

		V03		
		e	æ	sum
Opptaksår	N	Eldre		
1978/79	6	86,3	13,7	100,0 (47)
2010/11	6	39,5	60,5	100,0 (98)
		Middelaldrande		
2010/11	6	50,0	50,0	100,0 (77)
		Yngre		
1978/79	6	25,1	74,9	100,0 (64)
2010/11	6	0,0	100,0	100,0 (73)
		p: dia: E≠E:*, Y≠Y: i.s., Y78≠M10: i.s.		
		p: syn: 1978/79: E≠Y: **, 2010/11: E≠M: i.s., E≠Y: i.s., M≠Y:*		

Figur 16: Variabel 03. Etter livsfase og opptaksår.



Hjå dei eldre i 1978/79 utgjer varianten e 86 prosent av førekomstane. I eldregruppa i 2010/11 er fordelinga mellom variantane jamnare, og det er signifikant skilnad mellom eldregruppene i dei to opptaksåra. Ser me på yngregruppa, ser me at dei unge i 1978/79 har 25 prosent førekomstar av e-varianten , medan varianten i 2010/11 er heilt borte.


I 2010/11-materialet er ikkje variasjonen like stor. Her ser me at æ-formene er i fleirtal både hjå dei eldre og dei yngre, medan dei utgjer halvparten av belegga hjå dei middelaldrande. Det er signifikant skilnad mellom dei middelaldrande og dei unge i 2010/11.

5.3.5 Variabel 04: Trykklett er-/ar i utlyd i substantiv fleirtal og verb presens

Tabell 35: Variabel 04. Etter livsfase og opptaksår. Skåring i prosent (og belegg).

		V04				
		-er	-e	-ar	-a	sum
Opptaksår	N	Eldre				
1978/79	6	22,8	12,0	45,0	20,2	100,0 (337)
2010/11	6	12,0	2,0	65,1	20,9	100,0 (792)
		Middelaldrande				
2010/11	6	8,5	6,4	66,2	18,9	100,0 (511)
		Yngre				
1978/79	6	16,1	5,2	47,1	31,6	100,0 (382)
2010/11	6	19,6	6,2	59,7	14,6	100,1 (792)
		p: dia: E≠E: i.s, Y≠Y: i.s, Y78≠M10: i.s.				
		p: syn: 1978/79: E≠Y: i.s, 2010/11: E≠M: i.s., E≠Y: i.s., M≠Y: i.s.				

Figur 17: Variabel 04. Etter livsfase og opptaksår.




Alle aldersgruppene har flest førekomstar av /ar/-varianten, og det er både i yngregruppa og middelaldrande-gruppa ein tydeleg auke i førekomstane av varianten frå 1978/79 til 2010/11. Dei eldre i 1978/79 har 11 prosentpoeng fleire førekomstar av /er/-varianten og 10 prosentpoeng fleire førekomstar av e-varianten enn dei eldre i 2010/11. Variasjonen mellom dei yngre og dei eldre er større i 1978/79-materialet enn i 2010/11-materialet.

5.3.6 Variabel 05: Dei personlege pronomena 1. person eintal objektsform, 2. person eintal objektsform og det refleksive pronomenet

Tabell 36: Variabel 05. Etter livsfase og opptaksår. Skåring i prosent (og belegg).

		V05			
		sei/dei/mei	se/de/me	seg/deg/meg	sum
Opptaksår	N	Eldre			
1978/79	6	27,7	42,2	30,7	100,6 (58)
2010/11	6	37,3	22,1	40,6	100,0 (18)
		Middelaldrande			
2010/11	6	3,2	20,5	76,4	100,1 (78)
		Yngre			
1978/79	6	25,5	27,5	47,5	100,5 (38)
2010/11	6	2,9	16,7	80,4	99,9 (118)
		p: dia: E≠E: i.s, Y≠Y: i.s, Y78≠M10: i.s.			
		p: syn: 1978/79: E≠Y: i.s, 2010/11: E≠M: i.s., E≠Y: i.s., M≠Y: i.s.			

Figur 18: Variabel 05. Etter livsfase og opptaksår.



Heller ikkje her er det signifikante skilnader, men me ser likevel (kanskje lettast av søylediagrammet) at det er eit generelt mønster i tala.

Dersom me fyrst ser på eldregruppene, kan me sjå at den største skilnaden mellom dei to gruppene ligg i mellomformene, som er reduserte med 20 prosentpoeng på dei 30 åra. Me kan òg sjå at varianten <sei/dei/mei> har auka i eldregruppa i 2010/11. Det er større skilnader mellom dei to yngregruppene. Førekostane av <seg/deg/meg>-varianten har auka med 33 prosentpoeng, og <sei/dei/mei>-varianten har minka med 23 prosentpoeng.

Dersom me ser på den synkrone variasjonen i 2010/11, kan me sjå at dei middelaldrande og dei yngre er nokolunde like med ein høg prosentdel av <seg/deg/meg>-former, medan dei eldre har jamnare fordeling av variantane.


5.3.7 Variabel 06: Det personlege pronomenet i 1. person eintal subjektform

5.3.7.A V06a. Trykksvak posisjon

Tabell 37: Variabel 06a. Etter livsfase og opptaksår. Skåring i prosent (og belegg).

		V06a					
		jei	je	eg	e	ei	sum
Opptaksår	N	Eldre					
1978/79	6	10,0	27,0	9,4	53,7	0,0	100,1 (292)
2010/11	6	11,1	5,9	16,6	66,5	0	100,1 (547)
		Middelaldrande					
2010/11	6	0,0	0,5	43,1	56,1	0,4	100,1 (357)
		Yngre					
1978/79	6	4,4	6,3	12,4	76,8	0,0	99,9 (236)
2010/11	6	0,1	0,1	26,9	72,8	0,0	99,9 (573)
		p: dia: E≠E: i.s, Y≠Y: i.s, Y78≠M10: i.s.					
		p: syn: 1978/79: E≠Y: i.s, 2010/11: E≠M: i.s., E≠Y: i.s., M≠Y: i.s.					

Figur 19: Variabel 06a. Etter livsfase og opptaksår³⁴.



Eit overordna mønster her er at det vert fleire førekomstar av varianten /e/, i takt med at det vert færre førekomstar av variantane /jei/ og /je/.

I eldregruppa er det e-varianten som dominerer i begge opptaksåra. Men i 1978/79-materialet har /je/-varianten 21 prosent fleire førekomstar enn i 2010/11. Hå dei yngre er det tydeleg også /e/-varianten som har flest førekomstar, med 77 prosent i 1978/79 og 73 prosent i 2010/11. /eg/-varianten har fått fleire førekomstar i 2010/11, medan /jei/ og /je/ nesten er heilt borte.

For 2010/11-materialet sett under eitt kan me sjå at variantane /je/ og /jei/, som utgjør 17 prosent av belegga hjå dei eldre, nesten ikkje førekjem hjå dei unge og i midtgruppa.


³⁴ I diagrammet har eg utelate varianten <ei>, grunna få belegg.

5.3.7.B V06b. Trykksterk posisjon

Tabell 38: Variabel 06b. Etter livsfase og opptaksår. Skåring i prosent (og belegg).

		V06b					
		jei	je	eg	e	ei	sum
Opptaksår	N	Eldre					
1978/79	6	44,7	12,5	21,8	21,1	0,0	100,1 (52)
2010/11	6	31,2	6,1	38,5	22,3	1,9	100,0 (144)
		Middelaldrande					
2010/11	6	0,0	0,0	73,5	26,5	0,0	100,0 (93)
		Yngre					
1978/79	6	18,7	4,2	49,8	27,3	0,0	100,0 (54)
2010/11	6	0,0	0,0	80,4	19,6	0,0	100,0 (144)
		p: dia: E≠E: i.s, Y≠Y: i.s, Y78≠M10: i.s.					
		p: syn: 1978/79: E≠Y: i.s.					
		2010/11: E≠M: i.s., E≠Y: i.s., M≠Y: i.s.					

Figur 20: Variabel 06b. Etter livsfase og opptaksår³⁵.



Begge dei to eldregruppene har relativt stor spreing i førekostane av dei ulike variantane når det gjeld denne variabelen. Men der dei eldste i 1978/79 har flest førekostar av /jei/, har dei eldre i 2010/11 flest førekostar av /eg/. Mellom dei to yngregruppene er det større skilnader. Det er /eg/ som har flest førekostar i begge opptaksåra, men det er meir variasjon i yngregruppa i 1978/79. Hå dei yngre i 2010/11 er høgstatusvariantane /jei/ og /je/ heilt vekke, og /eg/ utgjer heile 80 prosent av førekostane.

Ser me på den synkrone variasjonen i 2010/11, ser me at det er dei middelaldrande og dei yngre som liknar mest, heilt utan høgstatusvariantar. I eldregruppa er det førekostar av alle dei fire variantane.


³⁵ I diagrammet har eg utelate varianten <ei>, grunna få belegg.

5.3.8 Variabel 07: Nektingsadverbet

Tabell 39: Variabel 07. Etter livsfase og opptaksår. Skåring i prosent (og belegg).

		V07		
		ikke	ikkje	sum
Opptaksår	N	Eldre		
1978/79	6	48,6	51,4	100,0 (268)
2010/11	6	19,3	80,7	100,0 (424)
		Middelaldrande		
2010/11	6	0,2	99,8	100,0 (357)
		Yngre		
1978/79	6	32,0	68,0	100,0 (291)
2010/11	6	32,4	67,7	100,1 (288)
		p: dia: E≠E: i.s, Y≠Y: i.s, Y78≠M10: i.s.		
		p: syn: 1978/79: E≠Y: i.s, 2010/11: E≠M: i.s., E≠Y: i.s., M≠Y: i.s.		

Figur 21: Variabel 07. Etter livsfase og opptaksår.



I eldregruppa i 1978/79 er dei to variantane jamt fordelte, med 49 prosent av belegga på <ikke> og 51 prosent på <ikkje>. I eldregruppa i 2010/11 derimot har <ikkje> heile 81 prosent av førekomstane. Når me ser på dei yngre, ser me at dei er nesten heilt like i dei to opptaksåra. Varianten <ikke> utgjer 32 prosent av belegga, og <ikkje> utgjer dei resterande 68 prosentane.


I materialet frå 2010/11 er det varianten <ikkje> som har flest førekomstar. Her er det midtgruppa som skil seg ut frå dei andre to, med nesten 100 prosent belegg på <ikkje>.

5.3.9 Variabel 08: Determinativen

Tabell 40: Variabel 08. Etter livsfase og opptaksår. Skåring i prosent (og belegg).

		V08			
		noen/noe	någen/någet	nåkken/nåkke	sum
Opptaksår	N	Eldre			
1978/79	6	57,5	13,7	28,8	100,0 (68)
2010/11	6	84,5	0,0	15,5	100,0 (141)
		Middelaldrande			
2010/11	6	63,8	0,0	36,2	100,0 (82)
		Yngre			
1978/79	6	82,4	0,0	17,6	100,0 (86)
2010/11	6	85,2	0,0	14,8	100,0 (113)
		p: dia: E≠E: i.s, Y≠Y: i.s, Y78≠M10: i.s.			
		p: syn: 1978/79: E≠Y: i.s, 2010/11: E≠M: i.s., E≠Y: i.s., M≠Y: i.s.			

Figur 22: Variabel 08. Etter livsfase og opptaksår.



Også her er det meir variasjon i eldregruppa i 1978/79 enn i den same gruppa i 2010/11. Dei eldre i 1978/79 har 14 prosent førekomstar av <någen/någet>, og det er berre denne gruppa som i det heile har førekomstar av den varianten. Dei eldre i 2010/11 har 85 prosent belegg på varianten <noen/noe>. Yngrefasen er temmeleg like i dei to opptaksåra, med 83 prosent belegg på <noen/noe> i 1978/79 og 85 prosent i 2010/11.


Når me ser på den synkrone variasjonen i 2010/11, ser me òg her at dei middelaldrande skil seg ut frå dei to andre med fleire belegg av varianten <nåkken/nåkke>. Me kan likevel sjå at lågstatusvarianten er i mindretal i denne variabelen, noko som er ulikt mønsteret me har sett i dei andre variablane.

5.3.10 Akse 1 – høgstatusformer eller lågstatusformer?

Tabell 41: Akse 1. Etter livsfase og opptaksår. Skåring i prosent (og belegg).

		Akse 1		
		høgstatusformer	lågstatusformer	sum
Opptaksår	N	Eldre		
1978/79	6	37,8	62,2	100,0 (1075)
2010/11	6	21,9	78,1	100,0 (2165)
		Middelaldrande		
2010/11	6	7,8	92,2	100,0 (1477)
		Yngre		
1978/79	6	26,3	73,7	100,0 (1087)
2010/11	6	18,5	81,5	100,0 (1602)

Figur 23: Akse 1. Etter livsfase og opptaksår.



Det er ein auke i førekomstane av lågstatusvariantar både eldregruppa og yngregruppa. Hå dei eldre har førekomstane av lågstatusvariantar auka med 16 prosentpoeng, og hå dei yngre har dei same variantane auka med 8 prosentpoeng. Det er dei middelaldrande som har høgast prosentdel med lågstatusformer, heile 92 prosent av belegga i denne gruppa er lågstatusformer.


Når me ser på den synkrone variasjonen i 2010/11, ser me at dei eldre og yngre er nokolunde like, medan midtgruppa skil seg ut med flest lågstatusformer.

5.3.11 Akse 2 – yngre eller eldre former?

Tabell 42: Akse 2. Etter livsfase og opptaksår. Skåring i prosent (og belegg).

		Akse 2		
		Yngre former	Eldre former	sum
Opptaksår	N	Eldre		
1978/79	6	43,8	56,2	100,0 (420)
2010/11	6	48,5	51,5	100,0 (869)
		Middelaldrande		
2010/11	6	36,4	63,6	100,0 (697)
		Yngre		
1978/79	6	53,7	46,3	100,0 (517)
2010/11	6	96,1	3,9	100,0 (496)

Figur 24: Akse 2. Etter livsfase og opptaksår.



Det er ikkje så stor skilnad mellom eldregruppene i dei to opptaksåra. Dei eldre i 2010/11 har 8 prosentpoeng fleire yngre former enn dei eldre i 1978/79. Men når me ser på dei to yngregruppene, er det store skilnader der. Medan dei yngre i 1978/79 hadde 54 prosent yngre former, har dei yngre i 2010/11 heile 96 prosent yngre former.

Ser me på 2010/11-materialet under eitt, er det tydeleg at det er yngregruppa som skil seg ut frå dei andre, ved å ha ein så stor del yngre former. Det er også litt overraskande at dei middelaldrande har færre yngre former enn dei eldre. Her ville ein kanskje ha forventa at resultatet var omvendt.

5.3.12 Resultat i høve til Hypotese 2

Det er vanskeleg å slå fast at dei unge har eit meir homogent språk enn dei eldre. Det kan sjå ut til at det i 2010/11-materialet er jamt over dei unge som har det mest homogene talemålet. I materialet frå 1978/79 er det omvendt, der er det dei eldste som har det mest homogene talemålet. Hypotesen er berre delvis styrkt.

5.4 Språk og kjønn

Hypotese 3: Det vil ikkje vera skilnad mellom kvinner og menn når det gjeld høgstatus- eller lågstatusformer i 2011.

5.4.1 Innleiing

I denne delen har eg valt å fokusera på akse 1 (jf. tabell 13). Eg vil sjå på den synkrone variasjonen i 2010/11.

5.4.2 Akse 1 – høgstatusformer eller lågstatusformer?

Tabell 43: Akse 1. Kjønnfordeling i 2010/11. Skåring i prosent (og belegg).

		Akse 1		
	N	lågstatusformer	høgstatusformer	sum
K	9	81,8	18,2	100,0 (2008)
M	9	81,5	18,5	100,0 (2292)

5.4.4 Resultat i høve til Hypotese 3


Ifylgje tabell 43 er det liten skilnad mellom kvinner og menn når det gjeld høgstatus- og lågstatusformer i 2010/11. Hypotesen er styrkt.

Dersom me går inn og ser nærare på materialet og skil mellom livsfasane, ser me meir nyanserte resultat.

Tabell 44: Akse 1. Kjønnfordeling etter livsfasar. 2010/11. Skåring i prosent (og belegg).

		Akse 1		
	N	lågstatusformer	høgstatusformer	sum
		Eldre		
K	3	65,1	34,9	100,0 (1070)
M	3	91,1	8,9	100,0 (1095)
		Middelaldrande		
K	3	95,0	5,0	100,0 (782)
M	3	89,4	10,6	100,0 (695)
		Yngre		
K	3	92,5	7,5	100,0 (657)
M	3	70,5	29,5	100,0 (945)

Figur 25: Akse 1. Kjønnfordeling etter livsfasar. 2010/11.



I tabell 44 og figur 25 ser me at me finn den største skilnaden mellom menn og kvinner i yngregruppa og eldregruppa. Hjø dei eldre har kvinnene 26 prosent fleire høgstatusformer enn menn. Ser me på førekomstane hjå dei yngre, ser me at det der er mennene som har flest høgstatusformer, 22 prosent fleire enn kvinnene. Hjø dei middelaldrande er ikkje skilnaden mellom kjønna så stor. Her har mennene 6 prosent fleire høgstatusformer enn kvinnene.

Det er ein variabel eg vil trekkja spesielt fram når det gjeld kjønnskilnader, og det er V03.

Tabell 45: V03. Etter kjønn. 2010/11. Skåring i prosent (og belegg).

		V03		
		æ	e	sum
	N	Eldre		
K	3	100,0	0,0	100 (55)
M	3	20,9	79,1	100 (43)
		Middelaldrande		
K	3	59,3	40,7	100 (38)
M	3	40,6	59,4	100 (389)
		Yngre		
K	3	100,0	0,0	100 (23)
M	3	100,0	0,0	100 (50)
		p: syn: K≠M: i.s		

Her ser me at dei eldre kvinnene berre har førekomstar av varianten <æ>, medan mennene i same livsfase har heile 80 prosent førekomstar av varianten <e>. Hjø dei middelaldrande er fordelinga mellom dei to variantane jamnare, og hjå dei unge er det berre førekomstar av <æ>.

Signifikantestinga viser at det ikkje er signifikante skilnader mellom kjønna i 2010/11. Dette kan tyda på at det er stor overlapping mellom gruppene, eller at det er store individuelle skilnader innanfor kvar gruppe.

5.5 Språk og sosialgruppe


Hypotese 4: Sosialgruppe 1 vil ha fleire førekomstar av høgstatusformer enn sosialgruppene 2 og 3. (Begge opptaksår.)

5.5.1 Akse 1 – høgstatusformer eller lågstatusformer?

Tabell 46: Akse 1. Etter opptaksår og sosialgruppe. Skåring i prosent (og belegg).

		Akse 1			
	Sosialgr.	N	lågstatusformer	høgstatusformer	sum
1978/79	1	6	57,7	42,3	100,0 (1092)
	2	4	73,8	26,2	100,0 (696)
	3	2	86,9	13,1	100,0 (374)
2010/11	1	4	88,2	11,8	100,0 (1236)
	2	5	81,5	18,5	100,0 (1444)
	3	9	83,3	16,7	100,0 (2564)

Figur 26: Akse 1. Etter opptaksår og sosialgruppe.



I materialet frå 1978/79 kan me sjå at det er skilnad mellom sosialgruppene. Som forventa, er det sosialgruppe 1 som har flest høgstatusformer, med 42 prosent av førekomstane. Sosialgruppe 2 følgjer etter med 26 prosent, medan sosialgruppe 3 er den med lågast del høgstatusformer, 13 prosent.

I materialet frå 2010/11 derimot er det ikkje så stor skilnad på sosialgruppene. Her er sosialgruppe 1 den gruppa som faktisk har færrest høgstatusformer, med 12 prosent. Sosialgruppe 2 og 3 er jamnare, med høvesvis 19 prosent og 17 prosent.

5.5.2 Resultat i høve til hypotese 4.

I materialet frå 1978/79 er det sosialgruppe 1 som har flest førekomstar av høgstatusformer. I 2010/11-materialet er ikkje skilnadene like store, men me kan sjå at det er sosialgruppe 2 som har flest førekomstar av høgstatusformer, tett følgd av sosialgruppe 3. Det er faktisk sosialgruppe 1 som har færrest høgstatusformer, med 12 prosent. Hypotesen er difor berre delvis styrkt.

5.6 Språk og årsklassar

Hypotese 5: Frekvensen av nye former vil auka med årsklassane.

5.6.1 Innleiing


Eg har vist i metodedelene at det er ulike måtar å framstilla materialet på. I dette kapittelet skal me sjå på resultatane ut frå ei årsklasseinndeling (jf. tabell 16). Føremålet med denne framstillinga er å visa ei kronologisk utvikling i språket.

5.6.2 Akse 2 – yngre eller eldre former?

Tabell 47: Akse 2. Årsklasseinndeling.

Årsklasse	N	eldre former	yngre former	sum
Årsklasse I	6	65,8	34,2	100,0 (503)
Årsklasse II	6	51,5	48,5	100,0 (869)
Årsklasse III	12	52,1	47,9	100,0 (1153)
Årsklasse IV	6	3,9	96,1	100,0 (496)

Figur 27: Akse 2. Årsklasseinndeling.



Figur 27 gir eit tydeleg bilete av utviklinga i bruken av eldre og yngre former. Hjø informantane i årsklasse I var det dei eldre formene som var i overtal. Kurva flatar ut i årsklasse II der dei eldre og yngre formene er nesten likestilte. Frå og med årsklasse III går kurvene i kvar si retning. I årsklasse IV utgjør dei yngre formene nesten 100 prosent av belegga.

5.6.3 Resultat i høve til hypotese 5.

I figur 27 ser me at dei yngre formene har gått frå å utgjera 35 prosent av førekomstane i årsklasse I til å utgjera heile 97 prosent av førekomstane i Årsklasse IV. Hypotesen er styrkt.

5.7 Språk på individnivå. (Panelinformantane.)

Hypotese 6: Panelinformantane vil ha om lag like stor prosentdel av varianten /ʃ/ i V01 i 1978/79-materialet som i 2010/11-materialet.

5.7.1 Innleiing

I denne delen skal me sjå nærare på kva som har skjedd med språket til dei tre panelinformantane M4, M5 og K6. Her skal me sjå kvar forklaringa til eventuelle språkendingar kan liggja på individnivået.

Dette er den kvalitative delen av oppgåva, og denne delen vil fungera som eit supplement til den kvantitative delen. Eg vil berre peika på hovuddrag i utviklinga, så det er likevel ikkje ei fullt ut kvalitativ gransking.

5.7.2 Panelinformant M4

Tabell 48: Alle variablane etter opptaksår. Skåring i prosent (og belegg).

	V01						V02					
	ç	ʃ	ʃj	cç	ç+	Sum	ç	ʃ	sj	ʃj	ç+	sum
1978/79	25,9	74,1	0,0	0,0	0,0	100,0 (58)	0,0	38,5	0,0	61,5	0,0	100,0 (13)
2010/11	98,1	0,0	0,0	0,0	1,9	100,0 (106)	0,0	15,8	0,0	84,2	0,0	100,0 (38)

	V03			V04				V05				
	æ	e	sum	-er	-e	-ar	-a	sum	mei	me	meg	sum
1978/79	88,2	11,8	100,0 (17)	13,3	6,0	59,0	21,7	100,0 (83)	0,0	12,5	87,5	100,0 (8)
2010/11	100,0	0,0	100,0 (10)	24,3	12,6	51,5	11,7	100,1 (103)	0,0	35,7	64,3	100,0 (14)

	V06a						V06b					
	jei	je	ei	e	eg	sum	jei	je	ei	e	eg	sum
1978/79	0,0	0,0	0,0	85,0	15,0	100,0 (20)	0,0	0,0	0,0	6,7	93,3	100,0 (15)
2010/11	0,0	0,0	0,0	77,4	22,6	100,0 (93)	0,0	0,0	0,0	18,2	81,8	100,0 (11)

	V07			V08			
	ikke	ikkje	sum	noe/noen	nåkke/nåkken	någet/någen	sum
1978/79	0,0	100,0	100,0 (52)	88,0	12,0	0,0	100,0 (25)
2010/11	0,0	100,0	100,0 (94)	100,0	0,0	0,0	100,0 (30)

M4 er ein mann fødd i 1963. Han er oppvaksen ved Svartediket og på Krohnstad og kom i 1978/79 inn under sosialgruppe 1 etter far sitt yrke. Informanten har flytta ein del i løpet av livet og har mellom anna budd i Nord-Noreg og i USA. No bur han og familien igjen på Krohnstad. Informanten har høgare utdanning, og arbeider i dag som controller, der han har ei mellomleiarstilling innan økonomi. Han høyrer i dag til i sosialgruppe 2.

Informanten seier at han snakkar bergensk, men at han kan bruka andre dialektar i nokre sosiale samanhengar. Det kjem fram i intervjuet at informanten har ei positiv innstilling til

språk og dialektar, og at han i ungdommen vart veldig medviten på sitt eige talemål. Då han byrja på Nygård skule, følte han at han måtte ”leggja om” på nokre ord fordi han snakka pent:

Der kor eg voks opp, var det jo litt forfina. Og det er det jo framleis. Ja, det er mykje ”jei” og ”mei” i det strøket. Men det blei jo loppa av oss, når me byrja på Nygård skule. Kunne ikkje gå der og seie ”jei” og ”mei”. Nede i Bergen sentrum. (M4)

5.7.2.A Språket til M4 dei siste 30 åra

Som me kan sjå av Tabell 48, viser informant M4 stor endring i V01. I 1978/79 hadde han 74 prosent førekomstar av /ʃ/, i 2010/11 har han ingen. Dette kan tyda på at realisering a kj-lyden som /ʃ/ var ei form for livsfasespråk for denne informanten. Ser me på V02, ser me òg ei endring, men ikkje i like stor grad. Her har informanten 28 prosent færre førekomstar av /ʃ/ og tilsvarande fleire på varianten /ʃj/. Også når det gjeld V03, kan me sjå ei endring mot fleire førekomstar av <æ>, og i V08 har han 12 prosent fleire førekomstar av noe/noen. Kanskje kan dette vera eit resultat av korleis informanten måtte endra språket sitt i ungdommen. M4 gav uttrykk for at han møtte andre normer og forventningar språkleg sett, då han byrja på ungdomsskulen i sentrum. Han følte at han ikkje lenger kunne snakka så pent som han hadde gjort i oppveksten, og endra difor språket sitt. Når me no kan sjå at han har fått fleire innslag av høgstatusformene att, kan det vera ein indikasjon på dei strenge talemålsnormene som kan eksistera i ungdomsgrupper (jf. kapittel 3.2.5). Dersom lågstatusformene for han var eit teikn på livsfasespråk, er det då kanskje naturleg at han gjekk ”tilbake” til fleire høgstatusformer då han vart vaksen, og gjekk inn yrkeslivet. Når det gjeld V07, held informanten seg stabil på 100 prosent førekomstar av <ikkje>.

Dersom me ser på talemålet til M4 med tanke på akse 1, ser me altså at han har litt fleire høgstatusformer i 2010/11 enn i 1978/79. Me kan sjå at V04 og V08 er dei variablane der høgstatusformene går fram. I V05, V06 og V07 førekjem det ikkje høgstatusvariantar i det heile. Når det gjeld V01 og V02 i akse 2, har dei nye formene, eller det me kanskje kan kalla ungdomsvariantane, tilbakegang. V03 og V08 går fram.

M4 føl stort stett endringsmønsteret til trendgruppa si. Unnataket er i V03 og V08, der informanten har fleire yngre former i 2010/11 enn han har i 1978/79. Her føl han altså mønsteret til yngregruppa i 2010/11, og det kan sjå ut til at han har teke med seg nokre av språktrekka som han hadde i ungdommen, og gått vidare i same retninga.

5.7.3 Panelinformant M5

Tabell 49: Alle variablane etter opptaksår. Skåring i prosent (og belegg).

	V01						V02					
	ç	ʃ	ʃj	cç	ç+	sum	ç	ʃ	sj	ʃj	ç+	sum
1978/79	100,0	0,0	0,0	0,0	0,0	100,0 (53)	0,0	0,0	0,0	100,0	0,0	100,0 (4)
2010/11	100,0	0,0	0,0	0,0	0,0	100,0 (13)	0,0	18,5	0,0	81,5	0,0	100,0 (27)

	V03			V04					V05			
	æ	e	sum	-er	-e	-ar	-a	sum	mei	me	meg	sum
1978/79	100,0	0,0	100,0 (11)	6,1	3,0	57,6	33,3	100,0 (66)	0,0	25,0	75,0	100,0 (8)
2010/11	90,0	10,0	100,0 (10)	11,5	1,6	70,5	16,4	100,0 (61)	30,0	30,0	40,0	100,0 (10)

	V06a						V06b					
	jei	je	ei	e	eg	sum	jei	je	ei	e	eg	sum
1978/79	0,0	0,0	0,0	89,8	10,2	100,0 (49)	0,0	0,0	0,0	44,4	55,6	100,0 (9)
2010/11	2,1	0,0	0,0	89,6	8,3	100,0 (48)	0,0	0,0	0,0	0,0	100	100,0 (1)

	V07			V08			
	ikke	ikkje	sum	noe/noen	nåkke/nåkken	någet/någen	sum
1978/79	0,0	100,0	100,0 (44)	100,0	0,0	0,0	100,0 (8)
2010/11	69,2	30,8	100,0 (39)	100,0	0,0	0,0	100,0 (19)

M5 er ein mann fødd i 1963. Han voks opp på Møhlenpris, men flytta etter kvart til Damsgård. No bur han i Fyllingsdalen. Informanten har høgare utdanning og arbeider som it-konsulent, og han kjem inn under sosialgruppe 2 i begge opptaksåra.

I intervjuet kjem det fram at informanten ikkje har noko spesielt forhold til språk og dialektar, han meiner det viktigaste er å gjera seg forstått.

Nei, du prøver å gjere deg forstått. Utan å gjere noko større nummer ut av det. [...] Berre det ikkje er overdrive på nokon måte, så er no bergensk fint. (M5)

For å illustrera dette kan eg trekkja fram eit døme frå intervjuet. Temaet er om dialekten i Bergenhus endrar seg, og samtalepartnaren til M5 kjem inn på at dei unge i dag uttalar <kino> som /ʃi:nu/. Dette er eit fenomen informanten aldri har høyrte om, og han kan heller ikkje hugsa å ha lagt merke til ein slik uttale av <kj>-lyden.

”Sjino? Nei, eg har høyrte om kino. ”Sjino” er noko nytt for meg. Eg hadde lurt på kva dei skulle (M5).”

5.7.3.A Språket til M5 dei siste 30 åra

I V01 har informanten ikkje ombyte, men gjennomført /ç/ begge opptaksåra. Også V08 held seg stabil, med 100 prosent førekomstar av <noe/noen>. Ser me på V02, kan me sjå at han har ein auke i førekomsten av varianten /ʃ/ på 19 prosent frå 1978/79 til 2010/11. I variabel V03 ser me at informanten tidlegare hadde gjennomført bruk av /æ/, men i det nye materialet ein auke på 10 prosent bruk av /e/.

Dersom me ser på akse 1, har informanten fleire høgstatusvariantar i V05, V06a og V07 i opptaksår 2010/11. I V04 har informanten ein auke i både høgstatusvarianten <-er> og

lågstatusvarianten <-ar>. Han hadde også førekomstar av begge variantane i 1978/79. Både V05, <mei,sei,dei>, og V07, <ikke>, er nok språkdrag som lett vert lagde merke til hjå andre språkbrukarar, og her kan me sjå at informanten har fått fleire høgstatusvariantar. Gjennom arbeidet har informanten mykje kontakt med skriftspråket, både på norsk og engelsk. Han seier også at han har mykje telefonkommunikasjon med eit kontor i Oslo, og at han då ”legg vekk” den mest typiske bergensken. Som nemnt over er det viktigaste for denne informanten nettopp å bli raskt forstått. Kanskje er det då slik at M5 ser på variantar som <meg> og <ikkje> som typisk ”bergenske”, og difor gradvis brukar mindre av dei?

Det er òg mogeleg at informanten konvergerer mot intervjuaren, som i stor grad brukar høgstatusformer.

I akse 2 kan me sjå at informanten i V01 nyttar den eldre varianten /ç/ i begge opptaksåra, medan han i V02 har ein auke på 19 prosent i den yngre varianten /ʃ/. Ser me på V03, har M5 ein auke på 10 prosent av den yngre varianten <æ>, og i V08 held han seg som sagt stabil på den yngre varianten <noe/noen>.

Livsløpsendringane til M5 går ikkje i same retninga som trendgruppa. Me har sett at M5 i fleire variablar har fleire høgstatusformer i 2010/11 enn han hadde i 1978/79, medan trendgruppa går i motsett retning. Det er mogeleg at M5 legg meir vekt på språkleg status no når han er middelaldrande og oppteken av yrkeskarriera, enn då han var ung i 1978/79.

5.7.4 Panelinformant K6

Tabell 50: Alle variablane etter opptaksår. Skåring i prosent (og belegg).

	V01						V02					
	ç	ʃ	ʃj	cç	ç+	sum	ç	ʃ	sj	ʃj	ç+	sum
1978/79	92,3	7,7	0,0	0,0	0,0	100,0 (91)	0,0	0,0	16,7	83,3	0,0	100,0 (12)
2010/11	74,0	26,0	0,0	0,0	0,0	100,0 (96)	0,0	27,3	0,0	72,7	0,0	100,0 (22)

	V03			V04					V05			
	æ	e	sum	-er	-e	-ar	-a	sum	mei	me	meg	sum
1978/79	41,7	58,3	100,0 (12)	16,3	12,0	20,7	51,1	100,1 (92)	0,0	75,0	25,0	100,0 (12)
2010/11	90,9	9,1	100,0 (11)	8,8	10,3	47,1	33,8	100,0 (68)	0,0	94,1	5,9	100,0 (17)

	V06a						V06b					
	jei	je	ei	e	eg	sum	jei	je	ei	e	eg	sum
1978/79	0,0	0,0	0,0	75,0	25,0	100,0 (72)	0,0	0,0	0,0	50,0	50,0	100,0 (16)
2010/11	0,0	0,0	0,0	51,9	48,1	100,0 (108)	0,0	0,0	0,0	27,8	72,2	100,0 (18)

	V07			V08			
	ikke	ikkje	sum	noe/noen	nåkke/nåkken	någet/någen	sum
1978/79	0,0	100,0	100,0 (74)	6,7	93,3	0,0	100,0 (15)
2010/11	0,0	100,0	100,0 (79)	65,4	34,6	0,0	100,0 (26)

K6 er ei kvinne fødd i 1963. Ho voks opp i Indre Sandviken og bur no på Laksevåg. Informanten har vidaregåande utdanning og arbeider som økonomisekretær på Laksevåg. Ho høyrer til i sosialgruppe 3 begge opptaksåra.

Informanten svarar sjølv at ho snakkar bergensk, og at ho ikkje brukar andre dialektar i ulike situasjonar. Det kjem fram i intervjuet at kvinna er veldig negativ til nynorsk. Elles gir ho ikkje uttrykk for å ha så mange meiningar om språk. Ho kan heller ikkje hugsa så mykje om språket på den tida ho voks opp, men éin ting hugsar ho godt:

Men ein ting som har, forskjell kan du seie, når vi voks opp, sant... Det var det at når dei kom heim, snakka pent. Altså, det var gatespråk, og så var det heimespråk. Eller innespråk. (K6)

5.7.4.A Språket til K6 dei siste 30 åra

Denne informanten viser endring frå 1978/79 til 2010/11, med ein klar auke i førekomsten av /ʃ/ i V01. Også i V02 kan me sjå at varianten /ʃ/vinn fram, med ein auke frå 0 førekomstar i 1978/79 til 27 prosent av førekomstane i 2010/11. I V03 kan me sjå at førekomstane av <æ> har auka med 48 prosentpoeng på dei 30 åra. Når det gjeld V04, har informanten meir variasjon i 1978/79. Kvinna har ikkje innslag av høgstatusformer i variablane V05, V06a og V06b. I V05 har ho ein svak auke i mellomformene, medan det i V06a og V06b er omvendt. V07 har ikkje endra seg i det heile, for ho har gjennomført <ikkje> i begge opptaksåra. Til slutt kan me sjå at varianten <noe/noen> aukar med 59 prosentpoeng frå det gamle til det nye materialet.

Dersom me ser nærare på talemålet og akse 1, ser me at K6 har få høgstatusformer. Der ho har førekomstar av høgstatusvariantar, i V04, er det 8 prosent færre av dei i 2010/11. Ser me på akse 2, kan me sjå at informanten har ein auke av yngre former frå 1978/79. V01, V02, V03 og V08 har alle ein auke i yngre former.

Me kan seia at utviklinga i K6 sitt talemål er meir lik den generelle utviklinga me har sett i Bergenhus, der ho får fleire lågstatusformer og yngre variantar. Ho har altså eit endringsmønster som er meir likt livsløpsendringane til hennar årsklasse. Informanten seier i intervjuet at ho har tre barn, og at mykje av fritida hennar går til å følgja opp barna og vera saman med dei. Kanskje kan det at ho er mykje saman med barn og ungdom, vera litt av grunnen til at ho har den same utviklinga av yngre former som yngregruppa. Me må også hugsa på at ho har flytta til ein bydel som tradisjonelt har vore prega av lågstatusformer.

5.7.5 Resultat i høve til hypotese 6

Dei tre panelinformantane har ikkje noko felles mønster for utvikling av /ʃ/-lyden. M4 går frå å ha 74 prosent førekomstar av varianten /ʃ/ i V01 i 1978/79, til ingen førekomstar i 2010/11.

M5 på si side har gjennomført 100 prosent bruk av varianten /ç/ i begge opptaksåra. Den siste panelinformanten, K6, har igjen eit anna mønster. Ho har 8 prosent førekomstar av /ʃ/ i 1978/79 og 26 prosent i 2010/11. Ho har altså ein større prosentdel av /ʃ/-varianten i 2010/11. Medan det hjå M4 kan sjå ut til at bruken av /ʃ/-lyden var eit ungdomsfenomen, ser det ikkje slik ut i M6 sitt tilfelle. Panelinformantane har altså samla sett ikkje noko tydeleg mønster i bruk av /ʃ/-lyden frå 1978/79 til 2010/11. Hypotesen er ikkje styrkt.

Slik eg kan sjå, viser ikkje panelinformantane noko felles endringsmønster dersom me ser alle variablane under eitt. K6 er den einaste av informantane som har ei tydeleg endring mot fleire førekomstar av yngre former i 2010/11, og med det følgjer ho den generelle utviklingstendensen for talemålet i Bergenhus. Det er berre K6 som har livsløpsendringar som tydeleg går i same retninga som trendgruppa i den same årsklassen. M4 og M5 har eit endringsmønster som ikkje er like eintydig, der dei liknar trendgruppa i nokre variablar, og i andre variablar, ikkje. Det er difor vanskeleg å seia at nokre av panelinformantane er typiske eller atypiske for trendgruppa si.

Dei tre panelinformantane mine bur alle saman utanfor Bergenhus bydel, og tilfredsstillar difor ikkje krava til å vera trendinformantar (jf. kapittel 4.3.3). Dei bur likevel innanfor kommunegrensene, og oppgir alle at dei er i sentrum med jamne mellomrom. Det er altså ikkje grunn til å tru at talemåla dei er omgjevne med til dagleg, er så veldig annleis frå korleis det er i Bergenhus. Med tanke på den auka kommunikasjonen mellom bydelane i Bergen kommune (jf. kapittel 6.2), og at individet er mest mottakeleg for språkendingar i barndommen, er det ikkje sikkert at flyttinga har hatt så mykje å seia for talemålesutviklinga til panelinformantane. For å få svar på det er me uansett avhengige av meir informasjon om språkendingane i dei andre bydelane, slik at me kan jamføra resultata for panelinformantane og fleire bydelar.

6 DRØFTING AV RESULTAT

6.1 Innleiing

Eg har presentert resultatata frå undersøkinga i kapittel 5, og med det har eg også svart på den fyrste problemstillinga mi (jf. kapittel 1.2). Me har sett nærare på kva samanhengar det er mellom språkleg variasjon og dei tre sosiale variablane alder, kjønn og sosialgruppe, og me har sett at lågstatusformene og dei yngre formene er i fleirtal i talemålet i Bergenhus i dag.

I dette kapittelet vil eg prøva å sjå bydelen og språket der (kapittel 2), teori (kapittel 3), metode (kapittel 4) og resultat (kapittel 5) i samheng, for å prøva å forklara kvifor språket i Bergenhus har den variasjonen det har. Eg vil også prøva å seia noko om kvifor språket har endra seg sidan 1978/79, (jf. kapittel 1.2, den andre delen av problemstillinga mi), og kva for retning språket har endra seg i.

Kapittelet er organisert slik at eg vil drøfta resultatata opp mot delkapitla og hypotesane mine. Fyrst vil eg drøfta språkleg variasjon og endring i samband med opptaksår (kapittel 6.2). Deretter vil eg prøva å forklara språkleg endring og variasjon mellom dei ulike livsfasane i dei to opptaksåra 1978/79 og 2010/11 (kapittel 6.3), mellom kjønna i 2010/11 (kapittel 6.4) og mellom sosialgruppene (kapittel 6.5). I kapittel 6.6 ser me nærare på den diakrone språklege endringa i eit årsklasseperspektiv, og til slutt vil eg i kapittel 6.7. prøva å seia noko om retninga på språkutviklinga og om moglege påverknadskjelder.

6.2 Språk og opptaksår

I presentasjonen av resultatata (kapittel 5.2) såg me at hypotesen vart styrkt. Det er lågstatusformene som har flest førekomstar i begge opptaksåra, og førekomstane av lågstatusformer har auka med 16 prosent frå 1978/79 til 2010/11. Me har sett at det har gått føre seg ei utjamning av talemålet i Bergenhus. Sjølv om me kan sjå ein tendens til at lågstatusformene vinn fram, er framleis 16 prosent av belegga i materialet frå 2010/11 høgstatusformer.

Me snakkar om to varietetar innanfor ein dialekt, kalla høgstatus- og lågstatusvarietet (jf. kapittel 2.2.2.A). Desse varietetane har tradisjonelt vore knytte til sosial status og tilhøyrslle til bysamfunnet, der det sosiale skiljet mellom arbeidarklassen og borgarskapen historisk sett har vore tydeleg (jf. kapittel 3.2.5). Sjølv om dei sosiale skilnadene ikkje er vekke i dag, så kjem nok klasseskilja til uttrykk på ein annan måte enn tidlegare. Før kunne ein kanskje sjå på kleda til ungane kven som hadde lite å rutta med, men no er det ikkje like synlege skilnader på personar frå ulike sosiale posisjonar i samfunnet. Dei økonomiske skilja er nok framleis til

stades i samfunnet i dag, men sannsynlegvis på ein annan måte enn då dei eldste informantane frå TUB voks opp. Spørsmålet er korleis desse endringane kan gi utslag i språket til folk?

I kapittel 2.1 har me sett korleis språksamfunnet Bergenhus har endra seg sidan TUB vart gjennomført i 1978/79. Næringsstrukturen er annleis, og samfunnet er etter alt å dømma prega av meir mobilitet. Det er ikkje usannsynleg at dette òg gir utslag i språket til dei som bur i Bergenhus. Som me har sett i kapittel 3.2.5, kan det oppstå nye sosiale grupper og sosiale mønster i eit samfunn, og slik kan det også bli større sosial mobilitet. Me kan tenkja oss at det ikkje lenger er eintydig kven som tilhøyrer den sosiale eliten, og at den gruppa som tidlegare nytta høgstatusvarieteten, ikkje lenger er like stor.

I resultatata frå TUB såg ein at det var bydelane Sentrum og Fana som skilde seg ut frå dei andre bydelane ved at dei hadde fleire førekomstar av høgstatusvariantar. I dei andre bydelane i kommunen utgjorde høgstatusvariantane ein vesentleg mindre del av førekomstane.

Dei to bydelane som skil seg ut nedover, er sentrale bydelar med (truleg) sosialt ueinsarta folkesetnadsmønster, og truleg stort innslag av "høgstatusgrupper" (Myking, 1983b, s. 96).

I teorien tenkjer ein at bysamfunn ofte er meir språkleg heterogene enn tradisjonelle bygdesamfunn, og noko liknande la ein òg til grunn for tolkinga av TUB-resultata:

"Skilnadane mellom bydelane er truleg uttrykk for at innbyggjarmassen er ulikt sosialt samansett, og at ein i "sentrum" [...] finn fleire sosiale miljø representerte på eit konsentrert område enn i andre bydelar (Myking, 1983b, s. 108).

I kapittel 2.1.5 ser me at innflyttinga til Bergenhus har auka på dei 30 åra sidan TUB vart gjennomført. Det er fleire menneske som flyttar til sentrum både frå dei andre bydelane i kommunen og også frå andre delar av landet. Samstundes kan me sjå i kapittel 2.1.7 at det er mange av dei som bur i andre bydelar i Bergen kommune, som er innpendlarar til Bergenhus. Dei bur i ein annan bydel, men arbeider i Bergenhus. Det kan altså sjå ut til at kontakten og utvekslinga mellom bydelane skjer hyppigare og i større grad. Mellom anna vert det stadig vanlegare at småbarnsfamiliar flyttar ut av Bergenhus (jf. kapittel 2.1.6), medan dei held på arbeidet sitt i sentrum. Endringa i busetnadsmønster og flytting mellom bydelane var noko av grunnen til dei offentlege og administrative grenseendringane i Bergen. Byen voks utanfor sine eigne grenser, og mange av dei som budde i nabokommunane "høyrde likevel til" i Bergen.

I kapittel 2.1.4 såg me at dei sjølvstendige kommunane Arna, Åsane, Laksevåg og Fana (som då òg inkluderte Fyllingsdalen) vart slegne saman og inkluderte i Bergen kommune i 1972. Samanslåinga møtte mykje motstand den gongen, og det var berre Laksevåg som sa ja til samanslåinga (Dahl, 2000, s. 372). Det er ikkje utenkjeleg at innbyggjarane i dei kommunane som vart "reduerte" til bydelar, vart lokalpatriotiske og ville halda på det

språket som var karakteristisk for deira lokalområde. No, nesten 40 år etter samanslåinga, trur eg det er sannsynleg at reservasjonen mot Bergen er redusert. Nye generasjonar har komme til, og dei har ikkje opplevd noko anna enn å vera ein del av Bergen kommune. Kanskje gir det seg utslag i at talemålet i Bergenhus ikkje lenger er så distinktivt forskjellig frå talemålet i dei andre bydelane.

Informantane mine gir også uttrykk for at det er vanskeleg å setja fingeren på kva som skil talemåla innanfor kommunen: ”Men sånn som i dag, så må du jo langt ut på Sotra før du høyrer forskjell på dialekten (K11)”.

Under den folkelingvistiske delen av intervjuet får informantane i oppgåve å teikna inn dialektgrensene i og utanfor Bergen på eit kart (jf. vedlegg 6). Dei middelaldrande og eldre informantane peikar då på at det som oftast var mogeleg å høyra om ein person kom frå Fyllingsdalen, Laksevåg eller Åsane før, men at det no er mykje vanskelegare. Spesielt peikar informantane på at dei unge har eit talemål som har færre lokale ”kjenneteikn” enn for nokre år sidan.

Eg klarer ikkje å høyre forskjell på det som er i denne bydelen, og det som er i andre bydelar i Bergen då. Viss du ser bort frå akkurat der på Bellevue. For der trur eg det er litt forskjellar framleis. Det er nok ... Altså vår generasjon og dei som er eldre, dei har kanskje nokre nyansar innanfor Bergen. At ein på Laksevåg har ein dialekt, og sentrum ein anna. Men eg trur det... Då må du lenger opp i åra. Altså, viss eg høyrer ein frå Bergen, eg kan ikkje seie kva for del av Bergen han kjem frå. Det kan eg ikkje. (M4)

Dei språkdraga som vert trekte fram som døme på ord som kan variera mellom bydelane, er pronomena <eg>, <meg> og <deg>. Då er det Fana som vert peika ut som den bydelen som typisk har mange førekomstar av <jei>, <mei> og <dei>:

”Fana er jo sånn, du høyrer jo korleis [...] snakkar. Det er jo <jei> og <mei> og. Dei snakkar jo veldig pent. (K6)

Sjølv om informantane gir uttrykk for at skilnadene mellom bydelane ikkje er like distinktive lenger, er dei tydelege på at dialekten dei snakkar, er bergensk. Det kan sjå ut til at den bergenske identiteten står sterkt hjå dei fleste, og når dei skal komma med døme på typiske bergenske språkdrag er skarre-r og felleskjønn trekk som ofte vert nemnde.

Men for bergensk generelt, så er det jo, at vi sier ”jenten”, men andre vil jo bruke a-ending. Vi har jo bare den. Vi har jo bare hankjønn, vi. Og intetkjønn. (M4)

6.3 Språk og livsfasar

Det er nokså vanleg å oppdaga aldersskilnader i sosiolingvistiske undersøkingar, og me har sett det same i denne undersøkinga. I resultatkapittelet mitt har me sett at det er dei eldre i 1978/79 og dei yngre i 2010/11 som er mest homogene i talemålet. Dette svarar til årsklasse I og IV. Det er òg mellom desse gruppene me finn dei største endringane. Noko som kanskje òg er forventa, sidan det er to generasjonar mellom dei to årsklassane.

Dei unge i 2010/11 har altså eit klårt fleirtal av lågstatusformer, og dei har nesten ikkje førekomstar av eldre former i talemålet sitt heller. Myking skriv at resultata frå TUB viser at høgstatusvariantane helst vert nytta av jenter frå sosialgruppe 1 i Fana sentrum og Bergen sentrum:

Men det vil samstundes seia at det vi i eit "makroperspektiv" kan kalla "høgstatusnorma" ikkje er "norm" i tydinga språkleg rettesnor hjå det store fleirtalet av bergensungdom. Innanfor denne gruppa er det "lågstatusnorma" som er norm (Myking, 1983a, s. 109).

Tendensen i TUB var også at det var lågstatusformene som dominerte, og me har sett at årsklasse III har den same språklege tendensen i 2010/11, når han er vorten middelaldrande. Også blant dei eldre har delen av høgstatusformer auka frå 1978/79 til 2010/11. Det er altså mykje som tyder på at den "lågstatusnorma" som Myking meinte var norm for ungdommane i 1978/79, framleis er norma i dag. Spørsmålet ein kan stilla seg, er om lågstatusformene også er ei slags språkleg rettesnor for dei to andre aldersgruppene. Akkurat det spørsmålet er ikkje lett å svara på ut frå mitt materiale. Dersom det er talet på førekomstar som utgjør kva som er norma i språksamfunnet, kan me kanskje slutta oss til eit slikt framlegg. Men dersom det er status eller sosial posisjon som avgjer kva som vert norma i samfunnet, treng me uavhengige undersøkingar som støtte for å svara på spørsmålet. Til dømes vil ei haldningsgranskning i Bergenhus kunna gi oss svar på korleis haldningane til dei ulike språktrekka er i dag, med tanke på status.

Som me har sett i kapittel 3.2.5, er foreldra som språkleg kontrollinstans ikkje så tydeleg som før. Dette kan òg utsegnene til nokre av informantane mine støtta opp under. Den eine ungdomsinformanten i 2010/11 min seier dette:

Det er ikkje så strenge grenser, det er ikkje sånn at foreldra seier du skal snakke sånn. Men du snakkar litt sånn som du føler, og det at det er meir påverknad av vennene dine ... Og når du snakkar litt sånn som du vil, så blir det meir, så blir ikkje det så veldig strenge grenser, og det at du må seie dét og dét. (M13)

Han meiner at noko av grunnen til at språket endrar seg, er at ungdommen står friare til å snakka slik som dei vil no. Ein annan informant, ei dame frå eldregruppa i 2010/11, meiner også at ungdommen står friare til å snakka slik som dei vil no:

Vi har to barn, og ingen av dei snakkar sånn som vi gjer. Dei snakkar dialekt. Dei snakkar sånn gatespråk, i mine øyre. Og viss eg prøver å retta dei, så får eg altså ein sånn tilbakemelding som ... Sant? "For vi kan ikkje snakke, vi kan ikkje snakke sånn som du snakkar i dag", seier dei. Hallo? (K9)

Eg har tidlegare nemnt at språket har ein identifiseringsfunksjon, og me veit at kva for grupper eit individ identifiserer seg med, kan ha innverknad på dei språkvala han gjer, medvite eller umedvite. Nesse snakkar om at det ikkje lenger er "in" å snakka som dei gamle, og slik er nok tendensen framleis i dag. I kapittel 5.6. har eg vist at dei unge i 2010/11 nesten utelukkande brukar nye former. Ein ung informant i 2010/11 seier det slik:

Gamle menn snakkar litt røffare bergensk enn det vi gjer. Eg har aldri kjent ein gammal dame frå Bergen. Men gamle menn snakkar jo overraskande likt med kvarandre. (M15)

Ei jente i yngregruppa i 2010/11 har ei anna oppfatning av språket til dei eldre:

Dei gamle snakkar meir sånn ”jei”, i alle fall. Og så er det nokon som skal bruke veldig mykje sånn der bergenske ord, og sånn. (K14)

Dei er ikkje heilt einige om korleis dei gamle snakkar, men det kjem fram i intervjuet at dei har ei klår formeining om at dei gamle snakkar heilt annleis enn dei sjølve. Ein tredje informant svarar dette, på spørsmålet om han kommenterer dialekten til andre: ”Eg kommenterer veldig ofte når folk seier <jei>, <mei> og <dei>, for det er ikkje bergensk (M13). Når han her seier ”folk”, refererer han til andre ungdommar. Det er altså tydeleg at han meiner at norma for ungdommen ikkje er høgstatusformer, og det ser ikkje ut til at det er dei eldre som fungerer som språkleg rettesnor for ungdommane. Me kan tenkja oss at dersom dei unge ikkje ser opp til dei eldre, er det heller ikkje sannsynleg at språket til dei eldre har høg status. I fylgje Venås gir dette heller ikkje gode assosiasjonar til dei gamle sitt språk, som igjen kan føra til at dei unge tek avstand frå språkdraga som dei eldre brukar (jf. kapittel 3.4.2). Igjen kunne det vore interessant å sjå på ungdommane sine haldningar til kva slags språktrekk som har status eller ikkje. I kapittel 7.2 skriv eg meir om kva som kunne vore gjort for å finna ut meir om statusdimensjonen i Bergenhus.

6.3.1 Livsfasar og livsfasespråk

I kapittel 4.1.1 har eg diskutert fenomenet *livsfaseendring*. Dersom det har vist seg at den same livsfasen på dei to opptaksåra har særskild lik språkbruk, kan dette vera eit teikn på *livsfasespråk*, spesielt dersom det også samtidig er synkron aldersvariasjon. I eit motsett tilfelle kan me tenkja oss eit tilfelle der både dei eldre og dei middelaldrande i begge opptaksåra har lik språkbruk. Då er det ikkje sannsynleg at den like språkbruken er spesielt karakteristisk for sjølve livsfasen, det kan heller vera eit uttrykk for den generelle spåksituasjonen i samfunnet. Dersom språket til dei unge er særskild typisk for livsfasen deira, er det kanskje mogeleg at dei ”legg av” seg dei typiske ungdomsspråkdraga når dei vert middelaldrande. Me kan då tenkja oss at viss det same skjer for alle nye årsklassar, er det heller ikkje sannsynleg at me vil sjå særleg store språkendingar.

Me har allereie sett at det har skjedd endingar i materialet mitt. Det er likevel interessant å sjå på korleis dei ulike livsfasane skil seg frå kvarandre, og om det kan vera aktuelt å snakka om livsfasespråk eller endingar i livsfasemønster i Bergenhus.

I kapittel 5.3 har me sett på språk og livsfasar. Dersom ein ser på alle variablane under eitt, ser det ikkje ut til at livsfasespråk er det som pregar den språklege variasjonen i Bergenhus.

Eg vil likevel sjå nærare på nokre variablar for å nyansera biletet litt. I variabel 5 (jf. kapittel 5.3.6) kan me sjå at dei eldre viser eit nokolunde likt mønster. Dei eldre i 1978/79 har 28 prosent førekomstar av høgstatusvariantane, og dei eldre i 2010/11 har 37 prosent. Samstundes ser me at dei yngre i 1978/79 har 26 prosent førekomstar av høgstatusformer, så det er altså ikkje så stor skilnad mellom dei to aldersgruppene i 1978/79. I 2010/11 har dei middelaldrande og dei yngre berre 3 prosent førekomstar av høgstatusformer, så her kan det kanskje heller sjå ut til at me ser ei generasjonsending der utviklinga går mot færre høgstatusformer.

Me skal sjå på eit anna døme, V01 (jf. kapittel 5.3.2). Også her er dei to eldregruppene særst like, dei har ei stor overvekt av /ç/-realisasjonar for <kj>-lyden. Men me kan sjå at også spesielt dei middelaldrande i 2010/11 og dei yngre i 1978/79 har det same mønsteret, med høvesvis 83 og 61 prosent førekomstar av <kj> realisert som /ç/. Så det er ikkje unikt for ei av livsfasene å ha stor overvekt av /ç/-realisasjonar, i alle fall ikkje i opptaksåret 2010/10. Den gruppa som skil seg ut i denne variabelen, er dei yngre i 2010/11. Dei har berre 6 prosent førekomstar av /ç/. I denne variabelen kan det altså sjå ut til at den store omlegginga frå /ç/ til /j/ skjer hjå dei yngre i 2010/11, altså årsklasse IV.

Me har sett at i materialet frå 2010/11 er det ofte dei middelaldrande som skil seg ut frå dei to andre aldersgruppene. Dersom situasjonen var slik at det var dei middelaldrande som hadde flest førekomstar av høgstatusformer i høve til dei andre aldersgruppene, kunne me kanskje tenkt oss at dei var i ei livsfase der medlemmane ofte er opptekne av yrkeskarriere, og difor legg vekt på språkleg status (Sandøy, 2006a, s. 222). Men i mitt materiale er situasjonen ofte omvendt. Dei middelaldrande har fleire førekomstar av lågstatusformer enn dei yngre og dei eldre (jf. kapittel 5.3.10). Fordi dei yngre har færre førekomstar av høgstatusformer i 2010/11 enn i 1978/79, trur eg heller ikkje me kan seia at det er eit livsfasefenomen. Skilnadene mellom gruppene gir ikkje signifikante resultat på nokre av variablane i Akse 1, kanskje pga. at det er for stor individuell variasjon eller overlapping mellom aldersgruppene. I kapittel 6.4. diskuterer eg korleis yngregruppa i 2010/11 kanskje skil seg ut frå dei andre.

6.3.2 Livsløpsendingar

Sidan eg har materiale med informantar i Årsklasse III frå to ulike opptaksår, kan eg sjå nærare på *livsløpsendingane* som har gått føre seg frå dei var yngre i 1978/79 til dei no er middelaldrande i 2010/11. Fyrst vil eg minna om at ingen av panelinformantane er rekna med

i trendgruppa, fordi dei ikkje bur i Bergenhus lenger. Det er difor ikkje dei same *individ* i dei to opptaksåra, men det er informantar frå same årsklasse.

I vedlegg 20 kan me sjå at livsløpsendringane føl det same mønsteret i alle dei språklege variablane. Til dømes vert det fleire førekomstar av lågstatusformer hjå dei middelaldrande i 2010/11 samanlikna med dei yngre i 1978/79, i alle dei variablane som har lågstatus- og høgstatusvariantar (V04, V05, V06, V07 og V08.).

Dersom me ser nærare på V06a og V06b, ser me at førekomstane av høgstatusformene <jei> og <je> har gått kraftig ned frå dei unge i 1978/79 til dei middelaldrande i 2010/11. Det er faktisk ingen førekomstar av høgstatusformer blant dei middelaldrande i 2010/11. I TUB kunne ein sjå at dei eldre hadde mange fleire førekomstar av høgstatusformene <jei> og <je> enn dei unge. I 1984 skreiv Ulland dette om materialet frå TUB:

Den skarpe skilnaden mellom yngre og eldre kan tolkast på to måtar: diakront, eller som generasjonsfenomen. Med den fyrste tolkingsmåten ville ein måtta konkludera med at ”jei” var på retur i bergensk. Det er lite sannsynleg. Den andre tolkingsmåten inneber som konklusjon at ungdommen brukar nesten berre ”eg” så lenge dei er ungdom, men etter kvart som dei kjem inn i dei vaksne sine rekkjer, vil mange av dei gå over til meir bruk av ”jei”. Det er vel meir sannsynleg. Men TUB-materialet kan ikkje i seg sjølv brukast som prov på nokon av dei to tolkingsalternativa (Ulland, 1984, s. 52).

Ulland trur at dei unge vil gå over til å bruka fleire <jei>-former når dei vert eldre. Ut i frå mitt materiale ser me at dette ikkje stemmer. Dei har tvert om gått i motsett retning, og brukar færre lågstatusformer i 2010/11.

Eg kan likevel ikkje forkasta at det kan sjå ut til at dei eldre har fleire høgstatusformer enn dei yngre og dei middelaldrande, både i 1978/79 og i 2010/11, sjølv om skilnedane ikkje er like store i 2010/11. Det kunne då vera interessant å gjera ei ny undersøking om nye 30 år, for å sjå om Årsklasse III, som då er eldre, har gått over til å bruka fleire høgstatusformer.

Dersom me ser på dei variablane som har yngre og eldre variantar, kan me sjå eit mønster som viser at språkbrukarane i Årsklasse III har færre førekomstar av nye former i 2010/11 enn dei har i 1978/79. Også her ser me at mønsteret er likt for alle dei språklege variablane.

Skilnadene mellom opptaksåra viser seg å ikkje vera signifikante. Men fordi dei viser eit likt mønster, vel eg å kommentera dei likevel.

6.4 Språk og kjønn

I kapittel 5.4 ser me at hypotesen min om at det ikkje er skilnad mellom kvinner og menn når det gjeld høgstatus- eller lågstatusformer i 2011, vert styrkt. Begge kjønna har overvekt av lågstatusformer, litt under 82 prosent hjå både kvinner og menn. Dette resultatet samsvarar med dei resultata som kom fram i TUB, og i undersøkinga hjå Nesse. Skilnaden mellom

kjønna var minimale, og ein kunne konkludera med at det var små kjønnskilnader i språkbruken.

Då eg gjekk inn og såg nærare på aldersgruppene i materialet, såg me litt meir nyanserte resultat. Blant dei eldre var det kvinnene som hadde flest høgstatusformer, men blant dei middelaldrande og dei yngre, var det faktisk mennene som hadde flest høgstatusformer (jf. Figur 25). Dette resultatet var noko overraskande. I mange sosiolingvistiske granskingar har ein tidlegare konkludert med at kvinnene sitt språk er prega av fleire prestisjeformer enn menn (jf. kapittel 3.2.1.3). Ein har ofte forklart det med at kvinnene har ein mindre trygg sosial posisjon enn mennene, mellom anna fordi dei ikkje får markert ein sosial status gjennom yrket sitt, slik mennene har fått det (Sandøy, 1996, s. 107). Dersom ein legg ein slik teori til grunn, kan det sjå ut som om desse normene er utviska, eller at dei faktisk har endra seg. No er det dei yngre og middelaldrande mennene som brukar flest høgstatusformer.

I TUB kunne ein også sjå tendensar til slike ”motsette” resultat, men då berre i nokre av variablane (Myking, 1983b, s. 90). Nesse konkluderte med at det var fleire sosiale faktorar i tillegg til kjønn som spelar inn. Sjølv om det var meir sannsynleg å finna varianten <ikke> hjå kvinner enn hjå menn, gjaldt dette berre for ei bestemt gruppe av kvinnene (Nesse, 1994, s. 95). Det er altså liknande resultat eg finn her. Dersom me ser på kjønn åleine, finn me liten skilnad mellom kvinner og menn i 2010/11. Men dersom me legg til livsfaseperspektivet, ser resultatata annleis ut.

Hypotesen min gjekk på at eg trudde det ikkje ville vera skilnader mellom kjønna i 2010/11, mellom anna fordi eg trudde menn og kvinner var meir likestilte. Me kan spekulera i om kjønnsrollene er omsnudde, men eg har lite dokumentasjon som kan stø opp om slike spekulasjonar. Eg trur det her er viktig å minna om at når eg her set dei to sosiale variablane alder og kjønn opp mot kvarandre innanfor same opptaksår, vert det få individ att i kvar celle. Gruppa yngre menn i 2010/11, utgjer berre 3 informantar. Om ein her hadde gjort vidare arbeid med større empiri på gruppenivå, kunne det vore mogeleg å seia noko meir sikkert om kjønnskilnadane i 2011.

Det er ikkje signifikante skilnader mellom kjønna i 2010/11. Det kan vera eit teikn på at det er stor overlappning mellom gruppene, eller at det er for store individuelle skilnader innanfor gruppa. Dersom det siste er tilfellet, kan det vera hensiktsmessig å sjå på nærare på dei yngre mennene, sidan det er denne gruppa som skil seg spesielt ut.

Dersom me ser nærare på førekomstane for kvar variabel på individnivå (jf. vedlegg 15), kan me sjå at alle tre informantane i hovudsak har eit fleirtal av lågstatusformer i alle variablane. Me ser òg at det er variabel 7, nektingsadverbet, som merkjer seg ut med mange

førekomstar av høgstatusformer. Informant M13 har 99 prosent førekomstar av <ikke>, og M15 har 96 prosent førekomstar av <ikke>, medan den siste informanten i gruppa, M14, på si side har 100 prosent førekomstar av varianten <ikkje>. Her ser me altså at det i stor grad er ein variabel som ligg til grunn for det høge utslaget av høgstatusformer i denne informantgruppa. I TUB rekna ein nektingsadverbet som ein sentral identitets- og solidaritetsmarkør i språket, og at det sannsynlegvis går eit skarpt skilje mellom brukarar og ikkje-brukarar av ein viss variant (jf. kapittel 2.3). Slik kunne valet av variant innanfor denne variabelen markera status i nokon grad.

Det kan òg tenkjast at det er andre grunnar enn eit ynske om å markera sosial status som ligg til grunn for desse informantane sine val av høgstatusvariantar i denne variabelen. Me skal sjå litt nærare på informant M15. Han seier dette når han skal skildra sin eigen dialekt:

Spesiell. Eg vil seie at eg snakkar litt penbergensk. Men det er for det at eg har så mange vener frå Austlandet. (M15)

I intervjuet kjem det fram at M15 har dei fleste vennene sine på Austlandet, og at han ofte reiser austover for å besøka dei. Han oppgir også at han snakkar bergensk, men at dialekten hans er ”marginalt påverka av austlandsk”. Det kan altså sjå ut til at denne informanten er ein del av ein vennegjeng som er dominert av austlendingar som snakkar austlandsk. Han seier i intervjuet at med ein gong han går av toget i Oslo, får han kommentarar på ”dei rare r-ane mine” (som han meiner ikkje er ein ”normal” bergensk <r>). Viss informanten føler at talemålet hans vert stigmatisert av dei andre, kanskje er det då slik at han identifiserer seg med vennene som snakkar austlandsk, og at ynsket hans om å vera ein del av den gruppa (jf. kapittel 3.2.2) gjer at han konvergerer dette språkdraget mot deira talemål.

Me ser òg at både M13 og M15 bur på Fjellsiden. Dette er eit område som tradisjonelt er kjent for bruken av høgstatusvarieteteten. Kanskje kan dette også ha innverknad på språket til desse to informantane. Materialet mitt kan ikkje brukast for å få meir informasjon om spesielle lokalitetar innanfor Bergenhus, men det kunne ha vore interessant å sjå om det framleis er slik at innbyggjarane på Starefossen og i Kalfaret har fleire innslag av høgstatusformer enn andre innbyggjarar i Bergenhus.

6.5 Språk og sosialgruppe

Det kan sjå ut til at tilhøyrse til sosialgruppe har meir innverknad på førekomsten av høgstatusformer og lågstatusformer i 1978/79 enn i 2010/11. I Kapittel 5.5 ser me at det i 1978/79 er sosialgruppe 1 som har størst del av høgstatusformer med 42 prosent, følgd av sosialgruppe 2 med 26 prosent, og til slutt sosialgruppe 3 som har 13 prosent høgstatusformer

(jf. Tabell 46). I materialet for 2010/11 fordeler dette seg noko annleis, og skilnaden mellom sosialgruppene er heller ikkje like stor. Det er sosialgruppe 2 som har flest høgstatusformer med 19 prosent. Deretter kjem sosialgruppe 3 med 17 prosent høgstatusformer, og til slutt får me sosialgruppe 1, som har 12 prosent høgstatusformer. Me ser at materialet frå 2010/11 er meir homogent og lågstatusprega enn materialet frå 1978/79, og at mønsteret er omsnudd.

I TUB konkluderte ein med at variabelen sosialgruppe var viktig, og dette stemmer også med mine resultat for det same materialet. I det materialet var det sosialgruppe 1 som stakk seg ut, særleg hjå dei eldre. Ein kunne òg sjå at språkbruken på dette punktet var meir homogen hjå dei yngre, og at det var spesielt jentene frå sosialgruppe 1 som peikte seg ut som brukarar av høgstatusvariantane (Myking, 1983b, s. 95)³⁶.

Det har skjedd ein del samfunnsmessige endringar i Bergenhus i perioden frå 1978/79 og 2010/11. Det er i alle fall grunn til å tru at Bergenhus var eit heilt anna språksamfunn då dei eldste informantane i 1978/79 var ungdommar, enn det er no, i ungdomstida til dei yngste informantane i 2010/11. Industri og skipsfart var viktige næringar (jf. kapittel 2.1.7), og dei eldste informantane mine fortel om tydelege arbeidarstrøk i bydelen då dei voks opp. Ein informant seier dette i intervjuet:

Dei sosiale forskjellane er mykje mindre no, enn dei var for eit par generasjonar sidan. Ikkje så klare skilje mellom bydelar og sånn. Økonomi og sånt. [...] Ja, at det er ikkje nødvendig å holde på dei forskjellane. Men viss du snakkar med dei som voks opp på Damsgård eller noko sånt, sant, for førti år sidan, så var det viktig å holde på sin identitet, sant. Arbeidaridentitet og såne ting, som, der språket var ein del av, ein viktig del av... Men, det er jo det mykje mindre av no. (M5)

Denne informanten peiker på identifiseringsfunksjonen til språket. Eg har nemnt i kapittel 3.2.5 at språkssystemet kan fungera som eit sett av sosiale normer. Dei fleste av oss ynskjer å vera like dei andre, å vera konforme, og med det også snakka likt som dei andre i gruppa. Dei sosiale skilnadane er nok ikkje forsvunne i dag, men det er mogeleg at det er mindre viktig å markera den sosiale identiteten gjennom språket i dag, enn for 30 år sidan. Slik sett kan me tenkja oss at lågstatusformene, som ser ut til å vera ei språkleg rettesnor for dei fleste språkbrukarane i Bergenhus i dag, er den felles identiteten som dei fleste kan identifisera seg med. Det er også mogeleg at me kan snu opp-ned på det: Kanskje er det frekvensen av språktrekka som påverkar prestisten? I så tilfelle kan det vera slik at lågstatusformene, som i større grad utgjer fleirtalet i bydelen, får prestisje, rett og slett fordi det er dei formene språkbrukarane høyrer oftast?

³⁶ Slike skilnader mellom livsfasene finst kanskje i mitt materiale òg, men som nemnt i kapittel 3.2.1.4, kjem eg ikkje til å kombinera dei sosiale variablane livsfase og sosialgruppe her.

Ei anna moglegheit er at det er andre faktorar som utgjer sosial status i dag, enn tidlegare. Kanskje er det andre omstende som ligg til grunn for kva som utgjer ei eventuell sosial lagdeling i dag, slik at me burde ha lagt andre kriterium til grunn for å konstruera dei sosiale gruppene i 2010/11? Alle desse faktorane kunne ha vore interessant å sjå nærare på, og eg kommenterer det meir under kapittel 7.2.

6.6 Språk og årsklassar

Framstilling etter årsklassar gir oss moglegheit til å sjå ei kronologisk utvikling av språktrekka. Dei eldste informantane er fødte i 1908 og 1909, og dei yngste er fødte i 1995. Det gir eit årsspenn på nesten 90 år.

I kapittel 5.6 ser me tydeleg korleis fordelinga mellom dei eldre og yngre formene har utvikla seg. Dei eldre formene utgjorde 66 prosent av førekomstane i Årsklasse I. For Årsklasse IV er fordelinga snudd på hovudet, for då utgjer dei eldre formene berre 4 prosent av det samla talet på belegg.

Agnete Nesse meiner at den utviklinga me ser mot å bruka fleire yngre former, speglar samfunnsutviklinga i åra etter andre verdskrigen.

Det er ikke "in" å hedre de gamle på noen andre måter, så hvorfor akte på språket deres? Ved å vise at de snakker ungt, viser de unge at de er bra samfunnsborgere (Nesse, 1994, s. 84).

Eg trur nok også at den språklege utviklinga som me ser i årsklassane speglar samfunnsutviklinga. I kapittel 3.2.5 diskuterer eg korleis kvardagen til barn og ungdom har endra seg frå då barna var heime med ein av foreldra til dei byrja på skulen og gjekk tidleg inn i arbeidslivet, til no, når barna ofte er i barnehage frå eittårsalderen og studerer lenge før dei går inn i arbeidslivet. Barn og ungdom er med andre ord mykje meir saman med jamaldrande no, enn til dømes for 90 år sidan, og det er i større grad jamaldringane som påverkar språkopplæringa til barn og unge. Det er difor ikkje usannsynleg at det har utvikla seg ei språknorm som er meir prega av yngre former enn tidlegare. Det at alle ungdommane i Bergenhus no går på den same ungdomsskulen, forsterkar kanskje den felles gruppenorma.

I faglitteraturen ser me òg at når det dannar seg tette grupper, får desse ofte felles, strenge språknormer. Me kan tenkja oss at ungdommen, som er unge lenge i dag, markerer opposisjon mot den gruppa som på mange måtar er lengst frå dei, dei eldre, og at me difor ser at språkvala deira står i opposisjon mot den eldre livsfasen.

Det er òg sannsynleg at sidan det generelt er større mobilitet i folkesetnaden, har dei fleste også ei breiare kontaktflate, med folk frå ulike sosiale lag, og frå ulike stadar i landet. Dette kan kanskje igjen føra til at ein får fleire grupper å forholde seg til, og at ein kanskje får eit ynske om å identifisera seg med andre grupper enn tidlegare (jf. kapittel 3.4.2).

Spørsmålet me kan stilla oss er: Kvifor er det akkurat desse variantane som vinn fram? Det finst fleire påverknadskjelder, og det er både indre og ytre faktorar som kan vera årsaka til at talemålet endrar seg i ei bestemt retning. I dei følgjande kapitla skal me sjå nærare på det.

6.7 Retninga på språkutviklinga

6.7.1 Innleiing

Me har slått fast at talemålet i Bergenhus er prega av fleire nye former i dag, og at det framleis er lågstatusformene som dominerer, i endå større grad no, enn tidlegare. Til no har eg forklart desse endringane med samfunnsmessige forklaringar. Det kan også vera faktorar i språket sjølv som fører med seg slike endringar, såkalla indre faktorar. Me skal òg sjå på kva for konkrete påverknadskjelder som kan ha hatt innverknad på språkendringane som har gått føre seg, og kva for nokre grupper som leiar an i språkutviklinga.

6.7.2 Indre faktorar

Av dei 8 variablane som eg har undersøkt, ser det ut til at det berre er endringane i V01 og V02 som kan forklarast ut frå indre faktorar.

I V02 har me sett at det er fleire som uttalar <sj>-lyden som /ʃ/ i 2010/11 enn i 1978/79. Det er /sj/ som er den opphavelige uttalen av lyden, men ifylgje Larsen og Stoltz har det gått føre seg ei assimilering, og lyden har hjå nokon nærma seg ein uttale som liknar meir på /ʃj/ (Larsen & Stoltz, 1912, s. 40). Me kan sjå i materialet frå både 1978/79 og 2010/11 at mange informantar uttalar <sj>-lyden som /ʃ/. Det har altså komme inn ein ny måte å realisera <sj>-lyden på, og dette kan me kalla ei form for komplikasjon.

Me har sett at realisasjonane av <kj>- og <sj>-lyden går i retning mot /ʃ/. Andrésen skriv at dette har vore rekna som mangelfull behersking av talemålet, som eit steg i det han kallar ”learner’s language”, og språkbrukarane har korrigert seg sjølve når dei vart eldre (Andrésen, 1980, s. 95). I TUB vart det oppdaga at mange av ungdommane hadde samanfall i dei to fonema, og at ingenting kunne tyda at dei ikkje meistra talemålet. I kapittel 5.2.3 har me sett nærare på kor mange av informantane i mitt materiale som har samanfall i V01 og V02, og korleis dette fenomenet har utvikla seg sidan TUB vart gjennomført i 1978/79. Når ein informant har samanfall, brukar han éin lyd for å uttala både <kj> og <sj>, slik at me ikkje kan vera 100% sikker på kva for ein lyd han eigentleg meiner å uttala. Dette kan vera eit uttrykk for språkendringsfaktoren *naturlegheit*, som eg har omtala i kapittel 3.2.4. Skiljet mellom dei to lydane kan vera vanskeleg, og det er mange land som ikkje har noko skilje

mellom dei. Dersom det er slik at informantane går over til å bruka éin lyd i staden for to for å skilja dei to fonema, har det skjedd ei språkleg forenkling.

In practice, this means a decrease in irregularity in morphology and an increase in invariable forms, as well as the loss of categories such as gender, the loss of case marking, simplified morphophonemics (paradigmatic leveling), and a decrease in the number of phonemes (Kerswill & Trudgill, 2005, s. 198).

I vedlegg 15 kan me sjå at det berre er éin av informantane mine som har fullt samanfall mellom V01 og V02, men me ser òg at det er særst få førekomstar av varianten /ç/ hjå dei unge i 2010/11. Berre nye undersøkingar når det har gått litt tid, kan visa oss om samanfallet vil utvikla seg vidare i same retninga.

6.7.3 Mogelege påverknadskjelder

I dei føregåande kapitla har eg nemnt fleire døme på ytre faktorar som kan vera medverkande årsaker til språkendingane som har funne stad i Bergenhus. I tabell 51 har eg forsøkt å laga ei oversikt over mogelege ytre språklege påverknadskjelder.

Tabell 51: Mogelege påverknadskjelder, dei nye formene.

Variabel	Orddøme	Nn.	Bm.	Dialektane rundt Bergen	Oslo
V01	/ʃinʊ/	-	-	+	+
V02	/ʃʊɪtə/			+	+
V03	klær	-	+	-	+
V08	noe/noen	-	+	+	+

+ = samsvarar med den yngre varianten av variabelen

- = samsvarar ikkje med den yngre varianten av variabelen

tom rute = kjem an på uttalen til den som seier ordet

Når det gjeld V01 og V02, finn me det same språkdraget i Oslo. Det mykje omtala samanfallet vart oppdaga samtidig, om ikkje tidlegare, i Bergen. Eg har òg omtala at eg trur det kan vera snakk om indre faktorar som er påverknadskjelda til den endringa. Ser me på V03, finn me likskapstrekk med bokmålet og talemålet i Oslo. Me har sett at utiklinga i denne variabelen går mot fleire førekomstar av <æ>-varianten. Hjå dei eldre informantane i 2010/11, ser me tydelege kjønnskilnader. Kvinnene har 100 prosent førekomstar av den nye varianten <æ>, medan mennene berre har 21 prosent av denne varianten. Tidlegare sosiolingvistiske undersøkingar har vist oss at det ofte er kvinnene som er innovatørar, som tek i bruk nye variantar³⁷. I slike tilfelle har ein òg sett at kvinnene tek opp språkdrag frå høgstatusvarietetane, som i dette tilfellet kan vera standardskriftspråket bokmål (jf. kapittel 3.2.5). Slik er det mogeleg at me her kan sjå ein påverknad frå skriftspråket. I så tilfelle, er

³⁷ Jf. munnleg samtale med Helge Sandøy.

dette eit fenomen me ser i fleire delar av landet, jf. kapittel 3.2.5, og ei mogleg *change from above* (jf. kapittel 3.3.2.A)³⁸.

Dersom me ser nærare på V08, determinativen, kan me sjå at førekomstane av varianten <noen/noe> har auka frå 1978/79 til 2010/11. Som eg har nemnt tidlegare meiner Myking at årsaka til at denne varianten vann fram, ligg i at høgstatusvarianten <någen/någet> i rettskrivingsreforma av 1938 vart trengt ut til fordel for <noen/noe>, som vart eineform i skriftspråket. Han skriv òg at det er sannsynleg at desse formene vart oppfatta som meir nøytrale enn dei opphavelige høgstatusformene <någet/någen>. (Myking, 1983b, s. 87). Teorien om at varianten noe/noen vert oppfatta som meir nøytral, kan underbyggja funna i materialet mitt. Me har sett at V08 viser eit anna mønster i høve Akse 1, der informantane faktisk har fleire førekomstar av høgstatusvarianten. Igjen kunne det ha vore nyttig å gjennomført ei uavhengig gransking, der me fekk sett nærare på om det verkeleg er slik at <noe/noen> vert oppfatta som ei nøytral, eller sosialt umerkt form. Myking skriv òg:

Vi [...] har sett ein viss tendens til at variantar frå standard bokmål tek over plassen til dei meir tradisjonelle bergenske høgstatusvariantane, det gjeld t.d. ”nå”, ”noen” og ”nye”. Korleis dei ulike tendensane i dette materialet vil utvikla seg vidare, er berre råd å få vita gjennom nye granskningar om nokre (ti)år (Myking, 1983b, s. 111).

No har eg altså gjennomført ei ny gransking, og resultatane mine viser at den tendensen Myking såg i TUB-materialet, har utvikla seg vidare i retning fleire førekomstar av variantane frå standard bokmål. Det kan altså sjå ut til at det skriftlege standardspråket bokmål kan ha hatt påverknad på talemålet i Bergenhus.

Når det gjeld Akse 1, lågstatus- eller høgstatus, ser det ikkje ut til å vera standardskriftspråka som har særleg innverknad. Me ser i Tabell 52 at ingen av lågstatusformene samsvarar med rettskrivinga i bokmål. Dersom dette er standardspråkspåverknad, vil det altså seia at det er nynorsk standardspråk som er på offensiven. Det er lite sannsynleg, fordi det er bokmål som er opplæringsmålet i Bergenhus bydel. Tabell 52

Tabell 52: Mogleg påverknadskjelder, lågstatusformene i framgang.

Variabel	Orddøme	Nn.	Bm.	Dialektane rundt Bergen	Oslo
V04	jentar	-	-	+	-
V05	deg	+	-	+	-
V06	eg	+	-	+	-
V07	ikkje	+	-	+	-

+ = samsvarar med lågstatusvarianten av variabelen

- = samsvarar ikkje med lågstatusvarianten av variabelen

³⁸ Når det gjeld denne variabelen, kan det sjå ut til at det har skjedd ei endring fordelinga mellom variantane <æ> og <e> allereie før 1978/79, for me kan sjå at det er stor skilnad mellom eldregruppa og yngregruppa i 1978/79 (jf. kapittel 5.3.4).

Det ser heller ikkje ut til at det er austlandsk som påverkar talemålet i Bergenhus. Som eg har nemnt i kapittel 2.2.1, voks bergensdialekten fram frå den nordhordlandske målgrunnen, før det som sjølvstendig bymål utvikla seg i ei eiga retning. Det er difor naturleg at talemålet i Bergenhus har likskapstrekk med dialektane rundt. Eg ser det som sannsynleg at det er andre samfunnsmessige, ytre faktorar som er årsaken til talemålsendringane me har sett i Bergenhus. Eg meiner språksamfunnet Bergenhus er eit ope og diffust språksamfunn (j.f. kapittel 3.4.3), og som eit sosialt samansett og ueinsarta samfunn (som bysamfunna ofte er), er det òg sannsynleg at me finn meir språkleg variabilitet og individuell variasjon.

6.7.3 I kva for grupper ser me endringane?

Når me har sett på språkendringane innanfor Akse 1, høgstatusformer eller lågstatusformer, ser me at det er dei middelaldrande i 2010/11 som har flest førekomstar av lågstatusformer. Den eine panelinformanten min snakkar om at då ho var lita, var det vanleg å ha eitt språk når dei snakka med foreldra, og eitt språk når dei var ute i gata og leika.

Men ein ting som har, forskjell kan du seie, når vi voks opp, sant... Det var det at når dei kom heim, snakka pent. Altså, det var gatespråk, og så var det heimespråk. Eller innespråk. (K6)

No er det nok ikkje like vanleg å ha to språk lenger, sjølv om mange tilpassar spesielt leksikon etter kven dei snakkar med. Kanskje er det slik at det i dag er større generell aksept for å nytta lågstatusformene i fleire samanhengar, og i fleire sosiale lag i samfunnet, og at midtgruppa i 2010/11 kjenner seg friare til å nytta desse formene i fleire situasjonar no.

Mange av informantane i den gruppa gir også uttrykk for ein sterk bergensk identitet, og dei likar å høyra bergensdialekten. Som nemnt i kapittel 2.1.7, har etableringa av TV 2 som landsdekkjande fjernsynskanal, bidrege til at det er meir vanleg å høyra dialektar på fjernsynet, kanskje spesielt bergensdialekten, og mindre standardspråk. Mange av informantane mine stadfestar dette, og seier at dei synest det er meir aksept for å snakka ekte bergensk i media i dag. På spørsmålet om kva han synest om å høyra bergensk i fjernsyn og radio, svarar ein informant: "Det er litt sånn ymse. Det kjem an på kven som pratar. Nokon snakkar litt sånn "voldsomt", synest eg." (M10) Når informanten her seier "voldsomt", refererer han både til dei som bruka mange høgstatusformer, og dei som brukar mange eldre former. Dette kan passa godt med dei resultata eg har sett, der det er nettopp desse formene som det vert færre av.

Dersom me ser på Akse 2, yngre eller eldre former, er det hjå dei yngre i 2010/11 den store omlegginga skjer. Dei brukar nesten utelukkande yngre former. Det kan sjå ut til at me har med ei generasjonsendring å gjera, og det vil vera spennande å sjå korleis situasjonen er om nye 30 år.

7 AVSLUTNING

7.1 Oppsummering av arbeidet

Eg har operert med to problemstillingar i denne oppgåva. Eg ville finna ut korleis språket i Bergenhus har endra seg i løpet av dei 30 åra som har gått sidan TUB vart gjennomført, og samstundes prøva å forklara dei eventuelle endringane.

Ved å jamføra det språklege materialet som vart samla inn i TUB i 1978/79, med mitt eige innsamla materiale frå 2010/11, har eg funne ut at det har skjedd ei språkleg utjamning i Bergenhus. Det er fleire førekomstar av lågstatusformer i dag enn det var i 1978/79. Mykje tyder på at det er ytre faktorar som ligg til grunn for desse språkendingane. Det ser ut til at det kan ha skjedd ei normending, med dei følgjane at bruken av lågstatusformer har vorte ei språkleg rettesnor for fleire av språkbrukarane i Bergenhus.

Utviklinga til dei nye formene har gått i same lei, det er nemleg fleire førekomstar av nye former i dag enn i 1978/79. Den store omlegginga skjer med dei unge i 2010/11, der dei unge nesten har 100 prosent yngre former.

Bergenhus er nok eit heterogent og sosialt samansett språksamfunn. Det er difor sannsynleg at me finn stor språkleg variasjon, og me har sett at det er forholdsvis store individuelle skilnader i nokre av aldersgruppene mine. Dette kan vera noko av årsaka til at mange av resultatane mine ikkje er signifikante. Likevel har me sett at endringsmønsteret utviklar seg i same retning i alle variablane.

7.2 Vidare arbeid

Dei resultatane eg har komme fram til opnar på mange måtar for nye spørsmål og ynskje om å finna ut meir om talemålet i Bergenhus. Materialet som er samla inn, er stort, så det er framleis mykje ved språket i Bergenhus bydel som kan undersøkast nærare. Til dømes har *Dialektendringsprosessar* gjennomført haldningsgranskingar i Bergenhus, som ikkje er gjort noko med. I Danmark kan det sjå ut til at talemålet vert påverka av visse typar haldningar. Sjølv om haldningsgranskinga ikkje ser ut til å gi like tydelege mønster i Noreg, trur eg det vil vera veldig interessant å sjå nærare på kva granskinga kan fortelja oss om informantane sine umedvitne haldningar til dei to varietetane i bergensk, og forholdet til strilemål og austlandsk.

Også i mitt eige språkmateriale er det mykje som framleis ikkje er undersøkt. Den folkelingvistiske delen inneheld mykje informasjon som eg ikkje har hatt mogelegheit til å arbeida meir med. I denne undersøkinga har eg brukt kvalitative sitat derifrå for å underbyggja drøftinga mi, men det kan absolutt vera nyttig å systematisera informasjonen som kjem fram der. Ei nærare undersøking av det folkelingvistiske materialet kunne gitt meir

innsikt i informantane sine medvitne haldningar omkring språksamfunnet i og rundt Bergenhus.

Me har sett at materialet ikkje viser særlege skilnader mellom kjønna, og skilnadene er ikkje signifikante. Dersom ein hadde gjort ei større gransking der det var fleire informantar i kvar gruppe, hadde det vore mogeleg å seia meir om dei språklege kjønnskilnadene i Bergenhus.

I kapittel 6.5. nemner eg at det kan vera andre faktorar som ligg til grunn for tilhøyrslø i sosialgrupper, enn dei eg har inkludert i mi inndeling. Talebanken har vist seg å vera eit effektivt program som gjer det lett vint å søka opp ulike kombinasjonar av sosiale variablar. Det kunne vore interessant å prøva ut ulike sosiale inndelingar, for å sjå om nokre av dei gav språklege utslag. Kva har til dømes utdanning å seia for informantane sitt talemål?

Eg har delt variablane mine inn i høgstatus- og lågstatusvariantar, og lagt mykje vekt på denne inndelinga i framstillinga mi. Inndelinga mi er basert på tidlegare statusinndelingar i TUB og Nesse (1994). For å finna ut sikkert om denne inndelinga verkeleg er rett, må ein som sagt gjera ei uavhengig undersøking. I den samanhengen trur eg det vil vera givande å gjennomføra ei haldningsgransking, til dømes ein slags ”matched guise” – test, for å få fram språkbrukarane sine bevisste og underbevisste haldningar til kva for språkdrag som vert oppfatta å ha høg eller låg status, eller om det i det heile er aktuelt å snakka om to varietetar innanfor statusdimensjonen i Bergenhus lenger.

Eg har oppdaga at informantane mine framleis har inntrykket av at ”dei snakkar penare” på Kalfaret og Fjellsiden enn i resten av Bergen. Fordi eg ikkje hadde tilhøyrslø innanfor bydelen som ein sosial variabel, gir ikkje materialet mitt mogelegheit til å undersøka om dette stemmer. Her ligg det absolutt ei mogelegheit til å undersøka korleis språket varierer mellom ulike lokalitetar i bydelen, noko liknande det Agnete Nesse gjorde i 1994.

Fordi ein del av målet med granskinga mi var å undersøka det generelle talemålet i Bergenhus bydel, har eg òg undersøkt relativt mange variablar. Dette har vidare ført til at eg ikkje har hatt mogelegheit til gjera ei grundig analyse av kvar variabel. Ei slik analyse av til dømes kontekstualiteten til variablane, kan setja lys på kvifor variablane har den utviklinga dei har. Det kunne vore interessant å sjå nærare på V06, det personlege pronomenet i 1.person eint. subj.form. Ved å undersøka grundigare kva for samheng variantane <e> og <eg> eller <je> og <jei> opptre i, kan ein til dømes seia noko meir sikkert om <e> er ei mellomform eller ei nøytral form, eller om varianten kanskje bør slåast saman med varianten <eg>. Ein burde kanskje òg sett på kva for samhengar variantane i V04 kan førekomma i, og om det

framleis er slik at det er dei informantane som har mange førekomstar av høgstatusvariantane som helst uttalar <r> før <e>i utlyd (jf. kapittel .2.3.2).

Om nye 30 år vil det vera veldig interessant å intervjuja panelinformantane endå ein gong. Då får ein panelinformantar som er intervjuja i tre ulike livsfasar. Dei unge informantane mine i dag vil då vera middelaldrande og kan fungera som panelinformantar dei òg.

I denne oppgåva har eg undersøkt talemålet i Bergenhus. *Dialektendringsprosessar* har òg samla inn materialet frå bydelane Arna og Fana. I TUB såg ein tendensar til skilnad mellom sentrum og periferi, der Fana sentrum og Bergen sentrum høyrde til sentrumsområda, og Arna var periferien. Ifylgje Myking vart Arna rekna som eit nokolunde homogent bygdesamfunn.

Rett nok vart Ytre Arna svært tidleg eit industrisamfunn, men det sosiale hovudskiljet gjekk ikkje innanfor ei store laga av folket, men mellom ein liten ”kondisjonert” elite (av innflyttarar) og den store massen. (Myking, 1983b, s. 107)

Mange av de variablane TUB undersøkte, viste liten variabilitet og små skilnader mellom informantane i bydelen. Likevel vart det antyda at ein kanskje såg byrjinga på ein aukande språkleg variasjon, som følgje av urbanisering og tilflytting dei siste åra. Det vil altså verta spennande å sjå om dette er ei utvikling som har halde fram til 2010/11.

Fana bydel vart som sagt rekna som eit sentrumsområde i TUB, og den populære oppfatninga var då, som no, at det er eit sterkare innslag av innbyggjarar frå høge sosiale lag i Fana, enn mange av dei andre bydelane, og at dei snakkar ”penare” der enn i resten av Bergen. Kanskje vil me no finna ut om desse oppfatningane stemmer, om det faktisk *er* fleire førekomstar av høgstatusformene enn i dei andre bydelane.

Materialet frå Fana vert brukt i ei masteroppgåve som vert ferdigstilt hausten 2011, og forhåpentlegvis vil også materialet frå Arna verta nærare undersøkt. Det vil då vera interessant å sjå dei tre bydelane i større samanheng, slik at me kan danne oss eit meir fullstendig bilete av språkutviklinga i Bergen kommune.

LITTERATURLISTE

- Akselberg, Gunnstein (1997). Kvalitativ eller kvantitativ sosiolingvistikk? (J. B. al.), Red.) *Språket er målet. Festskrift til Egil Pettersen på 75-årsdagen 4.mars 1997*, ss. 23-34.
- Akselberg, Gunnstein (2006c). Talevariasjon i Noreg. I B. Mæhlum, G. Akselberg, U. Røyneland, & H. Sandøy, *Språkmøte. Innføring i sosiolingvistikk*. (ss. 145-166). Oslo: Cappelen akademisk forlag.
- Akselberg, Gunnstein (2006b). Talevariasjon, register og medvit. I B. Mæhlum, G. Akselberg, U. Røyneland, & H. Sandøy, *Språkmøte. Innføring i sosiolingvistikk*. (ss. 125-144). Oslo: Cappelen akademisk forlag.
- Akselberg, Gunnstein, & Mæhlum, B. (2006a). Sosiolingvistisk metode. I B. Mæhlum, G. Akselberg, U. Røyneland, & H. Sandøy, *Språkmøte. Innføring i sosiolingvistikk*. (ss. 71-86). Oslo: Cappelen akademisk forlag.
- Andrésen, Bjørn Stålhane (1980). Palato-alveolarer i Bergensmålet. En begynnende systematisk forandring? *Maal og Minne, 1-2*, ss. 88-101.
- Auer, Peter, & Hinskens, Frans (2005). The role of interpersonal accommodation in a theory of language change. I P. Auer, F. Hinskens, & P. Kerswill, *Dialect Change. Convergence and Divergence in European Languages* (ss. 335-357). Cambridge: Cambridge University Press.
- Barlindhaug, Rolf (2010). *Boligmarked og flytting i storbyene*. Henta 03.14.2011 frå Norsk institutt for by- og regionsforskning:
<http://www.nibr.no/uploads/publications/6a2c6054ab8a9b1278404d8fb5c33528.pdf>
- Chambers, J.K., & Trudgill, Peter (1980). *Dialectology*. Cambridge: Cambridge University Press.
- Dahl, Willy (2000). *Fortellingen om Bergen*. Bergen: Eide forlag.
- Finoft, Knut, & Mjaavatt, Per Egil (1980). *Språksosiologiske forhold i Trondheim bymål*. Trondheim: Tapir.
- Fossheim, Marie (2010). Språket på Midøya. En sosiolingvistisk oppfølgingsstudie av talemålene på ei øy i Romsdalen. Universitetet i Bergen. Upublisert masteroppgåve.
- Gabrielsen, Finn (1983). EG ELLER JE? Ei sosiolingvistisk gransking av yngre mål i Stavanger. Universitetet i Bergen. Hovedoppgåve i nordisk.
- Grønmo, Sigmund (1996). Forholdet mellom kvalitative og kvantitative tilnærminger i samfunnsforskningen. I H. o. Holter, *Kvalitative metoder i samfunnsforskning* (ss. 73-108). Oslo: Universitetsforlaget.
- Hannaas, Jorunn (1999). En sosiolingvistisk studie av kj- og sj-realiseringsen blant ungdommer i Bergen. Nordisk institutt. Universitetet i Bergen. Upublisert hovedfagsoppgåve.
- Haugen, Ragnhild. (1998). Variasjon og endring i sogndalsdialekten. Hovedfagsoppgåve. *Målbryting. Skrifter frå prosjektet Talemålsendring i Noreg - nr. 1*.
- Hernes, Reidunn (2006). *Talemål i endring? Ein longitunell studie av talemålsutvikling og språkleg røyndomsoppfatning hjå ungdommar i Os. Doktorgradsavhandling*. Bergen: Universitetet i Bergen.
- Hudson, Richard A. (1996). *Sociolinguistics. Second edition*. Cambridge: Cambridge University Press.
- Johannessen, Stig Helge (1983). Om "skjendisar" og "chipsreiarar". Bruken av sje-lyd og kje-lyd i bergensmålet. *Talemål i Bergen*, ss. 5-28.
- Johannessen, Stig Helge (1984). Om uttalen av trykklett e i bergensmålet. *Talemål i Bergen*, ss. 5-27.

- Jorem, Ida Elisabeth (1995). Bruken av "finbergensk" blant ungdom i bydelen Fana. En sosiolingvistisk undersøkelse. Nordisk institutt, Universitetet i Bergen. Upublisert masteroppgåve.
- Kerswill, Paul, & Trudgill, Peter (2005). The birth of new dialects. I P. Auer, F. Hinskens, & P. Kerswill, *Dialect Change. Convergence and Divergence in European Languages*. (ss. 196-220). Cambridge: Cambridge.
- Labov, William (1994). *Principles of Linguistic Change. Volume I: Internal factors*. Oxford, UK: Blackwell.
- Labov, William (1972). *Sociolinguistic Patterns*. Philadelphia: University of Pennsylvania Press.
- Larsen, Amund B., & Stoltz, Gerhard (1912). *Bergens Bymål*. Kristiania: Bymålslaget. I kommission hos H. Aschehoug & Co.
- Le Page, R. B., & Tabouret-Keller, Andrée (1985). *Acts of identity. Creole-based approaches to language and ethnicity*. London: Cambridge University Press.
- Loodtz, Ann-Kristin (2010, 07. 15.). *Bergen kommune*. (Bergen kommune) Henta 03.07.2011, frå Fakta om Bergen. Historie.:
<https://www.bergen.kommune.no/omkommunen/fakta-om-bergen/5987/article-62619>
- Meyerhoff, Miriam (2006). *Introducing Sociolinguistics*. London: Routledge Taylor & Francis Group.
- Milroy, James (1992). *Linguistic variation and change*. Oxford: Blackwell, Oxford UK & Cambridge USA.
- Milroy, Lesley, & Gordon, Matthew (2003). *Sociolinguistics. Method and interpretation*. Oxford: Blackwell Publishing.
- Myking, Johan (1983a). Adverba då og no i bergensmålet. Lingvistisk og sosiolingvistisk variasjon. *Talemål i Bergen*. , ss. 5-66.
- Myking, Johan (1983b). Fem leksikalske variablar i bergensmålet. *Talemål i Bergen* , 2, ss. 67-111.
- Myking, Johan (1988). Grammatiske kv-ord som sosiolingvistisk variabel. *Talemål i Bergen* , ss. 5-38.
- Myking, Johan (1983). *Talemål i bergen 2*. Bergen: Nordisk institutt, Universitetet i Bergen.
- Mæhlum, Brit (2006a). Normer. I B. Mæhlum, G. Akselberg, U. Røyneland, & H. Sandøy, *Språkmøte. Innføring i sosiolingvistikk*. (ss. 87-103). Oslo: Cappelen akademisk forlag.
- Mæhlum, Brit (1996). Norsk og nordisk sosiolingvistikk - en historisk oversikt. I I. C. Henriksen, *Studies in the development of linguistics in Denmark, Finland, Iceland, Norway and Sweden*. (ss. s. 175 - 224). Oslo: Novus forlag.
- Mæhlum, Brit (2006b). Språk og identitet. I B. Mæhlum, G. Akselberg, U. Røyneland, & H. Sandøy, *Språkmøte. Innføring i sosiolingvistikk*. (ss. 104-124). Oslo: Cappelen akademisk forlag.
- Målføresamlinga. (u.d.). *Talemål på nettet*. (Universitetet i Bergen, Nordisk institutt, Målføresamlinga.) Henta 04.03.2001, frå <http://dialekt.uib.no/>
- Nesse, Agnete (1994). Kollektiv og individuell variasjon i bergensdialekten. *Talemål i bergen* , 5.
- Norges Handelshøyskole (u.d.). Henta 04.09.2011, frå <http://www.nhh.no/no/om-nhh/om-nhh.aspx>
- Pettersen, Egil (1965). Vokalfonemer og vokalforlenging i bergensmålet. *Maal og Minne* , ss. 71-81.
- Rowntree, Derek (1981). *Statistics without tears. An introduction for non-mathematicians*. England: Penguin books.

- Rundhovde, Gunnvor (1976). Målføra eller dialektane i Hordalandsbygdene og i Bergen by. I G. H. (red.), *By og bygd i Norge. Hordaland og Bergen*. (ss. 394-409). Oslo: Gyldendal Norsk forlag.
- Røynealand, Unn (2005). *Dialektnivellering, ungdom og identitet : ein komparativ studie av språkleg variasjon og endring i to tilgrensande dialektområde, Røros og Tynset. Doktoravhandling*. Oslo: Det humanistiske fakultet, Universitetet i Oslo, Unipub.
- Røynealand, Unn (2006a). Språk og dialekt. I B. Mæhlum, G. Akselberg, U. Røynealand, & H. Sandøy, *Språkmøte. Innføring i sosiolingvistik*. (ss. 13-31). Oslo: Cappelen akademisk forlag.
- Røynealand, Unn (2006b). Språk og dialektkontakt. I B. Mæhlum, G. Akselberg, U. Røynealand, & H. Sandøy, *Språkmøte. Innføring i sosiolingvistik*. (ss. 44-70). Oslo: Cappelen akademisk forlag.
- Sandøy, Helge (2006b). Kontakt og spreining. I B. Mæhlum, G. Akselberg, U. Røynealand, & H. Sandøy, *Språkmøte. Innføring i sosiolingvistik* (ss. 225-247). Oslo: Cappelen akademisk forlag.
- Sandøy, Helge (1991). *Norsk dialektkunnskap*. Oslo: Novus Forlag.
- Sandøy, Helge (1995). Sociolinguistic patterns in Bergen. *International Journal of the Sociology of Language* 115 , ss. 109-124.
- Sandøy, Helge (2006a). Språkendring. I B. Mæhlum, G. Akselberg, U. Røynealand, & H. Sandøy, *Språkmøte. Innføring i sosiolingvistik*. Oslo: Cappelen akademisk forlag.
- Sandøy, Helge (1996). *Talemål*. Oslo: Novus.
- Sandøy, Helge, Akselberg, G., & Kristoffersen, G. (2010). *Dialektendringsprosessar*. Hentet Desember 15., 2010 fra FORSE - Forskergruppe i samfunn og språkendring: <http://www.uib.no/fg/forse/prosjekter/prosjektoversikt/dialektendringsprosessar>
- Skjekkeland, Martin (1997). *Dei norske dialektane*. Kristiansand: Høyskoleforlaget.
- Skjekkeland, Martin (2009). *Språk og samfunn i endring*. Oslo: Novus forlag.
- Store Norske Leksikon (07.08.2010). *Store Norske Leksikon*. Henta 03.07.2011,1 frå Bergen: <http://snl.no/Bergen>
- Thorsnæs, Geir (17.06.2009a). *Bergen. Bosetning*. Henta 03.15.2011, frå Store Norske Leksikon: <http://snl.no/Bergen/bosetning>
- Thorsnæs, Geir (27.11.2009b). *Bergen. Historie*. Henta 03.07.2011, frå Store Norske Leksikon: <http://snl.no/Bergen/historie>
- Thorsnæs, Geir (17.06.2009c). *Bergen. Næringsliv*. Henta 03.09.2011, frå Store Norske Leksikon: <http://snl.no/Bergen/n%C3%A6ringsliv>
- Trudgill, Peter (2003). *A Glossary of Sociolinguistics*. Edinburgh: Edinburgh University Press.
- Trudgill, Peter (1986). *Dialects in contact*. Oxford: Basil blackwell.
- Ulland, Harald (1984). Om formene eg, e og jei i bergensk. *Talemål i Bergen* .
- Venås, Kjell (1991). *Mål og Miljø*. Oslo: Novus.
- Villanger, Silje (2010). "Da hadde vært litt kult visst vi hadde snakka strilsk om hondra år." Ei sosiolingvistisk oppfølgingsgranskning av talemålet i Øygarden. Universitetet i Bergen. Upublisert masteroppgåve.
- Østbye, Helge. (1978). Vedlegg om yrke. TUB, upublisert materiale.

MUNNLEGE KJELDER

-
- Anderson, Ragnhild: post dok. ved Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studier. Universitetet i Bergen
- Sandøy, Helge. Professor ved Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studier. Universitetet i Bergen
- Fossheim, Marie. Vit. ass. assistent ved Universitetet i Bergen.

Vedlegg 1: Informasjonsskriv til panelinformantane

Til [namn]

Vi skriver til deg fordi du var med på et dialektopptak da du gikk på Nygård skole i 1979. Nå er vi i gang med et nytt stort prosjekt der noen av dem som var med den gang, blir bedt om å være med på nytt. Blant dem er du. Vi vil ringe deg om en uke for å høre om du kan bli med og eventuelt avtale tid og sted for en samtale. Hvis du blir med, ønsker vi å ha en samtale med deg sammen med en mann eller kvinne i Bergenhus bydel. Det ville være fint om du kunne finne en person som du kjenner godt, og som også har vokst opp i Bergen fra 6-års alderen.

Nedenfor følger litt flere opplysninger om prosjektet:

FORESPØRSEL OM DELTAKELSE I FORSKNINGSPROSJEKT

Dialektendringsprosesser ved Universitetet i Bergen studerer språkbruk og holdninger til språk på utvalgte steder på Vestlandet. Til denne granskningen ønsker vi å ha samtale med noen innbyggere i ulike aldersgrupper i Bergenhus. Samtaleemnene vil dreie seg om kino, barndomsminner, skoleminner og hjemstedet. Det blir gjort opptak under samtalen, som vil ta omtrent en time, og vi skal avtale tid og sted senere. Samtalen blir gjort med to personer samtidig.

Eneste kravet vi setter når vi velger ut folk til samtaler, er at de har vokst opp i Bergenhus etter 6-årsalderen. Noen av dere som blir spurt om å delta, har også vært med på en tidligere språkgranskning (i 1979).

Det er frivillig å være med, og man kan trekke seg uten grunngiving når som helst underveis inntil prosjektet er ferdig i 2012. Hvis du trekker deg, blir navn og andre opplysninger slettet fra arkivet vårt. Prosjektet er meldt til Personvernombudet for forskning, Norsk samfunnsvitenskapelig datatjeneste A/S.

Vi gjør bare språklige analyser, men på grunn av det offentlige regelverket blir opptakene av samtalen behandlet som konfidensielt materiale, og ingen enkeltpersoner skal kunne kjennes igjen i rapporter frå studien. Navnet på deltakeren og ev. navn på andre personer blir endret til tallkoder ved behandlingen av materialet. Materiale og kodesystem blir lagret på ulike steder. Personene som har tilgang til materialet, har taushetsplikt. Etter prosjektslutt ønsker vi å lagre intervjumaterialet på ubestemt tid i Målføresamlinga ved Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studier, Universitetet i Bergen. Om noen ønsker å bruke samme materiale i et nytt tilsvarende forskningsprosjekt om språk, blir det sendt ny melding til Personvernombudet, og det kan bli aktuelt å kontakte deg igjen.

Hvis det er noe du lurer på, kan du ringe til en av oss eller sende en e-post.

Med vennlig hilsen

Prosjektleder, professor Helge Sandøy, tlf.: 55 58 24 05, helge.sandoy@lle.uib.no
Prosjektmedarbeider, postdoktor Ragnhild Anderson, tlf.: 55 58 93 54, Ragnhild.Anderson@lle.uib.no
Masterstudent Maria-Rosa Doublet, tlf.: 45 29 57 92, Maria-Rosa.Doublet@student.uib.no
Masterstudent Marianne Valeberg Nornes, tlf.: 97 54 15 90, Marianne.Nornes@student.uib.no

Nordisk, LLE
5020 Bergen

Vedlegg 2: Informasjonsskriv til trendinformantane

FORESPØRSEL OM DELTAKELSE I FORSKNINGSPROSJEKT

Prosjektet *Dialektendringsprosesser* ved Universitetet i Bergen studerer språkbruk og holdninger til språk på utvalgte steder på Vestlandet. Til denne granskningen ønsker vi å ha samtale med noen innbyggere i ulike aldersgrupper i Bergenhus. Samtaleemnene vil dreie seg om kino, barndomsminner, skoleminner og hjemstedet. Det blir gjort opptak under samtalen, som vil ta omtrent en time, og vi skal avtale tid og sted senere. Samtalen blir gjort med to personer samtidig.

Eneste kravet vi setter når vi velger ut folk til samtaler, er at de har vokst opp i Bergenhus etter 6-årsalderen. Noen av dere som blir spurt om å delta, har også vært med på en tidligere språkgranskning (i 1978).

Det er frivillig å være med, og man kan trekke seg uten grunngiving når som helst undervegs inntil prosjektet er ferdig i 2012. Hvis du trekker deg, blir navn og andre opplysninger slettet fra arkivet vårt. Prosjektet er meldt til Personvernombudet for forskning, Norsk samfunnsvitenskaplig datatjeneste A/S.

Vi gjør bare språklige analyser, men på grunn av det offentlige regelverket blir opptakene av samtalen behandlet som konfidensielt materiale, og ingen enkeltpersoner skal kunne kjennes igjen i rapporter frå studien. Navnet på deltakeren og ev. navn på andre personer blir endret til tallkoder ved behandlingen av materialet. Materiale og kodesystem blir lagret på ulike steder. Personene som har tilgang til materialet, har taushetsplikt. Etter prosjektslutt ønsker vi å lagre intervjumaterialet på ubestemt tid i Målføresamlinga ved Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studier, Universitetet i Bergen. Om noen ønsker å bruke samme materiale i et nytt tilsvarende forskningsprosjekt om språk, blir det sendt ny melding til Personvernombudet, og det kan bli aktuelt å kontakte deg igjen.

Dersom du er villig til å være med på intervjuet, er det fint om du skriver under på samtykkeslippen nedenfor og tar med dette arket til samtalen.

Hvis det er noe du lurer på, kan du ringe meg på 55 58 24 05, eller sende en e-post til helge.sandoy@lle.uib.no.

Med vennlig hilsen

Helge Sandøy
Nordisk, LLE
Boks 7805
5020 Bergen

Til prosjektet Dialektendringsprosesser

Samtykkeerklæring:

Jeg har fått informasjon om prosjektet, sier meg villig til å være med i samtale høsten 2010, og godtar at denne samtalen blir brukt i forskningssammenhenger som er nevnt i skrevet ovenfor, og oppbevart i Målføresamlinga ved Universitetet i Bergen. Jeg godtar også at samtaleopptaket med meg gjort i den tidligere granskningen, blir brukt i dette nye forskningsprosjektet.

Dato: ___/___-2010

Underskrift

Vedlegg 3: Dialektbakgrunn, elever

Dialektbakgrunn, Rothaugen

Nr. _____

A Du

1. Fødselsår: _____

2. Kjønn: _____

3. Hvor bor du nå? (Skriv navnet på f.eks. bydelen/bygden.) _____

4. Hvor lenge har du bodd i Bergen sentrum? _____

5. Hvilken studieretning har du planer om å ta på videregående skole?

6. Har du planer for hvilket yrke du kan tenke deg i framtiden? I så fall hvilket?

7. Kan du tenke deg å bo i Bergen sentrum som voksen? Dersom du ikke kan det: Hvor vil du heller bo?

B Dialekten din

8. Hvilken dialekt eller hvilke dialekter snakker du? (Dersom du har en blandingsdialekt, skriver du hvilke dialekter du blander.)

9. Dersom du bruker ulike dialekter i ulike situasjoner: I hvilke situasjoner bruker du hver av dem?

10. Hvilken pronomenform bruker du muntlig når du snakker om deg selv, som for eksempel i denne setningen:

_____ ser på TV.

Klasse: _____

Samtalegaid for Bergenhus

A. Fri samtale

I. De unge

Interesser

Kjenner dere hverandre godt? Bor dere langt fra hverandre?

Hvordan er det elles her i Bergen sentrum, kjenner de fleste hverandre?

Hva liker dere å gjøre på fritiden?

- Personlige aktiviteter (pc-spill, tv-program): eks. X-faktor, idol.
- Hvilke tilbud er det for unge her?
- Hvilke tilbud savner dere?
- Hvilke tilbud er mest populære? (størst oppslutning, jf. musikk, kor, korps, idrett)
- Hva gjør dere i helgene?
- Hva med kino, shopping osv? Hvor finnes det/ hvor gjør dere det?

Har dere vært på kino i det siste?

Fortell om en favorittfilm/ -bok. Husker dere noen/flere bøker dere har vært borti? (*den/han*)

Hva gjorde dere i sommerferien? (*vore/vært*)

Hva pleier du å gjøre om vinteren (i feriene)? (*stå på ski*)

Fortell om et spesielt ferieminne (enten positivt eller negativt.. eller begge)

Beskriv en perfekt dag, der du får bestemme alt du vil, fra morgen til kveld.

Har du noen gang vært i livsfare? Fortell om en gang dere har vært i fare på en eller annen måte.

Skole og fremtid

Hvordan er det å gå på skole i Bergen sentrum? Hvordan er samholdet mellom elevene i de ulike klassetrinnene?

Husker dere fyrste skoledag? Fortell om den.

Har dere vært på skoleturer?

Har dere noe favorittfag?

Hva gjorde dere/vil dere gjøre i arbeidsuken?

Hva skal dere gjøre under OD-dagene? Vet dere hva pengene går til?

Hva er planene deres for tiden etter ungdomsskolen?

- Vgs? Hvor? Hvorfor?

Hva tenker dere å gjøre etter eventuell utdanning?

- Begynne å jobbe?
- Hvor vil dere bosette dere?
- Vil dere tilbake til Bergen sentrum? Hvorfor?

Lokalmiljø

- Tenk dere at en familie vurderer å flytte til Bergen sentrum. Hvilke positive og negative sider har dere å fortelle om stedet? (Begynn med de positive)

- Hva synes du har endret seg her i Bergen sentrum siden du var liten? Hva tror du har endret seg her om 20 år?
- Hva gjør dere på store dager som 17. mai?

II. De eldre

Hvordan kjenner dere hverandre?

Hvordan vil dere beskrive samholdet mellom innbyggerne her i Bergen sentrum?

- Noen nye innflyttere? Hva med dem?
- Er det mye/lite innflytting? Hvorfor?

Fortid

Fortell om hvordan det var å vokse opp her i Bergen sentrum.

Fortell om et barndomsminne. For eksempel fyrste skoledag.

Hvordan var det å gå på skole her?

Hvilket fag hadde dere/ hva gjorde dere på i timene?

Hva gjorde dere når dere ikke gikk på skolen?

Har dere noen gang vært på reise?

Hvordan feiret dere høytider som jul?

Hva jobber dere med? Har jobbet med? Hva jobbet foreldrene deres med?

Hva husker dere fra krigen?

Har du noen gang vært i livsfare? Fortell om en gang dere har vært i fare på en eller annen måte. Brann?

Hva var det beste med gamle dager/slik det var før? Hva synes dere er bra med slik det er i dag?

Nåtid

Hva jobber dere med?

Hva gjør dere i fritiden?

Hva liker dere å gjøre på i fritiden?

- Personlige aktiviteter (sport, tv-program).
- Er dere med i en forening/et lag?
- Hvilke tilbud er det for unge/eldre her?
- Hvilke tilbud savner dere?
- Hvilke tilbud er mest populære? (størst oppslutning, jf. musikk, kor, korps, idrett)
- Hva gjør dere i helgene?
- Hva med kino, shopping osv? Hvor finnes det/ hvor gjør dere det?

Fortell om en favorittfilm/-bok.

Hva gjorde dere i sommer?

Hva bruker dere å gjøre om vinteren?

Fortell om et ferieminne.

Hvordan feirer dere store dager som 17. mai?

Hva slags forhold har dere til/ hvor avhengig er dere av Bergen?

Lokalmiljø

- Hva tenker dere om miljø-/luftproblematikken i Danmarks plass og i sentrum?
- Hva synes dere om kollektivtilbudet i Bergen,?
- Synes dere det burde vært færre biler i byen? Kunne det kanskje vært mer parkeringforbud i sentrum?
- Hva syns dere om at det bygges en miljøgate i sentrum?

Framtiden

Hvordan ser de for dere at det er her i Bergen sentrum om 20-30 år?

Til midtgruppen og de yngste: Ser dere for dere at dere blir boende her resten av livet?
Hvorfor?

B. Språkoppfatninger

Perseptuelt kart

Tegnes inn på kartet:

1. (Paroppgave:) Dere skal nå få diskutere dere frem til hvor det går ulike dialektgrenser i Hordaland. Dere kan bruke denne pennen til å ringe rundt eller sette strek.
2. Hvilke andre dialekter i regionen syns du dialekten i Bergen sentrum ligner mest på? Hva er typisk for dialekten i Bergen sentrum? Og nabodialektene?

Lokal dialekt og dialektendring

3. Hva kaller du din egen dialekt?
4. Syns du dialekten i Bergen sentrum endrer seg, eller snakker gamle og unge likt? Hvordan? Hva slags språk endrer den seg til?
5. Hvorfor endrer/ender ikke dialekten i Bergen sentrum seg, tror du? Dersom de mener den endrer seg (hvis ikke, gå til spørsmål 9):
6. Hvem endrer dialekten sin? (Barn, unge, gamle? Alle?)
7. Hva syns du om endringene i dialekten i Bergen sentrum? Gjør det noe?

Holdninger til egen og andres dialekt

8. Hva syns du om dialekten i Bergen sentrum? Bergensk? Østlandsk? Trøndersk? Stavangersk? Hvorfor syns du det?
9. Syns du at noen dialekter er finere enn andre? Hvilke?
10. Hva tror du bergenserne synes om dialekten i Bergen sentrum?
11. Hvordan liker du å høre dialekten i Bergen sentrum på radio og på TV?
12. Synes du at folk fra Bergen sentrum i slike tilfeller bør endre språkbruken sin?

Skriftspråk

13. Hvilket skriftspråk bruker du mest i private sammenhenger? Hvorfor?

Dialekt og atferd

14. Hvis du fikk snakke en annen dialekt enn den du snakker nå, hvilken ville du valgt?
15. Snakker du annerledes når du er Bergen? Eller andre steder? I andre sammenhenger? Hvorfor?
16. Kommenterer du dialekten til andre noen gang? Hvem? Har du noen gang gjort narr av noen sin dialekt?
17. Får du noen gang kommentarer på dialekten din? Av hvem? Har noen gjort narr av dialekten din noen gang?

Kontakt med Bergen

1. Hvor ofte har du vært i byen de to siste ukene? Pleier du ofte å reise til byen?
2. Har du mange (nære) venner i byen?
3. Har du ofte besøk av folk fra byen?

C. Tegninger/lek

1. *Hvilket bestikk er dette? (skje/skjei)*
2. *Hva syns du om disse trærne jeg har tegnet? (fine de – fin de)*
3. *Hva skal han til å gjøre? Hva tror du han gjør når han er ute av sengen? (stå opp, gå ut, kle på)*
4. *Hva gjør han? (VG)*
5. *Hva gjør han? (TV, NRK)*
6. *Hva er det i huset? ("Der er noen inni huset")/"Det er noen inni huset")*
7. *Hva har skjedd med mannen? (mistet/mast)*
8. *Tenk deg at du møter en gjeng med turgåere. Du ønsker å finne ut hvor de kommer fra og hvor de er på vei. Hva sier du til de? (dere – dokker)*

Vedlegg 5: Samtalegaid (ekstra til elevane)

Gaid til tilleggsintervju på Rothaugen

Hva har skjedd på skolen siden sist jeg var her?
Skal dere ha/ har dere hatt tentamen?

JUL

- Hvordan feirer dere jul?
- Hva synes dere om at det kommer julebrus og nissesjokolader i butikkene i november?
- Har dere kjøpt noen julegaver?
- Hvilke?
- Til hvem?
- Tror du de blir glade?
- Hva hadde de sagt hvis de ikke fikk gave av deg?
- Hva ønsker du deg til jul?

VIDEO

Alejandro – Lady Gaga (30 sek) fra 02:00 min til 02:30

<http://www.youtube.com/watch?v=niqrrmev4mA>

- Har du sett videoen før? Hvor?
- Hva synes du om videoen?
- Hvem synger sangen?
- Hvorfor liker du sangen? Er det en dansesang? Hører du den på fest?

Thriller – Michael Jackson (30 sek) fra 09:30 min til 10:00

<http://www.youtube.com/watch?v=sOnqjkJTMaA>

- Vet du hvem Michael Jackson er?
- Har du hørt sangen før? Hvor?
- Kunne du gått med de klærne?
- Er det en vanlig musikkvideo?
- Hva synes du om dansen?
- Kjenner dere noe som kan danse sånn?

Love the way you lie – Rihanna & Eminem (30 sek) fra 00:00 til 00:40

http://www.youtube.com/watch?v=uelHwf8o7_U

- Har du sett videoen før, hørt sangen?
- Liker du Eminem? Hvem er Eminem?
- Liker du Rihanna? Hvem er Rihanna?
- Hva handler sangen om?
- Hva mener de med brenningen?

KLÆR


- Hvilken video liker du best, og hvorfor?
 - Ranger videoene i en rekkefølge. Fra den du liker best og nedover.
 - Hva synes dere om klærne i videoen?
 - Kunne du kledd deg slik som de gjør i musikkvideoen?
 - Blir du påvirket av hvordan de kler seg i musikkvideoen?
 - Er det klespress på skolen?
 - Finnes det noen som har spesielle klesstil på skolen?
 - Jeg har hørt at noen unge går kledd som emoer, hva er det?
-

Ekstra LEK – En liten konkurranse

1. Legg tegningene ut på bordet igjen (ved lang samtale, kun del 2 i lek)
Elevene ser på tegningene i ca 10. Sek
Elevene skal fortelle hvilken rekkefølge tegningene ligger i.
2. Legg ut tegningene på bordet.
Elevene ser på tegningene i ca 15. Sek
Elevene skal beskrive hva de så på tegningene, husker de alle tegningene?

Poengter at elevene gjerne kan rette på hverandre.

Vedlegg 6: Kart frå folkelingvistisk del




Vedlegg 7: Bileta frå bilettesten


1.




2.




3.




4.



5.



6.



7.



Vedlegg 8: Samtykkeskjema for ungdomsskuleelevar

Rothaugen skole

Til foresatte for _____

I samarbeid med prosjektet *Dialektendringsprosesser* sender vi ut informasjonsskrivet nedenfor med en forespørsel.

Vennlig hilsen

Hillevi Runshaug

FORESPØRSEL OM DELTAKELSE I FORSKNINGSPROSJEKT

Prosjektet *Dialektendringsprosesser* ved Universitetet i Bergen studerer språkbruk og holdninger til språk på utvalgte steder på Vestlandet. Formålet med studien er å forstå generelle endringsmønster i språk og samfunn. Til denne granskinga ønsker vi bl.a. å ha samtale med 4 elever på Kannik ungdomsskole. Samtaleemna vil dreie seg om kino, skolehverdagen, framtidsoensker og hjemstedet. Det blir gjort opptak under samtalen, som vil ta omtrent en time, og det skjer på skolen. Samtalen skjer med to elever sammen.

Det eneste kravet vi setter når vi velger ut elever, er at de har vokst opp i Stavanger by (sentrum) etter 6-årsalderen. For informanter under 18 år må en foresatt godkjenne at eleven kan være informant. Derfor ber vi her en av de foresatte om tillatelse til slik samtale på Kannik ungdomsskole en gang høsten 2010. Det er frivillig å være med, og man kan trekke seg uten grunngeving når som helst underveis inntil prosjektet er ferdig i 2012. Viss noen trekker seg, blir navn og andre opplysninger slettet fra arkivet vårt. Prosjektet er meldt til Personvernombudet for forskning, Norsk samfunnsvitenskaplig datatjeneste A/S.

Vi gjør bare språklige analyser, men på grunn av det offentlige regelverket blir opptaka av samtale behandlet som konfidensielt materiale, og ingen enkeltpersoner skal kunne kjennes igjen i rapporter fra studien. Navnet på deltakaren og ev. navn på andre personer blir endret til tallkoder ved behandlinga av materialet. Materiale og kodesystem blir lagret på ulike steder. Personene som har tilgang til materialet, har taushetsplikt. Etter prosjektslutt ønsker vi å lagre intervjumaterialet i Målføresamlinga ved Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studier, Universitetet i Bergen. Om noen ønsker å bruke samme materiale i et nytt tilsvarende forskningsprosjekt om språk, blir det sendt ny melding til Personvernombudet.

Det ville glede oss om du/dere gir tillatelse til denne samtalen, og vi ber deg (en av dere) skrive under på samtykkeslippen nedenfor og la eleven ta den med tilbake til skolen snarest mulig.

Hvis det er noe du lurer på, kan du ringe meg på 55 58 24 05, eller sende en e-post til helge.sandoy@lle.uib.no.

Med vennlig hilsen

Helge Sandøy
Nordisk, LLE
Boks 7805, 5020 Bergen

Til prosjektet Dialektendringsprosesser

Samtykkeerklæring:

Jeg har fått informasjon om prosjektet og tillater at _____ stiller til samtale i september/oktober 2010. Jeg godtar at denne samtalen blir brukt til forskningsformålet som er nevnt i skrivet ovenfor, og at materialet blir oppbevart i Målføresamlinga ved Universitetet i Bergen.

Dato: ___/___-2010

Underskrift

Vedlegg 9: Samtykkeskjema for voksne informantar

Til prosjektet Dialektendringsprosesser

Samtykkeerklæring:

Jeg har fått informasjon om prosjektet, sier meg villig til å være med i samtale høsten 2010, og godtar at denne samtalen bli brukt i forskningssammenhenger som er nevnt i skrevet ovenfor, og oppbevart i Målføresamlinga ved Universitetet i Bergen.

Dato: ___/___-2010

Underskrift

Vedlegg 10: Spørjeskjema om personopplysningar

1. Navn: _____

2. Fødselsår: _____

3. Kjønn: _____

4. Utdanning:

Er for tiden ungdomsskoleelev

Kryss av fremfor typen skole du har gjennomført:

folkeskole

ungdomsskole

yrkesfaglig skole

videregående skole

høyere utdanning.

5. Yrke: _____ (Ikke aktuelt for skoleelever.)

